# ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2026-2029
# STRANDA KOMMUNE

# Innhald


TILRÅDINGA I SAKA ..... 4

OBLIGATORISKE OPPSTILLINGSPLANAR ..... 6

1. INNLEIING ..... 13

2. KOMMUNEOPPLEGGET I STATSBUDSJETTET OG FØRINGAR FRÅ REGJERINGA ..... 15

3. INVESTERINGSDELEN AV ØKONOMIPLANEN ..... 20

4. BUDSJETTRAMMEFØRESETNADER OG TILTAK FOR DRIFTSDELEN ..... 23

4.2 Sum netto finansutgifter i planperioden ..... 24

4.3 Løyving (nettoramme) i årsbudsjett 2026 per budsjettområde ..... 26

4.4 Tiltak ..... 27

5. KOMMUNALOMRÅDE- ADMINISTRATIV OG POLITISK LEIING INKL. FELLESUTGIFTER ..... 28

6. KOMMUNALOMRÅDE OPPVEKST/KULTUR ..... 31

BARN, FAMILIE OG MEISTRING ..... 32

PPT ..... 33

RINGSTAD SKULE og SFO ..... 36

SUNNYLVEN SKULE ..... 40

GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE ..... 42

STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING ..... 44

RINGSTAD OG HELSTAD BARNEHAGE ..... 47

RINGSTAD BARNEHAGE ..... 47

HELSTAD BARNEHAGE ..... 49

SUNNYLVEN BARNEHAGE ..... 51

KULTUR/IDRETT ..... 53

7. KOMMUNALOMRÅDE HELSE, PLEIE OG OMSORG ..... 55

STRANDA DISTRIKT ..... 58

SUNNYLVEN OG GEIRANGER DISTRIKT ..... 64

SUNNYLVEN ..... 64

GEIRANGER ..... 66

HABILITERING/ REHABILITERING ..... 67

HELSETENESTA ..... 70

8. KOMMUNALOMRÅDE NÆRING OG TEKNISK .... 74
PLAN, MILJØ, NÆRING .... 75
KOMMUNALTEKNIKK – SJØLVKOST .... 78
KOMMUNALTEKNIKK EKS SJØLVKOST .... 80
VAKTMEISTERTENESTE .... 83

# TILRÅDINGA I SAKA

1. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, heriblant for investeringsbudsjett 2026, slik det går fram av oppstillinga løyvingsoversikt etter § 5-5, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument frå rådmannen.

   Løyvingane til dei einskilde investeringsprosjekta vert fastsett slik som går fram av løyvingsoversikt Investeringar i varige driftsmiddel og løyvingsoversikt Tilskot til andre sine investeringar, begge etter § 5-5, 2. ledd.

   Kommunestyret vedtek ei låneramme på kr 149 740 000 til finansiering av investeringsprosjekt i 2026, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.

   Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å ta opp likviditetslån eller opprette trekkrett innafor ei ramme på 30 mill. kroner.

   Kommunestyret vedtek låneopptak for inntil 10 mill. kroner til Startlån i 2026.

2. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, mellom anna for driftsbudsjett 2026, slik som går fram av oppstillinga løyvingsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument frå rådmannen.

   Løyvingane i form av nettoramme til dei einskilde budsjettområda, vert fastsett slik som går fram av oversikten etter § 5-4, 2. ledd.

3. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomskatt etter § 3 a) i Lov om eigedomsskatt til kommunane. Kommunestyret vedtek utskriving i 2026 med 4 o/oo på bustadeigedomar og hytter/fritidseigedomar og 6 o/oo på alle objekt som fell inn under § 3 d) i lova, samt på bygning og grunn i tidlegare verk og bruk, jf. andre ledd i overgangsregel til §§ 3 og 4 i lova.

   Kommunestyret vedtek at eigedomskattegrunnlaget for objekta der det er kommunalt fastsett takst, vert kontorjustert med +2 % - jf. § 8 A-4 i lova.

   Forfall vert sett til 15. mars, 15. juni, 15. september og 15. desember.

4. Skatt på inntekt og formue for forskotspliktige skattytarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

5. Kommunestyret fastsett nye satsar for gebyr, eigenbetalingssatsar og eigedomskatteavgifter i 2026, slik endringane har blitt vedtekne i eigne saker i haust. Kommunestyret vedtek generell auke i prisane for 2026 med 3,5 % for tenester som ikkje er spesifikt omhandla i desse sakene.

6. Godtgjersla til ordføraren vert sett til 9,0 G.

7. Kommunestyret vedtek årleg eigaruttak frå Stranda Hamnevesen KF i økonomiplanperioden 2026-2029 etter same prinsipp som tidlegare år. Kommunestyret legg derfor til grunn eit årleg uttak av midlar frå overskotet på 8 mill. kroner med 1 mill. kroner i nedtrapping i heile økonomiplanperioden, og at dette vert innstilt frå styret i hamnevesenet i rekneskapssaka for sist tilbakelagte år. Kommunestyret legg derfor også til grunn at Stranda Hamnevesen KF finansierer overføringa av midlar til kommunekassa med bruk av disposisjonsfond, og at dette går fram av økonomiplan og årsbudsjett til hamnevesenet. Kommunestyret finn ikkje rom for å føre tilbake noko av eigaruttaket som vart gjort i 2025.

8. Driftstilskot til Storfjorden kyrkjelege fellesråd blir sett til kr 4.610.000. Generelt Investeringstilskot kr 400.000. Investeringstilskot gravstadar kr 3.000.000

9. Budsjett til kontroll og revisjon (jf. forslag frå Stranda kontrollutval) blir sett til kr 1 818 500 fordelt slik:

- Kontrollutvalet – møtegodtgjersle og kompetanse kr 186 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 460 000
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1 172 500

# OBLIGATORISKE OPPSTILLINGSPLANAR

**Kommunedirektøren sitt forslag:**

Investeringsdelen:

| | | | Økonomiplan 2026 - 2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Løyvingsoversikt investering etter § 5-5, 1. ledd | Rekneskap 2024 | Reg. budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
| 1 Investeringer i varige driftsmidler | 49 399 432 | 124 535 208 | 204 800 000 | 333 200 000 | 97 200 000 | 100 700 000 |
| 2 Tilskudd til andres investeringer | 400 000 | 1 400 000 | 3 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 |
| 3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 1 675 989 | 1 200 000 | 1 375 000 | 1 375 000 | 1 375 000 | 1 375 000 |
| 4 Utlån av egne midler | - | - | | | | |
| 5 Avdrag på lån | - | - | | | | |
| **6 Sum investeringsutgifter** | **51 475 421** | **127 135 208** | **209 575 000** | **334 975 000** | **98 975 000** | **102 475 000** |
| 7 Kompensasjon for merverdiavgift | 5 778 500 | 9 142 208 | 28 460 000 | 51 840 000 | 8 640 000 | 13 740 000 |
| 8 Tilskudd fra andre | 8 573 479 | 3 500 000 | 30 000 000 | 91 000 000 | - | - |
| 9 Salg av varige driftsmidler | - | 4 280 000 | 2 375 000 | 2 375 000 | 2 375 000 | 2 375 000 |
| 10 Salg av finansielle anleggsmidler | - | - | | | | |
| 11 Utdeling fra selskaper | - | - | | | | |
| 12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler | - | - | | | | |
| 13 Bruk av lån | 35 447 453 | 108 643 000 | 149 740 000 | 190 760 000 | 88 960 000 | 87 360 000 |
| **14 Sum investeringsinntekter** | **49 799 432** | **125 565 208** | **210 575 000** | **335 975 000** | **99 975 000** | **103 475 000** |
| 15 Videreutlån | 6 651 692 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 |
| 16 Bruk av lån til videreutlån | 6 651 692 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 |
| 17 Avdrag på lån til videreutlån | 2 579 828 | 2 900 000 | 2 900 000 | 2 900 000 | 2 900 000 | 2 900 000 |
| 18 Mottatte avdrag på videreutlån | 1 373 319 | 1 900 000 | 1 900 000 | 1 900 000 | 1 900 000 | 1 900 000 |
| **19 Netto utgifter videreutlån** | **1 206 509** | **1 000 000** | **1 000 000** | **1 000 000** | **1 000 000** | **1 000 000** |
| 20 Overføring fra drift | - 500 000 | - 2 382 498 | - | - | - | - |
| 21 Avsetninger til bundne investeringsfond | - | - | - | - | - | - |
| 22 Bruk av bundne investeringsfond | - | - 2 570 000 | - | - | - | - |
| 23 Avsetninger til ubundet investeringsfond | - | - | - | - | - | - |
| 24 Bruk av ubundet investeringsfond | - | - | - | - | - | - |
| 25 Dekning av tidligere års udekket beløp | - | 2 382 498 | - | - | - | - |
| 26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger | - 500 000 | - 2 570 000 | - | - | - | - |
| 27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp) | 2 382 498 | - | - | - | - | - |

| Prosjekt | Løyvingssoversikt investering etter § 5-5, 2. ledd post 1, 1. ledd | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|
| **ALLE** | **SUM løyving til investeringar i varige driftsmiddel:** | **204 800 000** | **333 200 000** | **97 200 000** | **100 700 000** |
| 1200 | IKT utstyr/data | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| 2017 | Brannsikring skule/barnehage | 200 000 | | | |
| 2018 | Ny barneskule Stranda | 200 000 | 1 000 000 | 5 000 000 | 20 000 000 |
| xxxx | Skule/barnehage Geiranger | | | 200 000 | |
| 3027 | Sunnylven distrikt ventilasjonsanlegg | 1 000 000 | | | |
| 4026 | Storhall Stranda | 200 000 | | | |
| 5101 | Geovekst flyfoto | - | 200 000 | - | 200 000 |
| 5206 | Sjukeheim Stranda | 100 000 000 | 219 000 000 | | |
| 6001 | Fjernvarmeanlegg | 200 000 | | | |
| 6003 | Gatelys | 10 000 000 | 1 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| 6020 | Grunnkjøp | 10 000 000 | 5 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| 6130 | Veginvestering | 3 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| xxxx | Bruer, landkar Helstadbrua 1. år | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 500 000 |
| xxxx | Investering bygg (romkontroll, inngangsport) | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| xxxx | Reguleringsplanarbeid naust + Stranda sentrum. Mkpla 271025 | 2 000 000 | 2 000 000 | | |
| xxxx | Stranda brannstasjon | - | 500 000 | 2 000 000 | 25 000 000 |
| 6164 | Bru Fursetøyane | 1 000 000 | 8 000 000 | | |
| 6207 | Byggefelt Stranda | 3 000 000 | 12 500 000 | 10 000 000 | 5 000 000 |
| xxxx | Maskiner og utstyr (Hjullaster) | 2 500 000 | | | |
| xxxx | Kjøp av brukt tankbil brann Stranda | 2 000 000 | | | |
| 6300 | VA Maskiner og utstyr (P6300-P6319) | 1 500 000 | 2 000 000 | | |
| 6320 | Stranda VA (P6320-P6349) | 10 000 000 | 40 000 000 | 45 000 000 | 30 000 000 |
| 6350 | Hellesylt VA (P6350-P6369) | 30 000 000 | 10 000 000 | | |
| 6370 | Geiranger VA (P6370-P6389) | 10 000 000 | 17 000 000 | | |
| xxxx | Liabygda VA | 1 000 000 | | 7 000 000 | |
| 6720 | Trafikktrygging (P6720-P6739) | 4 000 000 | 2 000 000 | 3 000 000 | 1 000 000 |
| 7500 | Bustader livslaup mv. | 7 000 000 | 5 000 000 | - | - |
| 7501 | Ombygging eksisterande bygg pleie/omsorg | 2 000 000 | 2 000 000 | 15 000 000 | 10 000 000 |

| Løyvingsoversikt investering etter § 5-5, 2. ledd post 2, 1. ledd | | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Kyrkjeleg fellesråd | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 |
| 2 | Gravplassar kyrkjeleg fellesråd | 3 000 000 | - | - | - |
| | Sum løyving til tilskot til andre sine investeringar | 3 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 |

| Løyvingsoversikt investering etter § 5-5, 2. ledd post 3, 1. ledd | | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Egenkapitalinnskot i KLP | 1 375 000 | 1 375 000 | 1 375 000 | 1 375 000 |
| | Sum løyving til investering i aksjar og andelar | 1 375 000 | 1 375 000 | 1 375 000 | 1 375 000 |

| Løyvingsoversikt investering etter § 5-5, 2. ledd post 4, 1. ledd | | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Løyving til utlån av eigne midlar | - | - | - | - |
| | Sum løyving til utlån av eigne midlar | - | - | - | - |

Driftsdelen:

| ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART - DRIFT ETTER § 5-6 | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| post | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 1 | Rammetilskot | -172 601 202 | -203 854 498 | -209 756 000 | -208 853 000 | -209 860 000 | -210 856 000 |
| 2 | Inntekts- og formuesskatt | -164 712 794 | -167 042 000 | -178 228 000 | -178 228 000 | -178 228 000 | -178 228 000 |
| 3 | Eigedomsskatt | -17 815 430 | -18 317 000 | -18 717 000 | -19 091 000 | -19 472 800 | -19 862 200 |
| 4 | Andre skatteinntekter | -297 551 | -407 828 | -407 828 | -407 828 | -407 828 | -407 828 |
| 5 | Andre overføringar og tilskot fra staten | -32 168 770 | -24 241 000 | -33 446 257 | -34 250 257 | -34 290 748 | -32 421 057 |
| 6 | Overføringer og tilskot fra andre | -88 833 156 | -48 443 782 | -43 249 615 | -42 249 615 | -41 249 615 | -40 249 615 |
| 7 | Brukerbetalingar | -19 142 487 | -17 386 883 | -18 321 952 | -18 321 952 | -18 321 952 | -18 321 952 |
| 8 | Sals- og leigeinntekter | -54 345 029 | -58 771 410 | -63 959 750 | -63 959 750 | -63 959 750 | -63 959 750 |
| 9 | SUM DRIFTSINNTEKTER | -549 916 418 | -538 464 401 | -566 086 402 | -565 361 402 | -565 790 693 | -564 306 402 |
| 10 | Lønnsutgifter | 277 851 747 | 287 400 446 | 298 065 670 | 298 065 670 | 298 065 670 | 298 065 670 |
| 11 | Sosiale utgifter | 62 730 110 | 62 088 620 | 81 493 972 | 81 493 972 | 81 493 972 | 81 493 972 |
| 12 | Kjøp av varer og tenester | 125 851 700 | 118 584 233 | 122 436 468 | 122 436 468 | 122 436 468 | 122 436 468 |
| 13 | Overføringer og tilskot til andre | 25 156 021 | 12 076 073 | 11 052 389 | 11 052 389 | 11 052 389 | 11 052 389 |
| 14 | Avskrivningar | 30 508 313 | 30 500 000 | 30 900 000 | 30 900 000 | 30 900 000 | 30 900 000 |
| 15 | SUM DRIFTSUTGIFTER | 522 097 891 | 510 649 372 | 543 948 499 | 543 948 499 | 543 948 499 | 543 948 499 |
| 16 | BRUTTO DRIFTSRESULTAT | -27 818 527 | -27 815 029 | -22 137 903 | -21 412 903 | -21 842 194 | -20 357 903 |
| 17 | Renteinntekter | -4 197 868 | -4 671 617 | -5 462 000 | -5 462 000 | -5 462 000 | -5 462 000 |
| 18 | Utbytte | -4 273 722 | -5 460 000 | -4 860 000 | -6 085 000 | -6 655 709 | -7 640 000 |
| 19 | Gevinst/tap på finansielle omlaupsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 20 | Renteutgifter | 35 919 989 | 36 358 500 | 35 121 154 | 35 121 154 | 35 121 154 | 35 121 154 |
| 21 | Avdrag på lån | 30 246 486 | 30 500 000 | 27 300 000 | 27 800 000 | 28 800 000 | 28 300 000 |
| 22 | NETTO FINANSUTGIFTER | 57 694 885 | 56 726 883 | 52 099 154 | 51 374 154 | 51 803 445 | 50 319 154 |
| 23 | Motpost avskrivningar | -30 508 313 | -30 500 000 | -30 900 000 | -30 900 000 | -30 900 000 | -30 900 000 |
| 24 | NETTO DRIFTSRESULTAT | -631 956 | -1 588 146 | -938 749 | -938 749 | -938 749 | -938 749 |
| | Disponering eller dekking av netto driftsresultat | | | | | | |
| 25 | Overføring til investering | 500 000 | 2 382 498 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 26 | Avsetning til bundne driftsfond | 6 940 693 | 1 652 511 | 2 049 789 | 2 049 789 | 2 049 789 | 2 049 789 |
| 27 | Bruk av bundne driftsfond | -7 046 934 | -1 819 463 | -1 111 040 | -1 111 040 | -1 111 040 | -1 111 040 |
| 28 | Avsetning til disposisjonsfond | 238 197 | 72 600 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 29 | Bruk av disposisjonsfond | 0 | -700 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 30 | Dekning av tidlegare års meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 31 | SUM DISPONERINGAR ELLER DEKKING AV NETTO DRIFTSRESULTAT | 631 956 | 1 588 146 | 938 749 | 938 749 | 938 749 | 938 749 |
| 32 | FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| LØYVINGSOVERSIKT DRIFT ETTER § 5-4, 1. LEDD | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| post | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 1 | Rammetilskot | -172 601 202 | -203 854 498 | -209 756 000 | -208 853 000 | -209 860 000 | -210 856 000 |
| 2 | Inntekts- og formuesskatt | -164 712 794 | -167 042 000 | -178 228 000 | -178 228 000 | -178 228 000 | -178 228 000 |
| 3 | Eigedomsskatt | -17 815 430 | -18 317 000 | -18 717 000 | -19 091 000 | -19 472 800 | -19 862 200 |
| 4 | Andre generelle driftsinntekter | -32 466 321 | -24 648 828 | -33 854 085 | -34 658 085 | -34 698 576 | -32 828 885 |
| 5 | SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER | -387 595 747 | -413 862 326 | -440 555 085 | -440 830 085 | -442 259 376 | -441 775 085 |
| 6 | Sum løyvingar drift, netto | 329 268 907 | 355 547 297 | 387 517 182 | 388 517 182 | 389 517 182 | 390 517 182 |
| 7 | Avskrivingar | 30 508 313 | 30 500 000 | 30 900 000 | 30 900 000 | 30 900 000 | 30 900 000 |
| 8 | SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER | 359 777 220 | 386 047 297 | 418 417 182 | 419 417 182 | 420 417 182 | 421 417 182 |
| 9 | BRUTTO DRIFTSRESULTAT | -27 818 527 | -27 815 029 | -22 137 903 | -21 412 903 | -21 842 194 | -20 357 903 |
| 10 | Renteinntekter | -4 197 868 | -4 671 617 | -5 462 000 | -5 462 000 | -5 462 000 | -5 462 000 |
| 11 | Utbytte | -4 273 722 | -5 460 000 | -4 860 000 | -6 085 000 | -6 655 709 | -7 640 000 |
| 12 | Gevinst/tap på finansielle omlaupsmiddel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 13 | Renteutgifter | 35 919 989 | 36 358 500 | 35 121 154 | 35 121 154 | 35 121 154 | 35 121 154 |
| 14 | Avdrag på lån | 30 246 486 | 30 500 000 | 27 300 000 | 27 800 000 | 28 800 000 | 28 300 000 |
| 15 | NETTO FINANSUTGIFTER | 57 694 885 | 56 726 883 | 52 099 154 | 51 374 154 | 51 803 445 | 50 319 154 |
| 16 | Motpost avskrivingar | -30 508 313 | -30 500 000 | -30 900 000 | -30 900 000 | -30 900 000 | -30 900 000 |
| 17 | NETTO DRIFTSRESULTAT | -631 956 | -1 588 146 | -938 749 | -938 749 | -938 749 | -938 749 |
| Disponering eller dekking av netto driftsresultat | | | | | | | |
| 18 | Overføring til investering | 500 000 | 2 382 498 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 19 | Avsetjing til bundne driftsfond | 6 940 693 | 1 652 511 | 2 049 789 | 2 049 789 | 2 049 789 | 2 049 789 |
| 20 | Bruk av bundne driftsfond | -7 046 934 | -1 819 463 | -1 111 040 | -1 111 040 | -1 111 040 | -1 111 040 |
| 21 | Avsetjing til disposisjonsfond | 238 197 | 72 600 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 22 | Bruk av disposisjonsfond | 0 | -700 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 23 | Dekking av tidlegare års meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 24 | SUM DISPONERING ELLER DEKKING AV NETTO | 631 956 | 1 588 146 | 938 749 | 938 749 | 938 749 | 938 749 |
| 25 | FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| LØYVINGSOVERSIKT DRIFT ETTER § 5-4, 2. LEDD | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Post 6 - oppstilling etter første ledd** | | **2024** | **2025** | **Budsjett 2026** | **2027** | **2028** | **2029** |
| **Ansvar** | **Sektor** | **329 268 906** | **355 547 297** | **387 517 182** | **388 517 182** | **389 517 182** | **390 517 182** |
| 1010-1040 | Adm./Politisk leiing inkl. fellesutgifter | 58 516 302 | 55 993 817 | 71 777 293 | 71 777 293 | 71 777 293 | 71 777 293 |
| 2000-2200, 4010-4012 | Oppvekst / Kultur | 89 722 219 | 101 350 818 | 135 811 147 | 135 811 147 | 135 811 147 | 135 811 147 |
| 3010-3070 | Helse, Pleie og Omsorg | 172 843 042 | 193 718 909 | 174 454 956 | 174 454 956 | 174 454 956 | 174 454 956 |
| 5010-7030 | Næring og Teknisk | 20 048 518 | 15 033 753 | 13 473 786 | 13 473 786 | 13 473 786 | 13 473 786 |
| 8010-9010 | Sum anna | - 11 861 175 | - 10 550 000 | -8 000 000 | - 7 000 000 | - 6 000 000 | - 5 000 000 |

| LØYVINGSOVERSIKT DRIFT ETTER § 5-4, 2. LEDD | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Post 6 - oppstilling etter første ledd** | | **2024** | **2025** | **Budsjett 2026** | **2027** | **2028** | **2029** |
| **Ansvar** | **Budsjettområde** | **329 268 906** | **355 547 297** | **387 517 182** | **388 517 182** | **389 517 182** | **390 517 182** |
| 1010 | POLITISK LEIING | 5 529 063 | 6 298 728 | 6 594 176 | 6 594 176 | 6 594 176 | 6 594 176 |
| 1011 | RÅDMANNSKONTOR | 11 803 861 | 2 560 922 | 13 469 222 | 13 469 222 | 13 469 222 | 13 469 222 |
| 1020 | ØKONOMIAVDELING | 3 904 852 | 3 976 761 | 4 178 744 | 4 178 744 | 4 178 744 | 4 178 744 |
| 1021 | PERSONALAVDELING | 2 793 282 | 3 928 904 | 4 031 478 | 4 031 478 | 4 031 478 | 4 031 478 |
| 1022 | FAG | 20 250 370 | 24 356 297 | 20 663 686 | 20 663 686 | 20 663 686 | 20 663 686 |
| 1023 | IKT | 11 253 142 | 11 252 474 | 11 587 705 | 11 587 705 | 11 587 705 | 11 587 705 |
| 1030 | SERVICEKONTOR | 2 981 732 | 3 619 731 | 4 252 282 | 4 252 282 | 4 252 282 | 4 252 282 |
| 1040 | POTT LØNNSOPPGJØR | - | - | 7 000 000 | 7 000 000 | 7 000 000 | 7 000 000 |
| 2000 | BARN, FAMILIE OG MEISTRING | - | - | 34 506 615 | 34 506 615 | 34 506 615 | 34 506 615 |
| 2001 | BARNEVERN FJORD KOMMUNE | - | - | - 100 152 | - 100 152 | - 100 152 | - 100 152 |
| 2002 | FRIVILLEGSENTRALEN | - | - | 624 769 | 624 769 | 624 769 | 624 769 |
| 2010 | RINGSTAD SKULE | 32 347 712 | 34 984 245 | 35 357 197 | 35 357 197 | 35 357 197 | 35 357 197 |
| 2020 | SUNNYLVEN SKULE | 8 820 200 | 9 925 699 | 9 845 387 | 9 845 387 | 9 845 387 | 9 845 387 |
| 2030 | GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE | 7 306 515 | 8 357 575 | 8 676 962 | 8 676 962 | 8 676 962 | 8 676 962 |
| 2050 | HELSTAD BARNEHAGE | 4 435 233 | 5 444 454 | - | - | - | - |
| 2060 | STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING | 17 205 775 | 20 339 788 | 20 255 957 | 20 255 957 | 20 255 957 | 20 255 957 |
| 2100 | RINGSTAD OG HELSTAD BARNEHAGE | - | - | 16 225 180 | 16 225 180 | 16 225 180 | 16 225 180 |
| 2110 | RINGSTAD BARNEHAGE | 8 868 273 | 9 934 819 | - | - | - | - |
| 2120 | SUNNYLVEN BARNEHAGE | 4 260 660 | 4 739 013 | 4 665 630 | 4 665 630 | 4 665 630 | 4 665 630 |
| 2200 | PP-KONTORET | 2 358 212 | 2 447 328 | - | - | - | - |
| 4010 | KULTURSKULEN | 2 611 058 | 2 812 938 | 3 097 314 | 3 097 314 | 3 097 314 | 3 097 314 |
| 4011 | BIBLIOTEKET | 1 360 105 | 1 594 470 | 1 722 524 | 1 722 524 | 1 722 524 | 1 722 524 |
| 4012 | KULTUR/IDRETT | 148 476 | 770 489 | 933 764 | 933 764 | 933 764 | 933 764 |
| 3010 | STRANDA DISTRIKT - HEIMETENESTENE | 16 357 817 | 15 614 166 | 31 490 360 | 31 490 360 | 31 490 360 | 31 490 360 |
| 3011 | STRANDA DISTRIKT - SJUKEHEIMEN | 36 190 771 | 42 876 619 | 45 056 626 | 45 056 626 | 45 056 626 | 45 056 626 |
| 3012 | STRANDA DISTRIKT - SOLBAKKEN | 9 925 187 | 11 190 071 | - | - | - | - |
| 3014 | STRANDA DISTRIKT - LIABYGDA | 3 198 241 | 3 581 018 | - | - | - | - |
| 3015 | STRANDA DISTRIKT - HTF | 3 646 902 | 5 010 835 | 4 682 386 | 4 682 386 | 4 682 386 | 4 682 386 |
| 3016 | STRANDA DISTRIKT - KJØKKENET | 2 007 295 | 2 384 688 | 2 454 296 | 2 454 296 | 2 454 296 | 2 454 296 |
| 3017 | STRANDA DISTRIKT - DAGSENTERET | 1 464 015 | 1 680 147 | 1 722 455 | 1 722 455 | 1 722 455 | 1 722 455 |
| 3020 | SUNNYLVEN DISTRIKT | 19 701 842 | 20 681 056 | 20 601 469 | 20 601 469 | 20 601 469 | 20 601 469 |
| 3030 | GEIRANGER DISTRIKT | 5 998 228 | 6 471 920 | 7 154 568 | 7 154 568 | 7 154 568 | 7 154 568 |
| 3040 | MØREGATA / BUKOLLEKTIV | 31 198 293 | 33 919 513 | 36 100 769 | 36 100 769 | 36 100 769 | 36 100 769 |
| 3042 | PSYKIATRISK DAGSENTER | - | 77 209 | 76 499 | 76 499 | 76 499 | 76 499 |
| 3043 | AVLASTINGSBUSTAD | 42 792 | 136 409 | 136 272 | 136 272 | 136 272 | 136 272 |
| 3050 | HELSETENESTA | 22 531 941 | 25 389 714 | 20 815 738 | 20 815 738 | 20 815 738 | 20 815 738 |
| 3060 | SOSIALTENESTA | 9 758 096 | 12 530 902 | - | - | - | - |
| 3061 | BARNEVERN FJORD KOMMUNE | - 58 343 | - 205 916 | - | - | - | - |
| 3064 | FLYKTNINGAR | 6 622 140 | 7 667 093 | - | - | - | - |
| 3065 | FRIVILLEGSENTRALEN | 515 238 | 569 377 | - | - | - | - |
| 3070 | NAV | 3 742 587 | 4 144 088 | 4 163 518 | 4 163 518 | 4 163 518 | 4 163 518 |
| 5010 | PLAN, MILJØ, NÆRING | 4 614 403 | 4 515 556 | 4 572 607 | 4 572 607 | 4 572 607 | 4 572 607 |
| 6010 | Kommunalteknikk - sjølvkostområda | - 11 891 302 | - 14 251 085 | - 19 097 396 | - 19 097 396 | - 19 097 396 | - 19 097 396 |
| 6100 | Kommunalteknikk - veg, park og brann | 17 130 757 | 15 762 723 | 17 471 434 | 17 471 434 | 17 471 434 | 17 471 434 |
| 7010 | VAKTMESTERTENESTE | 10 219 668 | 9 006 559 | 10 527 141 | 10 527 141 | 10 527 141 | 10 527 141 |
| 7030 | Hus til utleige | - 25 008 | - | - | - | - | - |
| 8010 | SKATTAR, RAMMETILSKOT | 30 156 | - | - | - | - | - |
| 9010 | RENTER, AVDRAG OG DRIFTSRESULTAT | - 11 891 331 | - 10 550 000 | - 8 000 000 | - 7 000 000 | - 6 000 000 | - 5 000 000 |

Oversikt netto drift pr. sektor og ansvar (ikkje obligatorisk oppstilling):

| OVERSIKT NETTO DRIFT PR 'ANSVAR' | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ikkje obligatorisk | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| **Ansvar** | **Budsjettområde** | - | - | - | - | - | - |
| 1010 | POLITISK LEIING | 5 529 063 | 6 298 728 | 6 594 176 | 6 594 176 | 6 594 176 | 6 594 176 |
| 1011 | RÅDMANNSKONTOR | 11 379 498 | 2 560 922 | 13 469 222 | 13 469 222 | 13 469 222 | 13 469 222 |
| 1020 | ØKONOMIAVDELING | 3 904 802 | 3 975 761 | 4 177 744 | 4 177 744 | 4 177 744 | 4 177 744 |
| 1021 | PERSONALAVDELING | 3 571 282 | 3 928 904 | 4 031 478 | 4 031 478 | 4 031 478 | 4 031 478 |
| 1022 | FAG | 22 097 736 | 24 237 979 | 20 545 368 | 20 545 368 | 20 545 368 | 20 545 368 |
| 1023 | IKT | 11 253 142 | 11 252 474 | 11 587 705 | 11 587 705 | 11 587 705 | 11 587 705 |
| 1030 | SERVICEKONTOR | 2 981 732 | 3 619 731 | 4 252 282 | 4 252 282 | 4 252 282 | 4 252 282 |
| 1040 | LØNNSPOTT | - | - | 7 000 000 | 7 000 000 | 7 000 000 | 7 000 000 |
| 2000 | BARN, FAMILIE OG MEISTRING | - | - | 34 301 615 | 34 301 615 | 34 301 615 | 34 301 615 |
| 2001 | BARNEVERN FJORD KOMMUNE | - | - | - 100 152 | - 100 152 | - 100 152 | - 100 152 |
| 2002 | FRIVILLEGSENTRALEN | - | - | 624 769 | 624 769 | 624 769 | 624 769 |
| 2010 | RINGSTAD SKULE | 32 327 455 | 34 964 245 | 35 357 197 | 35 357 197 | 35 357 197 | 35 357 197 |
| 2020 | SUNNYLVEN SKULE | 8 819 786 | 9 925 699 | 9 845 387 | 9 845 387 | 9 845 387 | 9 845 387 |
| 2030 | GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE | 7 306 525 | 8 357 575 | 8 676 962 | 8 676 962 | 8 676 962 | 8 676 962 |
| 2050 | HELSTAD BARNEHAGE | 4 435 233 | 5 444 454 | - | - | - | - |
| 2060 | STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPP | 17 111 088 | 20 339 788 | 20 255 957 | 20 255 957 | 20 255 957 | 20 255 957 |
| 2100 | RINGSTAD OG HELSTAD BARNEHAGE | - | - | 16 225 180 | 16 225 180 | 16 225 180 | 16 225 180 |
| 2110 | RINGSTAD BARNEHAGE | 8 875 333 | 9 934 819 | - | - | - | - |
| 2120 | SUNNYLVEN BARNEHAGE | 4 260 660 | 4 739 013 | 4 665 630 | 4 665 630 | 4 665 630 | 4 665 630 |
| 2200 | PP-KONTORET | 2 358 212 | 2 447 328 | - | - | - | - |
| 4010 | KULTURSKULEN | 2 603 662 | 2 802 660 | 3 187 036 | 3 187 036 | 3 187 036 | 3 187 036 |
| 4011 | BIBLIOTEKET | 1 355 105 | 1 594 470 | 1 722 524 | 1 722 524 | 1 722 524 | 1 722 524 |
| 4012 | KULTUR/IDRETT | 148 446 | 770 489 | 933 764 | 933 764 | 933 764 | 933 764 |
| 3010 | STRANDA DISTRIKT - HEIMETENESTENE | 16 355 085 | 15 614 166 | 31 490 360 | 31 490 360 | 31 490 360 | 31 490 360 |
| 3011 | STRANDA DISTRIKT - SJUKEHEIMEN | 36 128 876 | 42 876 619 | 45 056 626 | 45 056 626 | 45 056 626 | 45 056 626 |
| 3012 | STRANDA DISTRIKT - SOLBAKKEN | 9 891 071 | 11 190 071 | - | - | - | - |
| 3014 | STRANDA DISTRIKT - LIABYGDA | 3 198 241 | 3 581 018 | - | - | - | - |
| 3015 | STRANDA DISTRIKT - HTF | 3 636 902 | 5 010 835 | 4 682 386 | 4 682 386 | 4 682 386 | 4 682 386 |
| 3016 | STRANDA DISTRIKT - KJØKKENET | 2 007 295 | 2 384 688 | 2 454 296 | 2 454 296 | 2 454 296 | 2 454 296 |
| 3017 | STRANDA DISTRIKT - DAGSENTERET | 1 464 015 | 1 680 147 | 1 722 455 | 1 722 455 | 1 722 455 | 1 722 455 |
| 3020 | SUNNYLVEN DISTRIKT | 19 703 073 | 20 681 056 | 20 601 469 | 20 601 469 | 20 601 469 | 20 601 469 |
| 3030 | GEIRANGER DISTRIKT | 5 991 526 | 6 471 920 | 7 154 568 | 7 154 568 | 7 154 568 | 7 154 568 |
| 3040 | MØREGATA / BUKOLLEKTIV | 30 920 617 | 33 919 513 | 36 100 769 | 36 100 769 | 36 100 769 | 36 100 769 |
| 3042 | PSYKIATRISK DAGSENTER | - | 77 209 | 76 499 | 76 499 | 76 499 | 76 499 |
| 3043 | AVLASTINGSBUSTAD | 42 792 | 136 409 | 136 272 | 136 272 | 136 272 | 136 272 |
| 3050 | HELSETENESTA | 22 090 116 | 25 389 714 | 20 815 738 | 20 815 738 | 20 815 738 | 20 815 738 |
| 3060 | SOSIALTENESTA | 9 655 502 | 12 680 902 | - | - | - | - |
| 3061 | BARNEVERN FJORD KOMMUNE | - 58 343 | - 205 916 | - | - | - | - |
| 3064 | FLYKTNINGAR | 6 566 333 | 7 667 093 | - | - | - | - |
| 3065 | FRIVILLEGSENTRALEN | 478 549 | 569 377 | - | - | - | - |
| 3070 | NAV | 3 742 587 | 4 144 088 | 4 163 518 | 4 163 518 | 4 163 518 | 4 163 518 |
| 5010 | PLAN, MILJØ, NÆRING | 4 579 783 | 4 819 384 | 4 845 713 | 4 845 713 | 4 845 713 | 4 845 713 |
| 6010 | Kommunalteknikk - sjølvkostområda | - 12 057 644 | - 14 723 269 | - 18 198 157 | - 18 198 157 | - 18 198 157 | - 18 198 157 |
| 6100 | Kommunalteknikk - veg, park og brann | 17 130 883 | 15 762 723 | 17 471 434 | 17 471 434 | 17 471 434 | 17 471 434 |
| 7010 | VAKTMESTERTENESTE | 10 219 668 | 9 006 559 | 10 527 141 | 10 527 141 | 10 527 141 | 10 527 141 |
| 7030 | Hus til utleige | - 25 008 | - | - | - | - | - |
| 8010 | SKATTAR, RAMMETILSKOT | - 387 065 591 | - 413 862 326 | - 440 555 085 | - 440 830 085 | - 442 259 376 | - 441 775 085 |
| 9010 | RENTER, AVDRAG OG DRIFTSRESULTAT | 45 084 914 | 47 932 981 | 44 100 154 | 44 375 154 | 45 804 445 | 45 320 154 |

| OVERSIKT NETTO DRIFT PÅ 'SEKTOR' | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 1010-1040 | Adm./Politisk leiing inkl. fellesutgifter | 60 717 255 | 55 874 499 | 71 657 975 | 71 657 975 | 71 657 975 | 71 657 975 |
| 2000-2200, 4010-4012 | Oppvekst / Kultur | 89 601 505 | 101 320 540 | 135 695 869 | 135 695 869 | 135 695 869 | 135 695 869 |
| 3010-3070 | Helse, Pleie og Omsorg | 171 814 237 | 193 868 909 | 174 454 956 | 174 454 956 | 174 454 956 | 174 454 956 |
| 5010-7030 | Næring og Teknisk | 19 847 682 | 14 865 397 | 14 646 131 | 14 646 131 | 14 646 131 | 14 646 131 |

| Adm./Politisk leiing inkl. fellesutgifter | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 1010 | KOMMUNELEIING | 5 529 063 | 6 298 728 | 6 594 176 | 6 594 176 | 6 594 176 | 6 594 176 |
| 1011 | RÅDMANNSKONTOR | 11 379 498 | 2 560 922 | 13 469 222 | 13 469 222 | 13 469 222 | 13 469 222 |
| 1020 | ØKONOMIAVDELING | 3 904 802 | 3 975 761 | 4 177 744 | 4 177 744 | 4 177 744 | 4 177 744 |
| 1021 | PERSONALAVDELING | 3 571 282 | 3 928 904 | 4 031 478 | 4 031 478 | 4 031 478 | 4 031 478 |
| 1022 | FAG | 22 097 736 | 24 237 979 | 20 545 368 | 20 545 368 | 20 545 368 | 20 545 368 |
| 1023 | IKT | 11 253 142 | 11 252 474 | 11 587 705 | 11 587 705 | 11 587 705 | 11 587 705 |
| 1030 | SERVICEKONTOR | 2 981 732 | 3 619 731 | 4 252 282 | 4 252 282 | 4 252 282 | 4 252 282 |
| 1040 | Pott lønnsoppgjør | - | - | 7 000 000 | 7 000 000 | 7 000 000 | 7 000 000 |
| **1010-1040** | **Adm./Politisk leiing inkl. fellesutgifter** | **60 717 255** | **55 874 499** | **71 657 975** | **71 657 975** | **71 657 975** | **71 657 975** |

| Oppvekst / Kultur | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 2000 | BARN, FAMILIE OG MEISTRING | 0 | 0 | 34 301 615 | 34 301 615 | 34 301 615 | 34 301 615 |
| 2001 | BARNEVERN FJORD KOMMUNE | 0 | 0 | -100 152 | -100 152 | -100 152 | -100 152 |
| 2002 | FRIVILLEGSENTRALEN | 0 | 0 | 624 769 | 624 769 | 624 769 | 624 769 |
| 2010 | RINGSTAD SKULE | 32 327 455 | 34 964 245 | 35 357 197 | 35 357 197 | 35 357 197 | 35 357 197 |
| 2020 | SUNNYLVEN SKULE | 8 819 786 | 9 925 699 | 9 845 387 | 9 845 387 | 9 845 387 | 9 845 387 |
| 2030 | GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE | 7 306 525 | 8 357 575 | 8 676 962 | 8 676 962 | 8 676 962 | 8 676 962 |
| 2050 | HELSTAD BARNEHAGE | 4 435 233 | 5 444 454 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2060 | STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENO | 17 111 088 | 20 339 788 | 20 255 957 | 20 255 957 | 20 255 957 | 20 255 957 |
| 2100 | RINGSTAD OG HELSTAD BARNEHAGE | 0 | 0 | 16 225 180 | 16 225 180 | 16 225 180 | 16 225 180 |
| 2110 | RINGSTAD BARNEHAGE | 8 875 333 | 9 934 819 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2120 | SUNNYLVEN BARNEHAGE | 4 260 660 | 4 739 013 | 4 665 630 | 4 665 630 | 4 665 630 | 4 665 630 |
| 2200 | PP-KONTORET | 2 358 212 | 2 447 328 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 4010 | KULTURSKULEN | 2 603 662 | 2 802 660 | 3 187 036 | 3 187 036 | 3 187 036 | 3 187 036 |
| 4011 | BIBLIOTEKET | 1 355 105 | 1 594 470 | 1 722 524 | 1 722 524 | 1 722 524 | 1 722 524 |
| 4012 | KULTUR/IDRETT | 148 446 | 770 489 | 933 764 | 933 764 | 933 764 | 933 764 |
| **2000-2200, 4010-4012** | **Oppvekst / Kultur** | **89 601 505** | **101 320 540** | **135 695 869** | **135 695 869** | **135 695 869** | **135 695 869** |

| Helse, Pleie og Omsorg | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 3010 | STRANDA DISTRIKT - HEIMETENESTENE | 16 355 085 | 15 614 166 | 31 490 360 | 31 490 360 | 31 490 360 | 31 490 360 |
| 3011 | STRANDA DISTRIKT - SJUKEHEIMEN | 36 128 876 | 42 876 619 | 45 056 626 | 45 056 626 | 45 056 626 | 45 056 626 |
| 3012 | STRANDA DISTRIKT - SOLBAKKEN | 9 891 071 | 11 190 071 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3014 | STRANDA DISTRIKT - LIABYGDA | 3 198 241 | 3 581 018 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3015 | HTF | 3 636 902 | 5 010 835 | 4 682 386 | 4 682 386 | 4 682 386 | 4 682 386 |
| 3016 | STRANDA DISTRIKT - KJØKKENET | 2 007 295 | 2 384 688 | 2 454 296 | 2 454 296 | 2 454 296 | 2 454 296 |
| 3017 | STRANDA DISTRIKT - DAGSENTERET | 1 464 015 | 1 680 147 | 1 722 455 | 1 722 455 | 1 722 455 | 1 722 455 |
| 3020 | SUNNYLVEN DISTRIKT | 19 703 073 | 20 681 056 | 20 601 469 | 20 601 469 | 20 601 469 | 20 601 469 |
| 3030 | GEIRANGER DISTRIKT | 5 991 526 | 6 471 920 | 7 154 568 | 7 154 568 | 7 154 568 | 7 154 568 |
| 3040 | HAB - REHAB | 30 920 617 | 33 919 513 | 36 100 769 | 36 100 769 | 36 100 769 | 36 100 769 |
| 3042 | PSYKIATRISK DAGSENTER | 0 | 77 209 | 76 499 | 76 499 | 76 499 | 76 499 |
| 3043 | AVLASTNINGSBUSTAD | 42 792 | 136 409 | 136 272 | 136 272 | 136 272 | 136 272 |
| 3050 | HELSETENESTA | 22 090 116 | 25 389 714 | 20 815 738 | 20 815 738 | 20 815 738 | 20 815 738 |
| 3060 | SOSIALTENESTA | 9 655 502 | 12 680 902 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3061 | Barnevern Fjord kommune | -58 343 | -205 916 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3064 | FLYKTNINGAR | 6 566 333 | 7 667 093 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3065 | FRIVILLEGSENTRALEN | 478 549 | 569 377 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3070 | NAV | 3 742 587 | 4 144 088 | 4 163 518 | 4 163 518 | 4 163 518 | 4 163 518 |
| **3010-3070** | **Helse, Pleie og Omsorg** | **171 814 237** | **193 868 909** | **174 454 956** | **174 454 956** | **174 454 956** | **174 454 956** |

| Næring og Teknisk | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 5010 | PLAN, MILJØ, NÆRING | 4 579 783 | 4 819 384 | 4 845 713 | 4 845 713 | 4 845 713 | 4 845 713 |
| 6010 | Kommunalteknikk - sjølvkostområda | -12 057 644 | -14 723 269 | - 18 198 157 | - 18 198 157 | - 18 198 157 | - 18 198 157 |
| 6100 | Kommunalteknikk - veg, park og brann | 17 130 883 | 15 762 723 | 17 471 434 | 17 471 434 | 17 471 434 | 17 471 434 |
| 7010 | VAKTMESTERTENESTE | 10 219 668 | 9 006 559 | 10 527 141 | 10 527 141 | 10 527 141 | 10 527 141 |
| 7030 | Hus til utleige | -25 008 | 0 | - | - | - | - |
| **5010-7030** | **Næring og Teknisk** | **19 847 682** | **14 865 397** | **14 646 131** | **14 646 131** | **14 646 131** | **14 646 131** |

| Skatt, rammetilskot renter, avdrag, driftsresultat | | Rekneskap 2024 | Reg. budsjett 2025 | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 8010 | SKATTAR, RAMMETILSKOT | - 387 065 591 | - 413 862 326 | - 440 555 085 | - 440 830 085 | - 442 259 376 | - 441 775 085 |
| 9010 | RENTER, AVDRAG OG DRIFTSRESULTAT | 45 084 914 | 47 932 981 | 44 100 154 | 44 375 154 | 45 804 445 | 45 320 154 |
| **8010-9010** | **SUM anna** | **- 341 978 653** | **- 365 927 320** | **- 396 454 931** | **- 396 452 904** | **- 396 452 903** | **- 396 452 902** |

# 1. INNLEIING

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise korleis kommunestyret prioriterer og gjev løyvingar til ulike oppgåver og tenester. Både driftsdelen og investeringsdelen i økonomiplanen (og årsbudsjettet) skal vere i balanse og realistisk budsjettert. Kommunen har sjølv ansvaret for god økonomistyring.

God økonomistyring gjev handlingsrom til å realisere ambisjonar, og er sjølve grunnmuren i effektiv ressursforvaltning. For å kunne utøve god økonomistyring må vi stille oss spørsmål som:  kor mykje vi skal produsere, kven skal vi tilby tenester til, kva skal vi tilby og kven skal betale for tenestene? . Målet med økonomistyring er å utnytte ressursane slik at kommunen sine langsiktige mål vert nådd. Økonomiplanlegging er eit verktøy for implementering av politiske prioriteringar og fordeling av økonomiske ressursar innanfor tilgjengelege økonomiske rammer. Økonomiplanen er såleis eit viktig strategi- og styringsdokument for kommunen.

Økonomiplanen skal rullerast, dvs. omfatte eit nytt «år 4» når «år 1» i gjeldande økonomiplan-periode nærmar seg slutten. Det er berre unntaksvis krav til eller naudsynt med ny handsaming av økonomiplanen i år 1. Økonomiplanen og årsbudsjettet må ikkje handsamast samstundes, dvs. det kan vere separat handsaming t.d. ved at økonomiplanen vert vedteken i siste møterunde før sommarferien og årsbudsjettet i desember. Årsbudsjettet er år 1 i økonomiplanen, og består av eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett. Årsbudsjettet er ein bindande plan for korleis ein skal nytte kommunen sine disponible midlar, og skal omfatte heile den kommunale verksemda.

Økonomiplanen – som skal gjelde for minst fire år fram i tid, kan òg tene som kommunen sin handlingsdel (handlingsprogram) til kommuneplanen.

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna og viktigaste styringsverktøy. Ein samla kommuneplan omfattar ein samfunnsdel med ein handlingsplan og ein arealdel. Handlingsdelen gir grunnlag for kommunen sine prioriteringar av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Kommuneplanen sin handlingsdel konkretiserer ulike tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer og gir føringar for årsbudsjett og økonomiplan.

I 2024 vart det utarbeida revidert samfunnsplan og i kommuneplanutval/formannskap 18.09.24 i sak 071/24 vart desse satsingsområda vedteke:

**Økonomisk berekraft:**

- Næringsliv og sysselsetting- Eit sterkare samarbeid mellom kommune og næringsliv.
- Kraftforsyning og infrastruktur: Vi må utbetre infrastrukturen i heile kommunen for å kunne utvikle næringsliv og lokalsamfunn.

- Berekraftig utvikling av Stranda kommune som reiselivsdestinasjon.

**Sosial berekraft:**

- Kommunale tenester og organisasjonsstruktur- Stranda kommune skal vere ei samskapingskommune der vi finn løysingar saman.
- Attraktivitet og etablering- Stranda skal vere ei attraktiv kommune å busette seg med stort aktivitetsnivå.
- Born og unge- Stranda kommune skal gi born og unge ein god og trygg oppvekst.
- Integrering – Sikre at innvandrarar buset seg permanent og får tilknyting til Stranda.

**Miljømessig berekraft:**

- Natur, miljø og friluftsliv: Ein betre balanse mellom miljøomsyn og utvikling av lokalsamfunn.
- Sikkerheit og beredskap: Vi må vere førebudd på å møte klimaendringar.
- Nasjonale og regionale krav vil krevje investeringar for å sikre gode leveransar av vatn, og ein skal sikre at ein reinsar avlaupet til resipientane.

Det har vore viktig for kommunedirektøren i arbeidet med økonomiplan og årsbudsjett, at ein planlegg for ei framtidig utvikling, der ein ser utover den fireårige planperioden. Kommunedirektøren legg opp til ein økonomiplan, som skal sikre vekst og utvikling, der ein legg til rette for å styrke tenestetilbodet gjennom heile livsløpet for innbyggarane i heile kommunen.

Området vatn og avlaup står overfor store nasjonale krav og forventningar til kvalitet og leveringssikkerheit, dette er også viktig med omsyn til næringane i kommunen. Det vert strengare krav til utslepp og krav til resipientane, dette vil krevje eit samordna og økonomisk løft for å sikre vidare utvikling.

Dei tilsette i Stranda kommune har dreve kommunen godt og gitt gode tenester ut frå dei ressursane ein har hatt.

Investeringane skal danne grunnlaget for økonomisk føreseieleg drift og tilbod, saman med å skape gode arbeidsplassar for dei tilsette, slik at Stranda kommune kan levere gode tenester. Det skal også skape grunnlag for busetnad i heile kommunen.

Fleire innbyggarar vert avgjerande for å sikre gode tilbod.

## 2. KOMMUNEOPPLEGGET I STATSBUDSJETTET OG FØRINGAR FRÅ REGJERINGA

Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2026 blei lagt fram 15. oktober. I kommuneopplegget la Regjeringa til grunn realvekst i *frie inntekter* for kommunane på 4,2 mrd. kroner.

Kostnadsveksten (deflatoren) er i kommuneopplegget for 2026 sett til 3,5 %, fordelt med 4,0 % som årslønsvekst og 2,8 % som prisvekst. Merk elles at på kostnadssida er deflatoren for inneverande år nedjustert til 3,5 %, frå 4,1 % lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2025. Det inneber at realverdien av den varsla inntektsveksten for 2026 vert lågare.

Følgjande tabell[1] syner i detalj på enkeltpostar anslaget for frie inntekter (rammetilskotet inkl. inntektsutjamning + ordinær skatt på inntekt og formue (inkl. naturressursskatt) til Stranda kommune i 2026 i Grønt hefte, og her samanlikna med eit anslag i statsbudsjettframlegget for nivået i år:

| Stranda | 2025 | 2026 |
|---|---|---|
| Innbyggertilskudd | 137 208 | 150 449 |
| Utgiftsutjevnende tilskudd/trekk | 33 665 | 35 282 |
| Korreksjonsordningen for elever i statlige/private skoler | 3 453 | 3 602 |
| Inntektsgarantitilskudd, netto | -528 | -186 |
| Tilskudd til saker med særskilt fordeling | 3 105 | 2 887 |
| Distriktstilskudd Sør-Norge (for kommuner < 3.200 innb. småkommunetillegg) | 7 263 | 7 562 |
| Distriktstilskudd Nord-Norge (sats per innb. + småkommunetillegg) | 0 | 0 |
| Veksttilskudd | 0 | 0 |
| Storbytilskudd | 0 | 0 |
| Skjønnstilskudd* | 400 | 1 900 |
| = Sum rammetilskudd (fast del) ved framleggelsen av statsbudsjett | 184 566 | **201 497** |
| Anslag inntektsutjevnende tilskudd/trekk fra KDD i statsbudsjettet | 9 869 | 2 702 |
| Skatteinntektsanslag fra KDD i statsbudsjettet | 165 157 | 188 979 |
| Endring rammetilskudd etter saldering inkl budsjettavtale | 9 633 | 0 |
| Endring rammetilskudd i RNB (inkl. budsjettavtale på Stortinget) | 0 | 0 |
| Endring i anslag skatt/inntektsutjevning fra KDD målt mot oppr. anslag | 4 942 | 0 |
| **= Sum frie inntekter (skatt og rammetilskudd)** | 374 167 | **393 179** |
| Oppgavekorrigering | 1 716 | 0 |
| **= Sum frie inntekter (oppgavekorrigert for 2025)** | 375 883 | **393 179** |
| *): Eventuelle tildelte skjønnsmidler fra statsforvalteren gjennom året inngår ikke i denne summen | | |
| Anslag på oppgavekorrigert vekst relativt til fjoråret | | **17 296** |
| Anslag prosentvis vekst relativt til fjoråret | | **4,6 %** |
| Anslag netto inntektsutjevning | | **2 702** |
| Anslag skatteinntekt | | **188 979** |

[1] Utarbeidd av Telemarksforskning

I tabellen over er det presentert eit anslag frå departementet på oppgåvekorrigering. Dette er korrigeringar i rammetilskotet for endringar i oppgåver og regelverk, innlemming av øyremerka tilskot mv. Dette talet blir «konstruert» for å gjere tal i 2025 meir samanliknbart med 2026. I Grønt hefte *Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar 2026* går følgjande tabell fram:

***Innlemmingar, oppgåveoverføringar og korreksjonar i rammetilskotet i 2026 (i 1 000 2026-kr):***

| Innlemmingar, oppgåveoverføringar og korreksjonar i 2026 | Kommunar | Fylkeskommunar |
|---|---|---|
| Statlege og private skular – endringar i elevtal | -97 935 | -91 114 |
| Endringar i barnevernlova (kvalitetsløftet i barnevernet) | 89 123 | 400 |
| Gevinstar ved nytt prøvegjennomføringssystem i skulen | -1 397 | |
| Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen – heilårseffekt av endringar i 2025 | 1 291 742 | |
| Nominell vidareføring av maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2026 | 100 350 | |
| System for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skule | 50 000 | |
| Særordning for private barnehagar med pensjonsavtalar basert på kommunal tenestepensjon – kompensasjon til kommunane | 10 000 | |
| Avslutning av overgangsordninga for spesialiserte fosterheimar | 151 628 | |
| Auka behov for sosialhjelp ved utfasing av stønad til einsleg mor eller far | 9 000 | |
| Auka basistilskot for fastlegar – heilårseffekt | 244 985 | |
| Finansiering av praksis for studentar ved Brann- og redningsskulen | -11 444 | |
| Innlemming av tilskot til å finansiere fullføringsrett i vidaregåande opplæring | | 320 000 |
| Lærlingtilskot – nominell vidareføring | | -153 240 |
| Lærlingtilskot – auka tilskot til verneverdige tradisjonshandverksfag | | 2 000 |
| Avvikling av tilskot til Nordøyvegen | | -86 195 |
| Krav til nullutslepp i offentlege anbod for ferjer og ferjetenester | | 80 730 |
| Avvikling av ordninga med gratis ferje | | -255 000 |
| Tilsyn med drosjesentralar | | 10 000 |
| Kompensasjon til Oslo kommune for pensjon til beredskapsheimar og spesialiserte fosterheimar | | 1 930 |
| Auka CO2-avgift – kompensasjon til fylkeskommunane | | 83 400 |
| **Sum** | **1 836 052** | **-87 089** |

- Tilskot til saker med særskilt fordeling på 2,887 mill. kroner for 2026 gjeld følgjande:
- 0,791 mill. kroner helsestasjon- og skulehelseteneste
- Sidan 2014 er det løyvd midlar til helsestasjons- og skulehelsetenesta via rammetilskotet, med ei særskilt fordeling. For 2026 er det samla beløpet til fordeling i 2025 prisjustert med kommunal deflator, og utgjer til saman 1 152,8

mill. kroner. Midlane er fordelt til kommunane basert på talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på 100 000 kroner per kommune

- 0.925 mill. kroner kompensasjon for redusert maksimal foreldrebetaling barnehage
- Frå 1. august 2024 er den maksimale foreldrebetalinga redusert til 1500 kroner per månad i kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6. Som følgje av dette vart rammetilskotet auka med 72,3 mill. kroner i 2024, som vart fordelt særskilt. Kompensasjonen er prisjustert og auka med 100,5 mill. kroner i 2025 (heilårsverknad av redusert makspris). Tildelinga er auka med ytterlegare 18,3 mill. kroner som kompensasjon for nominell vidareføring av makspris i 2025. Frå 1 august 2025 er den maksimale foreldrebetalinga redusert ytterligare ned til 700 kroner per månad. Tildelinga er auka ytterlegare med 0,84 mill.kroner som kompensasjon for nominell vidareføring av makspris i 2026. Det er korrigert for at kommunane får sin del av kompensasjonen for nominell vidareføring av maksprisen som blir fordelt gjennom barnehagenøkkelen til alle kommunar. Det samla beløpet utgjer 174,5 mill. kroner i 2026, etter denne korrigeringa. Midlane er fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage, til dei aktuelle kommunane.

2,333 mill. kroner grunnskuletilskot (for 4 kommunale grunnskular i kommunen)

- I 2022 vart det innført eit nytt tilskot på 500 000 kroner per kommunale grunnskule i kommunen. Tilskotet blir gjeve med ei særskild fordeling basert på tal for grunnskular i kommunane i skoleåret 2024/2025. Satsen er prisjustert i 2026, og er 583 234 kroner per grunnskule.

- 2,429 mill. kroner tilbakeføring av halvpart av fordelingsverknad utviklingshemming – kriterium

- I samband med nytt inntektssystem frå 2025 er kriteriet personar med utviklingshemming (PU-kriteriet) vekta ned. For somme kommunar gjev dette relativt store negative fordelingsverknader. Halvparten av fordelingsverknaden blir tilbakeført gjennom ei særskild fordeling. Ordninga er innretta slik at kommunar som får redusert tilskot som følgje av den nye vekta til PU-kriteriet, får eit tillegg tilsvarande halvparten av den isolerte effekten av nedvektinga. Kommunar som får auka tilskot som følgje av den nye vekta, får eit trekk tilsvarande halvparten av effekten

1,267 mill. kroner  vekst i frie inntekter fordelt etter inntektsnivå

- Som ein del av omlegginga av inntektssystemet er 1,55 mrd. kroner av veksten i frie inntekter i 2026 gjeve med ei særskild fordeling, slik at kommunar med låge samla skatteinntekter får ein større del av veksten. Inntektsnivået for 2026-tildelinga er berekna ut frå skatteinntekter etter inntektsutjamning i 2023 (inkludert eigedomsskatt på vass-, vind- og petroleumsanlegg i 2023, gjennomsnitt for inntekter frå havbruk og konsesjonskraft i 2022 og 2023, og produksjonsavgift på vindkraft i 2023).

Alle kommunar får minimum 30 kroner per innbyggjar. For kommunar med skatteinntekter på 130 prosent av landsgjennomsnittet eller lågare, blir tildelinga per innbyggjar høgare desto lågare skatteinntektene i 2023 var, opp til 345 kroner per innbyggjar for kommunen med det lågaste inntektsnivået. Midlane er fordelt ut frå innbyggjartal per 1. januar 2023.

4,6 % nominell vekst for Stranda er høgare enn veksten for kommunane samla.[1] Dette skuldast omlegging av inntektssystemet siste to åra. Hovudelement i det nye inntektssystemet er:

Utgiftsutjamninga:

- Oppdatert kostnadsnøkkel
- Levekårskriterium auka vekt
- Full basistilskot til alle kommunar (24,3 mill. kroner)

Skatt og inntektsutjamninga:

- Skatt på eigarinntekter ut av skattegrunnlaget for kommunane
- Halvere kommunane sin del av formuesskatt (over 2 år)
- Symmetriske utjamning aukast frå 60 i 2024 til 64% i 2026

Regionalpolitiske tilskot

- Distriktstilskot og storbytilskot blir vidareført
- Regionsentertilskot inngår ikkje lenger i inntektsordninga

[1] Nominell vekst her målt mot det som vert kalla for anslag på rekneskap for inneverande år, og ikkje inntektsnivået for i år lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett (RNB). Skatteinntektsanslaget for kommunane i år er vart i statsbudsjettframlegget nedjustert med om lag 0,7 mrd. kr frå RNB-nivået.

1,55 mrd. kroner av veksten i frie inntekter blir fordelt med meir til dei som har dei lågaste inntektene.

# 3. INVESTERINGSDELEN AV ØKONOMIPLANEN

Ein økonomiplan skal omfatte både ein driftsdel og investeringsdel. Dermed er det òg slik at år 1 i økonomiplanen, dvs. årsbudsjettet, omfattar eit driftsbudsjett og investeringsbudsjett. I dette kapitelet vert investeringsprogrammet for planperioden 2026-29 spesielt omtalt.

Under er innteke detaljert årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 i same tabell.

Eit svært viktig grep er å gjere investeringar i til dømes livsløpsbustader/leilegheiter og bustadtomter som kan gi inntekter ved sal, utleige og vonleg gjennom fleire innbyggarar. Meirinntektene er vanskeleg å vise fullt ut.

**Kommentar til investeringsplanen :**

- Fleire prosjekt er teke med frå siste års økonomiplan og vert ikkje kommentert. Det gjeld også prosjekt som er sjølvforklarande.
- IKT skal være satsing på effektivisering, det skal ikkje investerast utan at det gjev ein gevinst.
- Investeringa Stranda sjukeheim skal gje betre tilbod, livskvalitet og driftsfordelar. Dette er den største enkeltinvesteringa i perioden. Denne er justert i samsvar med kommunestyrevedtak 46/25.
- Gatelys er auka betydeleg for å gjennomføre lyssetting i Geiranger som har vore ut på anbod. Manglande lys i Geiranger har vore ein gjengangar i svært mange år.
- Grunnkjøp skal føre til utvikling og sal – tilrettelegging av tomter (industri/bustad/anna) i alle bygdelag.
- Veginvestering (tidlegare asfalt) er auka noko for å kunne utbetre djupare ned i vegkroppen på nokre svært dårlege vegparsellar. Asfaltdelen av dette bør fortsatt vere omlag 1 million kroner.
- Årleg løyving på 1 million kroner er teke med for større tiltak på bruer - første året Helstadbrua.
- Større tiltak på bygningar er teke inn med 2 million kroner årleg. Dette er omlag tal og avrunda ser ein behov ved Sunnylven omsorgssenter på 2.000.000 kr til varme/ventilasjon/styring - i dette enøk som gir innsparing framover. Større tiltak Ringstad skule er sett opp behov for 900.000 kr. Strandahallen er sett opp med behov for 1.000.000 kr. Her ligg også utskifting til LED-lys og dermed energisparing.
- Regulering er teke inn med tanke på Stranda sentrum ( i samsvar med formannskapssak 119/25) og naustområde. Investering i regulering for å t.d. kunne legge til rette for sal av nausttomter. Tabellen under viser vedteken

planstrategi for perioden 2024 – 2028.  I 2026 er det oppført reguleringsarbeid Stranda med tanke på justering av føresegner på gamle planar. Ny regulering Stranda sentrum ligg eigentleg ikkje inne – men ligg nært til det som er foreslått. Slik regulering er omfattande og tidkrevande – ein kan også møte innspel om at tiltak i perioden fram til ny plan må vente til plan er på plass. Skiltplan Stranda kan også inngå i dette punktet ( omlag 200.000 kr).

| | | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **6.0** | **Reguleringsplanar** | | | | | | |
| | Regulering Stranda, bustader Ødegård (jf. arealplan), eventuelt ta med delar av eksisterande felt, jf. notat byggeklare tomter. | | x | x | | | |
| | Regulering Stranda Helse/omsorg ( jf. sjukeheim mm ) | | x | x | x | | |
| | Reguleringsplan for Øygardsvika - Helsemvika | | | | x | | |
| | Stranda – oppdatering føresegner ( ev. plankart) | 2011 | | | x | x | |
| | Hellesylt – oppdatering føresegner ( ev. plankart) | 2015 | | | | x | x |
| | Liabygda – oppdatering føresegner ( ev. plankart) | | | | | x | x |
| | | | | | | | |
| | Det skal gjennomførast regulering for komplettering og utviding av eksisterande bustadfelt i tettstadane i Stranda kommune, der ein kan utnytte eksisterande infrastruktur som veg, vatn og avløpsnett. | | | | | | |
| | Regulering av adkomst og bru over Storelva ved Svemorka industriområde til Fursetøyane | | | x | | | |
| | Svemorka III Industri ( oppstarta – delvis ferdig) | | | | | | x |
| | Gangveg Sløgstadmarka ( under arbeid) | | x | | | | |
| | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| | | | | | | | |

- Vedteke i kommunestyresak 047/25.

- Byggefelt i Stranda skal danne grunnlag for sal av tomter og auke busetnad. Reguleringsarbeid er oppstarta.

- Maskiner og utstyr er tenkt naudsynt maskiner for drift av veg , vatn, avløp mm. Mykje av dette gjeld hjullastar som er naudsynt for drifta av desse områda. Den er godt tilpassa smale vegar, smale gater i sentrum og er ein viktig del av rask kommunal beredskap.

- Tankbil til brannvesenet på Stranda er teke inn i 2026. Den gamle er svært gamal og bør fornyast.

- Det vert stilt store krav til kommunane med reinsing av avlaup og leveranse av vatn. Det er skjerpa krav til VA området og Stranda kommune må tilpasse seg forventningar og krav om kommunen skal være attraktiv for busetnad og industri. Her er avsett midlar i alle bygdelag og dette vert dekt av gebyr innan sjølvkost. ( Investeringane er lagt inn og ligg til grunn for gebyra)

- Trafikktrygging, dvs. veg, lys og trafikksikring skal prioriterast for å skape trygge gode samfunn og redusere driftskostnad på lys og vegvedlikehald. Posten er auka for å kunne nyttast til gang- og sykkelveg Ødegård.

- Bustader/livslaup er medfinansiering i bustad og skal dekkast inn ved sal eller utleige.
- Ombygging eksisterande bygg pleie/omsorg er Solbakken og Liabygda der ein skal legge til grunn leigeinntekter. Åra 2027-2029 gjeld ombygging eksisterande sjukeheim Stranda til omsorgsbustad.

Med dette som bakgrunn legg kommunedirektøren legg opp til føljande brutto investeringar i 4-årsperioden:

| Prosjekt | Løyvingssoversikt investering etter §5-5, 2. ledd post 1, 1. ledd | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|
| **ALLE** | **SUM løyving til investeringar i varige driftsmiddel:** | **204 800 000** | **333 200 000** | **97 200 000** | **100 700 000** |
| 1200 | IKT utstyr/data | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| 2017 | Brannsikring skule/barnehage | 200 000 | | | |
| 2018 | Ny barneskule Stranda | 200 000 | 1 000 000 | 5 000 000 | 20 000 000 |
| xxxx | Skule/barnehage Geiranger | | | 200 000 | |
| 3027 | Sunnylven distrikt ventilasjonsanlegg | 1 000 000 | | | |
| 4026 | Storhall Stranda | 200 000 | | | |
| 5101 | Geovekst flyfoto | - | 200 000 | - | 200 000 |
| 5206 | Sjukeheim Stranda | 100 000 000 | 219 000 000 | | |
| 6001 | Fjernvarmeanlegg | 200 000 | | | |
| 6003 | Gatelys | 10 000 000 | 1 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| 6020 | Grunnkjøp | 10 000 000 | 5 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| 6130 | Veginvestering | 3 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| xxxx | Bruer, landkar Helstadbrua 1. år | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 500 000 |
| xxxx | Investering bygg (romkontroll, inngangsport) | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| xxxx | Reguleringsplanarbeid naust + Stranda sentrum. Mkpla 271025 | 2 000 000 | 2 000 000 | | |
| xxxx | Stranda brannstasjon | - | 500 000 | 2 000 000 | 25 000 000 |
| 6164 | Bru Fursetøyane | 1 000 000 | 8 000 000 | | |
| 6207 | Byggefelt Stranda | 3 000 000 | 12 500 000 | 10 000 000 | 5 000 000 |
| xxxx | Maskiner og utstyr (Hjullaster) | 2 500 000 | | | |
| xxxx | Kjøp av brukt tankbil brann Stranda | 2 000 000 | | | |
| 6300 | VA Maskiner og utstyr (P6300-P6319) | 1 500 000 | 2 000 000 | | |
| 6320 | Stranda VA (P6320-P6349) | 10 000 000 | 40 000 000 | 45 000 000 | 30 000 000 |
| 6350 | Hellesylt VA (P6350-P6369) | 30 000 000 | 10 000 000 | | |
| 6370 | Geiranger VA (P6370-P6389) | 10 000 000 | 17 000 000 | | |
| xxxx | Liabygda VA | 1 000 000 | | 7 000 000 | |
| 6720 | Trafikktrygging (P6720-P6739) | 4 000 000 | 2 000 000 | 3 000 000 | 1 000 000 |
| 7500 | Bustader livslaup mv. | 7 000 000 | 5 000 000 | - | - |
| 7501 | Ombygging eksisterande bygg pleie/omsorg | 2 000 000 | 2 000 000 | 15 000 000 | 10 000 000 |

# 4. BUDSJETTRAMMEFØRESETNADER OG TILTAK FOR DRIFTSDELEN

## 4.1 Sum generelle driftsinntekter i planperioden

| LØYVINGSOVERSIKT DRIFT ETTER § 5-4, 1. LEDD | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| post | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 1 | Rammetilskot | -172 601 202 | -203 854 498 | -209 756 000 | -208 853 000 | -209 860 000 | -210 856 000 |
| 2 | Inntekts- og formuesskatt | -164 712 794 | -167 042 000 | -178 228 000 | -178 228 000 | -178 228 000 | -178 228 000 |
| 3 | Eigedomsskatt | -17 815 430 | -18 317 000 | -18 717 000 | -19 091 000 | -19 472 800 | -19 862 200 |
| 4 | Andre generelle driftsinntekter | -32 466 321 | -24 648 828 | -33 854 085 | -34 658 085 | -34 698 576 | -32 828 885 |
| **5** | **SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER** | **-387 595 747** | **-413 862 326** | **-440 555 085** | **-440 830 085** | **-442 259 376** | **-441 775 085** |

Kommunedirektøren har i sitt budsjettframlegg for 2026 lagt til grunn 393,2 mill. kroner som inntekter frå skatt og rammetilskot. Dette er om lag som anslaget frå Kommunal- og distriktsdepartementet inkl tilleggsproposisjonen. Kommunal- og distriktsdepartementet si førebelse berekning av inntektsutjamninga for 2026 tek utgangspunkt i skatteinntektene per innbyggar (med teljedato 01.01.25 for innbyggartalet. Pr. 30.06.25 var folketalet 4 391 stk. Tal pr. 1.oktober vil vere klare 20 november. Kommunedirektøren har lagt til grunn folketal på nivå med 30.06.25.

Når det gjeld eigedomskatt ligg det inne kontorjustering med 2 % for 2025. Regelverket er slik at eigedomstakstar som hovudregel skal stå faste i 10 år. Kommunestyret har då høve til å vedta at takstane skal så faste i inntil 3 år ut over denne perioden, eller at takstane skal kontorjusterast. Etter dette har kommunestyret høve til anten å vedta kontorjustering eller gjennomføre ny taksering. Det er med andre ord ikkje høve til å la takstane stå fast etter 13 år.

Stranda kommune har dei tre siste åra gjennomført kontorjustering med hhv.10- og 3% kvart år. Det er høve til å gjennomføre ny kontorjustering på 10% for 2026. Kommunen kan vidare vedta å gjennomføre retaksering i 2026 med tanke på nye takstar i 2027, eventuelt kan kommune vedta kontorjusteringar kvar år framover. Då er det eit vilkår at kommunen/nemnda sørger for at nivået på takstane ikkje overstig antatt omsetningsverdi i det enkelte året som takstane blir oppjustert for.

Ei retaksering er kostbar, og det har som nemnt over vore auke i denne skatten dei siste åra. Dette saman med ei vurdering av både det at det skal vere attraktivt å bu i kommune, og den dyrtid som det har vore den siste tida – gjer at kommunedirektøren berre foreslår ein 2% auke på bakgrunn av kontorjustering for 2026.

Line/post 4 har kome fram på følgande måte:

| Post 4 | Naturresurs-skatt Art - 18771 | Konsesjons-Avgift Art - 18770 | Statstilskot Flyktningar Art - 18102 | Andre statlege overføringar Art - 18100 | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **2026** | 90 000 | 317 828 | 25 500 000 | 7 946 000 | 33 853 828 |
| **2027** | 90 000 | 317 828 | 29 600 000 | 4 590 000 | 34 597 828 |
| **2028** | 90 000 | 317 828 | 25 500 000 | 8 790 000 | 34 697 828 |
| **2029** | 90 000 | 317 828 | 27 900 000 | 4 490 000 | 32 797 828 |

Andre statlege overføringar omfattar rentekompensasjonsordningar frå Husbanken samt midlar frå Havbruksfondet. Midlar frå Havbruksfondet er budsjettert med 6 mill. kroner i 2026, 2,7 mill. i 2027 og 7,0 mill. kr i 2028 og 2,8 mill. i 2029.

Inntekter frå sal av konsesjonskraft er budsjettert på næring og teknisk, under ansvarsområdet 5010 Plan, miljø og næring. Konsesjonskraftinntektene er budsjettert med 1,1 mill. kroner.

## 4.2 Sum netto finansutgifter i planperioden

| LØYVINGSOVERSIKT DRIFT ETTER § 5-4, 1. LEDD | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| post | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 10 | Renteinntekter | -4 197 868 | -4 671 617 | -5 462 000 | -5 462 000 | -5 462 000 | -5 462 000 |
| 11 | Utbytte | -4 273 722 | -5 460 000 | -4 860 000 | -6 085 000 | -6 655 709 | -7 640 000 |
| 12 | Gevinst/tap på finansielle omlaupsmiddel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 13 | Renteutgifter | 35 919 989 | 36 358 500 | 35 121 154 | 35 121 154 | 35 121 154 | 35 121 154 |
| 14 | Avdrag på lån | 30 246 486 | 30 500 000 | 27 300 000 | 27 800 000 | 28 800 000 | 28 300 000 |
| **15** | **NETTO FINANSUTGIFTER** | **57 694 885** | **56 726 883** | **52 099 154** | **51 374 154** | **51 803 445** | **50 319 154** |

Rentekostnadene er berekna ved hjelp av modell frå Kommunalbanken. Dette er tal med stor grad av usikkerheit. Det er forventa ein reduksjon på rentenivå i perioden, men samstundes ligg det inne planar om investeringar som vil auke rentebelastninga. Det ser og ut til å vere naudsynt å ta opp likviditetslån i løpet av 2026.

Dersom ein legg til grunn låneopptak i samsvar med Post 13 i Løyvingsoversikt investering, er rentekostnader stipulert til å bli slik:




| Periode | Rentekostnader inkl derivater, refin. & simulering | Rentekostnader løpende lån & derivater | Rentekostnad simulerte lån | Rentekostnad refinansieringer |
|---|---|---|---|---|
| 2025 | 35.789.990 | 35.789.990 | 0 | 0 |
| 2026 | 35.600.951 | 26.917.494 | 3.488.109 | 5.195.348 |
| 2027 | 39.743.037 | 23.025.101 | 10.594.368 | 6.123.567 |
| 2028 | 44.052.648 | 21.753.759 | 16.251.659 | 6.047.229 |
| 2029 | 46.472.090 | 20.786.094 | 19.604.995 | 6.081.000 |

Gjeldsbrevslån

| Motpart | Referanse | Beløp | Rente (inkl. margin) | Produkt | Margin | Startdato | Forfallsdato |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Simulert motpart | Stranda Bud 2026 | 149.740.000 | 4,6353% | 3 mnd Nibor | 0,7000% | 01.07.2026 | 01.07.2056 |
| Simulert motpart | Stranda Bud 2027 | 190.760.000 | 4,3154% | 3 mnd Nibor | 0,7000% | 01.07.2027 | 01.07.2057 |
| Simulert motpart | Stranda Bud 2028 | 88.960.000 | 4,3209% | 3 mnd Nibor | 0,7000% | 01.07.2028 | 01.07.2058 |
| Simulert motpart | Stranda Bud 2029 | 87.360.000 | 4,3544% | 3 mnd Nibor | 0,7000% | 01.07.2029 | 01.07.2059 |

Avdragsutgiftene er budsjettert til 27,3 mill. kroner. Dette er ei vidareføring av budsjettet for inneverande år, og ein legg til grunn at det berre blir betalt minimumsavdrag, men at avdraga vil stige i løpet av økonomiplanperioden.

Utbytte frå Tussa blir rekna ut frå resultat dei siste 3 åra, og skal vere 50% av gjennomsnittleg resultat dei siste 3 år. Stranda kommune har ein eigardel på 6,61%. Ut frå rekneskap i 2022-2024, samt prognose for 2025 og planar framover, blir det lagt til grunn følgjande utbytte i perioden:

**Kommunedirektøren sitt forslag:**

| 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|---|---|---|---|
| 4 780 000 | 6 005 000 | 6 575 700 | 7 560 000 |

Kommunedirektøren foreslår eigaruttak overfor Stranda Hamnevesen KF på 8 mill. kroner i 2026 under føresetnad av at utbytte kan betalast ut i tråd med *Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven)* § 32 2. og 3. ledd:

*Det kan deles ut verdier fra den kommunale havnevirksomheten dersom det er avsatt tilstrekkelige midler til drift og vedlikehold av havn, samt midler til investeringer som er direkte knyttet til tjenesteyting rettet mot fartøy, gods- og passasjerhåndtering. Som utdeling regnes enhver overføring av verdier som direkte eller indirekte kommer eieren til gode.*

*Uttak av overskudd eller annen utdeling av midler fra kommunal havnevirksomhet organisert som aksjeselskap, interkommunalt selskap eller kommunalt foretak kan bare besluttes av virksomhetens eierorgan etter forslag fra styret.*

Kommunedirektøren legg i første omgang inn denne summen i 2026, og reduserer i første omgang forventa resultat i perioden slik at utbytte 2027 blir 7 mill. kroner, utbytte i 2028 blir 6 mill. kroner og utbytte i 2029 blir 5 mill. kroner. Dette heng og saman med usikkerheit knytt til følgjer av nye investeringar og auka rente- og avdragsutgifter for føretaket i åra framover. Dette må ein også vurdere vidare saman med føretaket.

I 2025 fekk kommunen utbytte frå Attvin AS. Det blir lag til grunn kr 80 000 årleg i utbytte.

Samla budsjettert utbytte og eigaruttak i perioden blir då:

**Kommunedirektøren sitt forslag:**

| | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|---|---|---|---|---|
| Utbytte Tussa | 4 780 000 | 6 005 000 | 6 575 700 | 7 560 000 |
| Utbytte Attvin | 80 000 | 80 000 | 80 000 | 80 000 |
| **Sum utbytte** | **4 860 000** | **6 085 000** | **6 655 700** | **7 640 000** |
| Eigaruttak Stranda Hamnevesen KF | 8 000 000 | 7 000 000 | 6 000 000 | 5 000 000 |
| **Sum utbytte og eigaruttak** | **12 860 000** | **13 085 000** | **12 655 700** | **12 640 000** |

Eigaruttak går ikkje fram av i obligatorisk tabell etter §5.4 1.ledd då det skal budsjetterast og førast som eigaruttak på art 18800 Overføring frå kommunalt føretak i eigen kommune.

## 4.3 Løyving (nettoramme) i årsbudsjett 2026 per budsjettområde

I budsjettet for 2025 vart det operert med/definert fire budsjettområder (sektorar). I seinare kapittel blir det gått nærare inn på rammeføresetnadene for dei einskilde ansvara/einingane på kvart av budsjettområda. Dei fire budsjettområda er

- Administrativ og politisk leiing inkl. fellesutgifter

- Oppvekst og kultur
- Helse, pleie og omsorg
- Næring og teknisk

**Kommunedirektøren sitt forslag:**

| OVERSIKT NETTO DRIFT PÅ 'SEKTOR' | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 1010-1040 | Adm./Politisk leiing inkl. fellesutgifter | 60 717 255 | 55 874 499 | 71 657 975 | 71 657 975 | 71 657 975 | 71 657 975 |
| 2000-2200, 4010-4012 | Oppvekst / Kultur | 89 601 505 | 101 320 540 | 135 695 869 | 135 695 869 | 135 695 869 | 135 695 869 |
| 3010-3070 | Helse, Pleie og Omsorg | 171 814 237 | 193 868 909 | 174 454 956 | 174 454 956 | 174 454 956 | 174 454 956 |
| 5010-7030 | Næring og Teknisk | 19 847 682 | 14 865 397 | 14 646 131 | 14 646 131 | 14 646 131 | 14 646 131 |

Det har dei siste åra ikkje blitt kompensert for prisvekstdelen av den kommunale deflatoren, og einingane har hatt krav om å dekkje dette innanfor ramma. Kommunedirektøren har hatt som intensjon at einingane i år skulle få dekt prisveksten på 4,1%, men ut frå den vanskelege økonomiske situasjonen er det ikkje funne rom for å dekke prisvekst.

Anslått lønsvekst på 4% blir dekt gjennom at ein har gått gjennom og oppdatert alle løner ved framlegging av budsjettforslag, og dermed dekker det såkalla overhenget på 1% til neste år. I tillegg er det sett av ein lønspott på 2% til fordeling på einingane.

## 4.4 Tiltak

Det er ikkje funne rom for nye tiltak av betydning.

# 5. KOMMUNALOMRÅDE- ADMINISTRATIV OG POLITISK LEIING INKL. FELLESUTGIFTER

| Adm./Politisk leiing inkl. fellesutgifter | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 1010 | KOMMUNELEIING | 5 529 063 | 6 298 728 | 6 594 176 | 6 594 176 | 6 594 176 | 6 594 176 |
| 1011 | RÅDMANNSKONTOR | 11 379 498 | 2 560 922 | 13 469 222 | 13 469 222 | 13 469 222 | 13 469 222 |
| 1020 | ØKONOMIAVDELING | 3 904 802 | 3 975 761 | 4 177 744 | 4 177 744 | 4 177 744 | 4 177 744 |
| 1021 | PERSONALAVDELING | 3 571 282 | 3 928 904 | 4 031 478 | 4 031 478 | 4 031 478 | 4 031 478 |
| 1022 | FAG | 22 097 736 | 24 237 979 | 20 545 368 | 20 545 368 | 20 545 368 | 20 545 368 |
| 1023 | IKT | 11 253 142 | 11 252 474 | 11 587 705 | 11 587 705 | 11 587 705 | 11 587 705 |
| 1030 | SERVICEKONTOR | 2 981 732 | 3 619 731 | 4 252 282 | 4 252 282 | 4 252 282 | 4 252 282 |
| 1040 | Pott lønnsoppgjør | - | - | 7 000 000 | 7 000 000 | 7 000 000 | 7 000 000 |
| **1010-1040** | **Adm./Politisk leiing inkl. fellesutgifter** | **60 717 255** | **55 874 499** | **71 657 975** | **71 657 975** | **71 657 975** | **71 657 975** |

<u>1010: Politisk leiing</u>

Regulert husleige, møtegodtgjering  og anna etter erfaringstal frå 2025. Tilskot til politiske parti er vidareført. Utgifter til kontroll og revisjon er oppdatert og skild ut på eiga teneste.

<u>1011: Rådmannskontor</u>

- Politiske prioriteringar («ordførarpotten») på 150 000 ,- ligg inne i budsjett 2026.
- Inntekt frå konsesjonsavgift skal settast av til næringsformål. Midlane er føresett brukt som tilskot til Denne Stranda.
- Overføring til Storfjorden kyrkjelege fellesråd  er lagt inn i tråd med føreslått budsjett frå fellesrådet.

Det er motteke fleire søknader om midlar som ligg ved budsjettsaka. I tillegg vart det i førre budsjett gjort eige vedtak om støtte til enkelte, desse er i hovudsak ikkje med vidare i 2026.

| Kven | Formål | Beløp |
|---|---|---|
| **Søknader om midlar for 2026 ikkje innarbeidd:** | | |
| Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv | Søknad om grunnfinansiering frå verdsarvkommunene for 2026 | 250 000 |
| Norske Kvinners Sanitetsforening | Veiledningssenter for pårørende i Midt Norge | 20 000 |
| Strandaindustriens Historie | Dekning husleige | 90 000 |
| **Budsjett 2025 - tatt ut i 2026**<br>Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv | (jfr.søknad over) | 150 000 |
| | | |
| **Søknad om midler for 2026 som er innarbeidd:** | | |
| Storfjorden kyrkjelege fellesråd | investeringstilskot | 400 000 |
| Storfjorden kyrkjelege fellesråd | Driftstilskot. Delvis prisjustert og i tråd med framlegg frå fellesrådet. | 4 610 000 |
| Denne Stranda | Årleg tilskot 500 000 vedtatt utan inndekning. 320.000 blir forestlått dekt av fond frå inntekter konsesjonskraft. Resterande 180.000 budsjettert som tilskot | 500 000 |
| **Budsjett 2025 - ikkje vidareført i 2026:** | | |
| Stranda idrettsråd | | 10 000 |
| Storfjordsambandet | | 200 000 |
| Arbeid RV 15 Strynefjellet | | 75 000 |

1020: Økonomi

- Årsverk 3
- Betaling for tenester til Åknes/Tafj. IKS er heilt ute i 2026.

1021: Personal og løn

- Årsverk 2,4
- Kostnaden for frikjøp av tillitsvalde og hovudverneombod ligg på ansvar 1021. Etter hovudavtalen har den enkelte organisasjon rett på frikjøp av hovudtillitsvald basert på medlemstal. For tida er det tre av totalt ti organisasjonar som har frikjøp. Totalt utgjer dette ca. 1 årsverk og kostnaden i kroner er omlag 800.000,-.
- Samla utgifter til kjøp av bedriftshelseteneste ligg på ansvar 1021
- Utgifter til lovpålagde kurs for vernetenesta og medlemmar i arbeidsmiljøutvalet ligg på ansvar 1021

1022: FAG

- Tilskot til private barnehagar er vidareført på same nivå som i 2025
- Skuleskyss er vidareført på same nivå som i 2025
- Vidareføring av midlar til lærlingar. Ingen søkte lærlingplass i Stranda hausten – 25.
  Stranda har som mål å ta inn alle lokale ungdommar som søkjer om lærlingplass og som fyller vilkåra for å starte som lærling.
- Overføring til Fjord kommune for kjøp av skule- og barnehageplass er videreført på same nivå som i 2025
- Det er lagt inn kr 150.000 til oppgradering leikeplassar/uteareal på barnehager/skuler.

1023: IKT

- 2 årsverk.
- Står for innkjøp, drift og vedlikehald av datautstyr til alle einingar.
- IKT forvaltar i stor grad lisensar og driftsavtaler på vegne av einingane.
- Auke i budsjett for 2026 skuldast i hovudsak prisauke på lisensar og programvare.

1030: Servicekontor:

- 2,8 årsverk knytt til drift av servicekontoret
- 1,5 årsverk knytt til reinhald på rådhuset der legekontor og helsestasjon krev dagleg reinhald.
- For å redusere sårbarheita mtp ferie og fråvær har merkantil ressurs knytt til oppvekst delvis endra arbeidsstad frå skule til servicekontor. Arbeidsoppgåvene knytt til skule er dei same som før.

1040: Lønspott

- Utrekna til å dekke heile kostnaden ved lønsoppgjeret i 2026. Anslag på lønspott er 2%. Overheng frå 2025 på 1% er finansiert i budsjetta til einingane gjennom at oppdatert lønssatsar er nytta.

# 6. KOMMUNALOMRÅDE OPPVEKST/KULTUR

Kommunalområdet oppvekst og kultur femnar om alle grunnskular, barnehagar, kulturskule, bibliotek, Strandahallen, kultureininga og barn, familie og meistring som inneheld tenestene barnevern, pedagogisk psykologisk teneste, meistringsteam barn og unge/vaksne, flyktning, helsestasjon, jordmor og frivillegstasjon.

Budsjett for 2026 er ei vidareføring av tenestene innan oppvekst på same nivå som i 2025.

Samla auke i utgifter for oppvekstområdet frå budsjett 2025 til budsjett 2026 er på ca 3,5 %

| Oppvekst / Kultur | | Rekneskap 2024 | Reg. budsjett 2025 | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 2000 | BARN, FAMILIE OG MEISTRING | 0 | 0 | 34 301 615 | 34 301 615 | 34 301 615 | 34 301 615 |
| 2001 | BARNEVERN FJORD KOMMUNE | 0 | 0 | -100 152 | -100 152 | -100 152 | -100 152 |
| 2002 | FRIVILLEGSENTRALEN | 0 | 0 | 624 769 | 624 769 | 624 769 | 624 769 |
| 2010 | RINGSTAD SKULE | 32 327 455 | 34 964 245 | 35 357 197 | 35 357 197 | 35 357 197 | 35 357 197 |
| 2020 | SUNNYLVEN SKULE | 8 819 786 | 9 925 699 | 9 845 387 | 9 845 387 | 9 845 387 | 9 845 387 |
| 2030 | GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE | 7 306 525 | 8 357 575 | 8 676 962 | 8 676 962 | 8 676 962 | 8 676 962 |
| 2050 | HELSTAD BARNEHAGE | 4 435 233 | 5 444 454 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2060 | STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENC | 17 111 088 | 20 339 788 | 20 255 957 | 20 255 957 | 20 255 957 | 20 255 957 |
| 2100 | RINGSTAD OG HELSTAD BARNEHAGE | 0 | 0 | 16 225 180 | 16 225 180 | 16 225 180 | 16 225 180 |
| 2110 | RINGSTAD BARNEHAGE | 8 875 333 | 9 934 819 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2120 | SUNNYLVEN BARNEHAGE | 4 260 660 | 4 739 013 | 4 665 630 | 4 665 630 | 4 665 630 | 4 665 630 |
| 2200 | PP-KONTORET | 2 358 212 | 2 447 328 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 4010 | KULTURSKULEN | 2 603 662 | 2 802 660 | 3 187 036 | 3 187 036 | 3 187 036 | 3 187 036 |
| 4011 | BIBLIOTEKET | 1 355 105 | 1 594 470 | 1 722 524 | 1 722 524 | 1 722 524 | 1 722 524 |
| 4012 | KULTUR/IDRETT | 148 446 | 770 489 | 933 764 | 933 764 | 933 764 | 933 764 |
| **2000-2200, 4010-4012** | **Oppvekst / Kultur** | **89 601 505** | **101 320 540** | **135 695 869** | **135 695 869** | **135 695 869** | **135 695 869** |

Generelt om området som påverkar budsjettet:

- Barn, familie og meistring er oppretta som eining og lagt under oppvekst.
- Lønsoppgjer dei siste åra har vore svært gode. Sjølv om ein går ned på stillingar, så utgjer lønsauken meir enn det ein greier å ta ned.
- Det er sentralt fastsette bemanningsnormer både i barnehage og i skule.
- Utfordring med rekruttering, spesielt i Geiranger og Hellesylt. Det må nyttast verkemiddel som høgare løn og betalt husleige for å greie rekruttere tilsette.

Generelt for barnehage:

- Foreldrebetaling er sett til kr 700,- frå 01.08.2025 med heilårsverknad inn i 2026.

- Barnetalet går framleis litt ned. Bemanninga i barnehagane vert heile tida justert etter tal på plassar.
- Ringstad og Helstad barnehage er samanslått ei eining med to lokasjonar og felles leiing.

Generelt for skule:

- Gratis SFO har også ført til auka tal på søkjarar til SFO. For at alle som søkjer skal få plass på Ringstad skule, har ein utvida med 2 x 50 % på SFO.

Kultur og fritid:

Barn, familie og meistring:

Eininga er oppretta for å tette samarbeidet mellom støttetenestene, skule og barnhage og for meir fleksibel bruk av kompetanse.

Budsjett for 2026 er ei vidareføring av tenestenivået frå 2025. Det er ikkje rom i eininga for å økonomisk handtere barnevernsplasseringar eller store svingingar i tal på flyktningar på introduksjonsløn. Ein ser at 6 månader med norskopplæring på langt nær er tilstrekkeleg for å få flyktningane ut i arbeid. Utgift til introduksjonsstønad er difor vanskeleg å berekne.

## BARN, FAMILIE OG MEISTRING

**Kort skildring av verksemda:**

| | **B 2026** |
|---|---|
| Tal på tilsette | 30 |
| Tal på årsverk | 33,07 |

Av 33,07 årsverk i tenesta dekkjer 0,6 årsverk Fylkeskommunen (PPT) og 5 årsverk Fjord kommune (Barnevern og PPT).

**Helsestasjon og skulehelseteneste:**

Førebyggande fysisk og psykisk helsearbeid blant born/ungdom i alderen 0 - 20 år samt flyktningar. Helseopplysning til foreldre, born og ungdom. Kurs og samtalegrupper.

Heimebesøk til nyfødde og til familiar med spesielle behov. Helsestasjon for flyktningar og helsestasjon for ungdom.

**Jordmorteneste:**

Det er 60 % stilling som jordmor.

Jordmor utfører svangerskapskontrollar, svangerskapsførebuande kurs og heimebesøk

etter fødsel. Jordmor har kompetanse innan psykisk helsehjelp.

## PPT

Pp-tenesta er heimla i Barnehagelova § 19 og Opplæringslova § 11-13 som kommunen si rådgjevingsteneste og sakkunnig instans i opplæringsspørsmål. Tenesta gir systemretta støtte til barnehagar og skuler i form av råd og rettleiing om pedagogisk leiing, gruppeleiing, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål, knytt til brukarar i alder frå barn i førskulealder til vaksne med rett til grunnskuleopplæring.

Møre og Romsdal Fylkeskommune har avtale med Stranda kommune om kjøp av tenester for oppfølging på dei to vidaregåande skulane som ligg på Stranda. Frå 01.08.24. kjøper også Fjord kommune pp-tenester av Stranda kommune, samarbeidet er regulert etter ein vertskommuneavtale.

**Stranda og Fjord barneverntenste:**

Sikre at barn og unge får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Drive førebyggande og tverrfagleg arbeid i begge kommunane. Gi råd og rettleiing, undersøkingar, iverksette nødvendige tiltak og følgje opp. Råd, rettleiing og oppfølging av fosterheimar. Beredskapsvakt utanom kontortid i samarbeid med Barnevernsvakta på Sunnmøre.

**Meistringsteamet vaksne, barn og unge:**

Sikre eit lokalt terapi- og aktivitets tilbod til menneske med påbegynnande/alvorleg psykiatri og/eller rus lidingar i alle bygdelag. Tiltak til barn, unge og familiar som har behov for individuelle, familie/foreldre og gruppetiltak. Vegleiingtilbod til andre tilsette i kommunen som yt tenester til vaksne, barn og familiar.

**Innvandrar og Flyktningtenesta:**

Mottak av flyktningar, skaffe husvære og etablering med møblement osv. Utbetaling av introduksjonsløn. Oppfølging og rettleiing/bistå flyktningar, kontakt og registrering i offentleg organ og all type oppfølging for ei best mogleg integrering i lokalsamfunnet. Dette krev store ressursar i det kommunale hjelpeapparatet då flyktningane som no kjem kan ha store utfordringar. I dag har vi ikkje nok kapasitet innan sysselsetting og det er eit ynskje at NAV Sykkylven og Stranda får betre kapasitet til dette på Stranda. Det er

også store problem med å finne eigna husvære då offentleg kommunikasjon er so og seie fråverande.

**Husbank:**

Behandling av og rådgjeving av søknad av Startlån, utbetringstilskot, etableringstilskot og bu-støtte. Kapasiteten innan dette arbeidet er for lav til å kunne utnytte potensialet.

**Frivilligsentral:**

Frivilligsentralen skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar, samanslutningar og det offentlege. Sentralen administrerer også Bua og gjenbruk oppimot innbyggjarane i Stranda kommune. Sentralen er i dag lokalisert i lokala til Byrg og må i løpet av første månadane av 2026 flytte til nye lokale. Sentralen har og har hatt ulike prosjekt og driv nett sida "I Stranda".

**Premiss for budsjettet 2026:**

Oppgåver og kostnadsdekning overført frå stat til kommune innan område barnevern, psykiatri og rusomsorg – økonomisk kompensasjon for desse utgiftene er lagt inn i rammeoverføringane til kommunen og er ikkje lenger øyremerka tilskot frå staten. Der er store forventningar frå statleg hald til kva kommunen skal ha som tilbod innan psykisk-helse/rus (born/vaksne), helsestasjon/skulehelseteneste, PPT, barnevern og flyktning. Det er vanskeleg no å seie eksakte konsekvensar det vil ha for budsjettet, men det vil utan tvil ha innverknad på kva tiltak vi kan gi og det er difor viktig at vi kan sjå ulike tiltak på tvers i eininga for å klare å gi tiltak som vert forventa av kommunen. F.eks. vert det i dag forventa at kommunen skal ta i mot kartlagde pasientar frå BUP og Psykiatrisk poliklinikk der vi skal gi dei eit egna tilbod, tidlegare ga dei eit tilbod over tid noko som dei ikkje lenger gjer.

Skal det kome ytterlegare nye busettingar innan flyktning må mottaks apparatet opp.  Med 2,10 % stilling kan ein ikkje tilrå mottak av meir flyktningar enn eit minimum. Dette vil sjølvsagt då ha økonomiske konsekvensar for kommunen som det i dag ikkje er teke høgde for i budsjettet, då mottaksapparatet ligg på eit minimum. NAV Sykkylven og Stranda er i ein situasjon der Stranda kommune må auke opp sin personal kapasitet i NAV for å kunne hjelpe flyktningar ut i lønna arbeide. Dei har i dag berre kapasitet til å ta unna det mest nødvendige som sosialhjelp. Vel politikarane at vi skal ta imot flyktningar i 2026, må ein auke opp kapasiteten. Dette utifrå dei erfaringane som vi til no har gjort oss med dei mottaka vi har hatt.

Driftsbudsjettet til Frivilligsentralen er redusert til eit absolutt minimum og det er ikkje teke høgde for at utgifter til husleige vil stige, noko som det sannsynlegvis vil gjer då vi må inn i nye lokaler.

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Vi er ei eining med eit særs breitt ansvarsområde og særs sårbare. Vi har i dag ei personalgruppe med god kompetanse, men vi treng stendig å tileigne oss ny kunnskap. Dette for å gi gode tenester til våre brukarar, stette nye nasjonale krav, vere ein attraktiv arbeidsplass og behalde personell.

Ein vil sjå resultat av ny organisering i 2026, noko som vi har store forventningar til. Likevel er det særs viktig å ha eit blikk på dei ulike fagområda og oppgåvene dei skal utføre, då både i vår eigen kommune og for enkelte fagområde i Fjord kommune.

Driftsbudsjettet til Frivilligsentralen er redusert til eit absolutt minimum. Frivilligsentralen vil i desse tider som kommunen er i, ha ei enda viktigare og sentral rolle i lokalsamfunnet.

**Nye tiltak innanfor ramme:**

Ingen

**Utfordringar:**

Statlege krav på kva vi skal utføre av tiltak i kommunen til ei kvar tid har auka innan alle område våre. Stranda kommune har dei siste 10 åra ikkje bygd opp sine tenester til å kunne klare å forvalte/stette «alle» desse krava. Dette gjer at vi ikkje på alle område klarer å utføre det som vert forventa av kommunen. Dette er noko vi er heilt avhengige av at politikarane set fokus på og tek tak i gjennom sitt arbeid også gjennom budsjettet.

Utviklinga siste år viser at PPT Stranda ikkje klarar å holde saksbehandlinga innanfor føringane frå Utdanningsdirektoratet, på 3 månadar. Dette er uheldig og fører til at tiltak som skal støtte barn og elevar kjem seint i gang. Faste prosedyrar for dei ulike oppgåvene er etablert for å sikre god arbeidsflyt og kvalitet i tenesta.

Vi har framleis for lite kapasitet innan Meistringsteamet (Psykisk helse/rus) og NAV har for lite kapasitet til å følgje opp flyktningar ut i arbeidslivet. Situasjonen ute i verda har innverknad på vår kommune, flyktningsituasjonen aukar på og vi må bygge opp eit mottaksapparat som kan klare å gi eit forsvarleg tilbod.

Arbeidet med integrering av flyktningar som er busett og nye flyktningar i 2025 har vist seg krevjande for både helsestasjonen og flyktningetenesta. Kapasiteten i Flyktningtenesta ligg på eit minimum. Ein manglar tilgang på eigna bustadar og tilgang på nye eigna bustadar er heilt avgjerande for å kunne ta imot nye flyktningar. Det vert i dag brukt mykje tid og ressursar på å finne bustader, dette er tid ein burde har brukt til integrering og gjere den enkelte i stand til å klare seg sjølv også økonomisk.

I ny barnevernslov er det eit lovfesta krav om at kommunestyret sjølv skal godkjenne ein plan for arbeidet til kommunen for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Dette vil vere eit viktig verktøy for å sikre forplikting til og systematisk innsats for å legge til rette

for heilskaplege tenester til barn og unge. Planen skal skildre overordna mål og strategiar for eit heilskapleg tenestetilbod og korleis ansvaret skal fordelast mellom tenestene som eit styrings verty. Denne planen er enno ikkje ferdigstilt.

Startlån, bustønad og andre statlege husbank tiltak vert viktigare og viktigare i den økonomiske situasjonen mange er i som bur i kommunen. Mange har problem med å verte buande i bustaden sin og mange har problem med å skaffe seg egna bustader då dei ikkje kjem seg inn i bustadmarknaden. Vi har nok ikkje i kommunen i dag nok ressursar på dette område.

## RINGSTAD SKULE og SFO

**Kort skildring av verksemda:**

- 1.-7.trinn har 234 elevar pr 01.11.25.
- Leksehjelp for 4.-7.trinn har 32 elevar.
- SFO morgon: 23 barn frå 1.-4.trinn
- SFO ettermiddag: 95 barn frå 1.-7.trinn. Fleire av barna har særskilde behov med enkeltvedtak om individuell tilrettelegging i skule.

| | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **B2026** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 55 | 53 | 51 | 52 | 52 | 51* |
| Tal på årsverk | 49,5 | 48,1 | 48,1 | 43,3 | 43,27 | 42,6* |
| Tal på elevar | | 233 | 231 | 235 | 232 | 234 |
| Tal på elevar med Forsterka opplæring i norsk | | 26 | 26 | 25 | 25 | 18 |
| Plassar SFO | | 67 | 65 | 88 | 80 | 95 |

*Skuleåret 2025/2026 har vi 2 årsverk ute frå skule. Dette er studiepermisjon og anna langtidsfråvær utan vikar.

I august 2025 vart det tilsett to språkassistentar i 100% stilling. Dei har ukrainsk/russisk som morsmål, og jobbar begge 50% i skule og 50% i SFO. Det vart også tilsett ein ekstra assistent i 50% stilling på SFO.

Skulen har eigen Chromebook til alle elevar fom 3.trinn, men 1. og 2.trinn deler på klassesett. Elektroniske tavler på alle klasserom. Møterom med konferanseutstyr.

### Enkeltvedtak Individuelt tilrettelagt opplæring og særskild språkopplæring

Ringstad skule har mange elevar med særskilde behov og store samansette utfordringar. Fleire av elevane har medisinske diagnosar som krev tett oppfølging og særskild tilrettelegging. 9 av elevane har behov for 1:1, 4 av desse skal også ha tilsyn i alle pauser. Vi har fleire elevar utan enkeltvedtak men med stort behov for tilrettelegging for å få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Etter ny opplæringslov er dette elevar som har behov for personleg assistanse.

Ringstad skule har enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring for 11 elevar.  Dette vil auke jamt utover skuleåret.

Tal på elevar med individuelt tilrettelagt opplæring har ein kraftig nedgang frå førre skuleår. Grunnen til dette er at skulen ikkje lenger fattar vedtak når eleven får hjelpemiddel frå NAV.

Ringstad skule har enkeltvedtak om særskild språkopplæring for 18 elevar. I tillegg har vi tre elevar som er flyktningar med stort behov for tilpassa språkopplæring. Vi er orienterte om at vi får to nye elevar utan norsk språk i januar 2026, desse er ikkje med i tala våre no. Vi organiserer særskild språkopplæring i grupper. På 1.trinn har ikkje elevane særskild språkopplæring i gruppe utanfor trinnet.

Ca 25% av elevane ved skulen kjem frå heimar som ikkje har norsk som dagleg språk. I dei yngste klassene gjeld dette opp mot 50% av elevane på trinnet. Tal på elevar med særskilt språkopplæring vil auke. Undervisninga blir i gitt i grupper.

### Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2025

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Vi har gått vekk frå tradisjonell klassedeling, og deler trinna inn i ulike grupper i staden. Gruppesamansetjinga vil kunne variere gjennom året. Slik blir elevane trygge på alle vaksne på trinnet, og ein vil lettare fange opp utfordringar og styre vaksenressurs dit det er behov. Vi ser at dette fungerer slik vi ynskjer. Det er til god hjelp for å stette kravet om tidleg innsats på 1.-4.trinn. Vi ser at å gi tilpassa undervisning gjennom å dele trinn i mindre grupper gir stor gevinst for mange av elevane, også på mellomtrinnet. Dette reduserer tal på enkeltvedtak.

Vi har svært mange minoritetsspråklege elevar, og ser eit stort behov for betre oppfølging av desse elevane. Hausten –25 har vi forsterka norskopplæring for til saman 18 elevar. Dette er barn frå Ukraina, men også barn som er fødde på Stranda og veks opp i fleirspråklege heimar.

Hausten –25 har vi 14 barn frå Ukraina, og vi veit at det kjem 2 nye i januar 2026.

Med redusert bemanning og større, faste grupper blir det mindre fleksibilitet i gruppedeling, og ein mister mykje av fordelane ein har oppnådd med fleksible gruppedelingar. Dette vil få negative følgjer både for tidleg innsats, elevar med behov for særskild språkopplæring og enkeltelevar som treng Individuelt tilrettelagt opplæring. Ein konsekvens vil vere at tal på enkeltvedtak vil gå opp, både for individuelt tilrettelagt opplæring og særskild språkopplæring.

Arbeidsbelastninga for den enkelte lærar vil bli svært mykje høgare.

Ringstad skule og SFO har fleire tilsette som er ute av arbeid av ulike grunnar. Det er vanskeleg å skaffe kvalifisert vikar når nokon går ut i løpet av skuleåret, noko som gir stor slitasje i personalgruppa.

Ringstad skule vil ha ca same i elevtal skuleåret 2025/2026 som i 2024/2025 Alderssamansetjing og ulike behov er likevel slik at vi i liten grad kan slå saman grupper eller klasser.

Haust -23 gjekk vi inn i vi inn i eit to-årig læringsmiljøprosjekt i regi av Utdaningsdirektoratet. Dette har vore eit nyttig prosjekt som har gitt resultat i form av konkrete tiltak som vi jobbar vidare med.

Avvik som gjeld vald, sjikane og truslar om vald:

Ringstad skule hadde 74 melde avvik innanfor HMT i 2021. Vi har arbeidd systematisk med dette, og tal på innmeldte avvik har gått ned. Vi har ikkje innmelde avvik på vald og truslar i 2025.

Vi jobbar heile tida for at elevar skal ha eit trygt og godt læringsmiljø på skulen, men er redd for at større grupper pr vaksen vil kunne føre til auke i tal på i samband med kapittel 12 i opplæringslova.

SFO

Hausten 2025 vart det opna for at alle som søker SFO får plass. Dette har ført til stor auke i tal på barn. Det er også fleire barn med særlege behov som har plass på SFO. Tal på elevar som nyttar SFO er inkludert elevar som har særskild tilrettelagt opplæring i skulen. SFO er ikkje ein opplæringsarena, men fleire av barna klarar ikkje å vere i så store grupper som det er lagt opp til i SFO.

SFO vart styrka med 3 stillingar i august 2025: 1 assistentstilling, og to språkassistentar. Krav til bemanning er i teorien stetta etter lova.

Tilsette både på SFO og i skule gir tilbakemelding på at dei meiner vaksentettleiken i SFO er for lav. Dette blir grunngjeve med stor overgang i bemanning frå barnehage til skule/SFO og fleire barn som har særskilde behov både medisinsk og grunna språk.

I høyring på forskrift for SFO i Stranda kom SU ved Ringstad skule og SFO med eit innspel som gjeld bemanning. Innspelet er merka med kursiv tekst:

Bemanningsnorm er inntil 15 barn med full plass pr vaksen. *For barn på 1. og 2.trinn er*

*bemanningsnorm 10 barn med full plass pr.vaksen*

**Nye tiltak innanfor ramme:**

- Læringsmiljøprosjektet. Følge opp tiltak.
- Innkjøp av nye stolar til musikkrom.
- Eit aktivt FAU har henta midlar gjennom sponsorar og noko frå Stranda kommune for å kjøpe inn to nye leikeapparat til skuleplassen.
- Basketgruppa i Stranda Idrottslag, Stranda Wolves, har kjøpt inn nye basketkorger til gymsalen på skulen.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:**

- Oppgradering og sikring av uteområdet
- Nye samlingsbenkar på 1.-4.trinn.
- Gode kontorplassar for personalet
- Ergonomiske tiltak for personalet
  - arbeidsbord med hev/senk funksjon
  - nye kontorstolar
- Bord på musikkrom
- Møblar personalrom

**Utfordringar:**

Bygg:

- Generelt nedslitt og til dels lite funksjonell bygningsmasse. Sjå tilstandsrapport for bygg og funksjonsanalyse for skulen. Konklusjon er at Stranda tettstad må ha ein ny barneskule.
- For få grupperom

- For lite areal på arbeidsrom
- For liten kontorplass til administrasjon/leiing

Uteområde:

- Nedslite uteområde med lite leikeapparat.
- Erosjon som krev større inngrep for å bli stoppa.

Personale:

- Ha nok kvalifisert personale for å hjelpe elevane med dei ulike utfordringane dei møter i kvardagen på skule og i SFO.

## SUNNYLVEN SKULE

**Kort skildring av verksemda:** Sunnylven skule er ein 1-10 skule med 55 elevar dette skuleåret. Skulen har og SFO-ordning som er open på ettermiddagar fem dagar i veka pluss heil dag fredag for 1. og 2. klasse. For elevar i 1.-4. kl. tilbyr vi leksehjelp.

Elevane er delt i tre hovudsteg, 1.-4. kl., 5.-7. kl. og 8.-10 kl. Det meste av undervisninga går føre seg i samanhaldne klasser. 1. og 2. klasse er saman mesteparten av timane, 3. og 4. klasse er saman mesteparten av tida. 5.-7. klasse er saman store delar av skuledagen. 8. og 9. klasse er saman i alle fag unntatt matematikk. 10.klasse prøver vi å skjerme litt sidan dei er avgangselevar som skal ha eksamen. Heile ungdomssteget har også felles timar i norsk, matematikk, KRLE.  Undervisningspersonalet på kvart steg arbeider i team, leia av ein teamleiar.

| | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | **B2025** | **B2026** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 20 | 19 | | 15 | 14 (13)[1] | 14 (13)[2] |
| Tal på årsverk | 13,79 | 14,2 | | 10,6 | 11,5 | 11,2/10,4 |
| Tal på elevar | 63 | 62 | 60 | 61 | 55 | 55 |
| Tal på elevar med særskilt språkopplæring | 1 | 0 | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Plassar SFO | 5 | 8 | 12 | 15 | 11 | 11 |

Ein tilsett er i arbeidsavklaring i 0,63 stilling- vikar for den tilsette utgjer 0,37 stilling.

**Elevtal, SFO, enkeltvedtak, forsterka norskopplæring**

Skulen har i dag 55 elevar, 2 av desse er minoritetsspråklege og har utvida norskundervising som utgjer omlag 0,12 stilling. Spesialundervising utgjer omlag 0,2 stilling.

Skulen har i dag 11 plassar knytt til SFO.

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2025**

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Vi har slått saman mange klasser og har berre nokre få delingstimar igjen på småskulen.

Dette gjer at det blir mindre tid og ressursar til tidleg innsats for barn som kan trenge litt ekstra. Spesialundervisninga er i dag brukt til deling av samanslåtte klasser. Dette kan bli fjerna. Deling av 1. og 2. klasse bli vesentleg redusert. I dag er klassene delt ein klokketime fire dagar i veka, elles er dei samanslått. 5—7. kl er slått saman i nesten alle timar. Det same gjeld 8. og 9. klasse.

10. kl har ein prøvd å verne sidan dei er avgangselevar og skal ha eksamen, men er slått saman i KRLE, Kunst og handverk. I tillegg har ein fellestimar både i norsk, matematikk og tysk på heile ungdomssteget. Ut frå dei økonomiske rammene, kan det sjå ut til at ein må slå saman enno meir, også på ungdomssteget. Ved ytterlegare innsparingar i det pedagogiske personalet vil det kunne gå utover det pedagogiske tilbodet til elevane. Ein anna konsekvens av dette er at ein blir svært sårbar når nokon blir sjuke. Det er ikkje like lett å slå saman klasser dersom ein lærar er sjuk. Administrasjonsressursar går til undervisning ved fråver, noko som fører til slitasje både på lærarar og administrasjonen. Det førar også til at eininga har låg fleksibilitet og liten rendundans, også når det kjem til administrasjonsoppgåver.

Det er 6 elevar som går ut 10. klasse denne våren, og 5 elevar startar i 1. klasse skuleåret 2026/27. Vi har eit kollegium med god fagleg kompetanse, sjølv om nokre tilsette skulle hatt eit fag til for å ha optimal fleksibilitet i personalet.

Administrasjonen i si heilheit er knytt til einingsleiar.

I arbeidet med budsjett er ein svært nøktern i forhold til forventa drift. Dei siste åra har det ikkje vore noko endringar i andre driftspostar enn lønskostnader. Med tidlegare innsparingar er det stor fare for uheldig press på dei tilsette.

Vi har p.t 3 tilsette som har rett på reduserande tiltak i samband med alder (o. 55 år/o. 60 år)

Det er lite å hente på andre postar. Dei tilsette er flinke til å klare seg med små ressursar og sparer på alt som kan sparast på.

**Nye tiltak innanfor ramme:**
- Søke mot å halde fram å utbetre uteområdet innanfor det som kan vere mogleg budsjettmessig. (få det godkjent etter krav frå tilsynet.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:**

Skulen sitt uteområde har fått merknadar under kontroll. Alle desse er ikkje utbetra endå, då det manglar midlar til dette. Noko har blitt utbetra eller mellombels utbetra. Det er også knytt ytterlegare vedlikehaldskostnadar til uteområdet, som vart påpeika i same kontroll.

**Utfordringar:**

Ein prøvar så langt råd er å drive ein effektiv og ressurssparande skule. Det er ein «hårfin» balanse mellom ressursar som blir brukt i ordinær undervisning og tilpassingar som vi gjer. Vert ressurstilgangen mindre vil konsekvensen raskt bli auke i ressursar til spesialundervisning og "sjukemeldingsspøkelset" kan dukke opp grunna auka belastning. Å drive på eit knapt budsjett er utfordrande dersom det oppstår behov for spesialundervisning eller uventa fråver/sjukemeldingar i løpet av eit budsjettår.

Skulen er rehabilitert, men uteområdet har ikkje vore ein del av dette arbeidet. Det er naturleg at elevar, tilsette og rådsorgana ved skulen arbeider vidare med planar for ei oppgradering her. Uteområdet/leikeområde har manglar grunna økonomi.

## GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE

**Kort skildring av verksemda:**

Verksemda består av skule, barnehage og SFO. Skulen er ein kombinert barne- og ungdomsskule. Skulen er fådelt med til saman 20 elevar dette skuleåret. Grunna utflytting utpå hausten, er dette talet redusert til 17. 1 elev i 1-4 klasse har plass i SFO, der SFO og barnehage deler bemanningsressurs for å halde tilbodet oppe.

Barnehagen har ei avdeling med 14 barnehage plassar, pluss SFO. Her er 8 barn som utgjer 11 plassar, pluss 1 barn frå SFO (utgjer totalt 12 plassar i tidsrommet SFO er i barnehagen).
Skulen og barnehagen har felles uteområde, gymsal og personalavdeling. I tillegg til bygningane inne på området, disponerer eininga også areal til formingsavdeling i bygninga til Geiranger Omsorgssenter.

| | 2021 | 2022 | 2023 | B2024 | B2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 12 | 13 | | 13 | 10 |
| Tal på årsverk | 8,9 | 9,5 | | 9,5 | 9,5 |
| Tal på elevar | 21 | 20 | 21 | 19 | 17 |
| Tal på elevar med særskilt språkopplæring | 1 | 1 | 4 | 3 | 1 |
| Tal på barnehageplassar i bruk | 9 | 13 | 9 | 9 | 11 |
| Tal på minoritetsspråklege i barnehage | 7 | 4 | 6 | 2 | 2 |
| Plassar SFO | 9 | 4 | 2 | 3 | 1 |

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2026**

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Grunnbemanning i barnehage har vore ei årleg utfordring med mykje utskifting av personell. Einingsleiar har dekka opp manglande bemanning for å halde drifta i gang. Grunnbemanning er no dekka opp av ein pedagogisk leiar med barnehagelærarutdanning og assistent utan utdanning. I desember 2025 har vi fått inn ein kvalifisert barnehagelærar til. Alle barn på venteliste i 2025 har fått tilbod om plass. Grunnbemanning i skulen er dekka opp sånn som den skal, med kvalifisert personell. Sjølv om elevtalet har blitt lågare, vil vi likevel få inn fleire elevar i 2026 med utanlandsk bakgrunn. Dette er i samanheng med "digital nomads" prosjektet til Geiranger fjordsenter. Vi har kapasitet til nokre delingstimar, og vi ser for oss at gjennomføring av naudsynt språkopplæring skal gå greit. Sjukefråværet har vore veldig lågt i 2025, vi har fleire nye tilsette ved eininga, og alle tilsette er kvalifisert med unntak av assistent i barnehagen. Det har vore jobba spesielt mykje med arbeidsmiljø dei siste åra som også har innverknad på dette, arbeidsmiljøet blir oppfatta som svært godt per dags dato.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:**

- Vedlikehald: Skulen har i samarbeid med FAU og Idrettslaget starta utbetring av uteareal rundt eininga. Vi vil halde fram med dette samarbeidet i 2025. Dette arbeidet er enno ikkje ferdigstilt, men det blir tatt sikte på at alt skal vere i orden inneverande år.

- Skifte av vindauge (Gjeld heile bygget). Det er ikkje meldt inn investeringsbehov i 2025, grunnen til dette er at det vart vist tidleg i 2025 at Geiranger skule og barnehage har kome inn på investeringsbudsjettet frå 2028.

**Utfordringar:**
Vår største utfordring er å få tilsett kvalifisert bemanning. Noko som har ført til at vi må freiste med ekstra godtgjeringar som dekka bustadkostnadar og høgare lønn. Sjølv om det enno tar tid å få kvalifiserte søkjarar til stillingane, har det vist seg at tiltaka verkar. Vi har ved utgangen av 2025 kvalifisert personell i alle stillingane, noko som er ein sjeldan tilstand for oss.

Bygningane og uteområdet vil vere ei stor utfordring i åra som kjem.
Bygningane er frå 1970/1996. Mange år med minimalt vedlikehald merkast godt. Vi har fått gjort ein del vedlikehald dei siste åra på driftsbudsjettet (golvbelegg, varmeomnar, fornying av skulekjøkken, ny port). Frå 2022 oppstart med utskifting av lysarmatur, ny O-plan, vedlikehald ventilasjonsanlegg. Vi har ikkje hatt investeringsmidlar på mange år. Utskifting av vindauge bør no stå for tur, og oppussing av garderobe i barnehagen bør også snart stå for tur. Det er ikkje nye kommentarar til det som står over, men det vil kome eit større investeringsbehov i tillegg i nærare framtid. Etter inspeksjon og service av ventilasjonsanlegget i 2025, fekk vi vite at det må skiftast ut snarast. Motoren i anlegget er gamal og kan streike når som helst. Dette vart oppdaga når det i år måtte skiftast ut kulelager i motoren. Det vil bli sendt søknad om investering i 2026.

Vi tar det vi kan av mindre utbetringar frå eige budsjett, men budsjettet er svært stramt med lite handlingsrom. Størsteparten av budsjettet er lønsmidlar.

## STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING

**Kort skildring av verksemda:**

Stranda ungdomsskule og Vaksenopplæring driv grunnskuletilbod på 8. – 10. trinn. Elevmassen har over dei siste åra endra seg til at det er fleire elevar som treng tilpassa opplæring eller Individuelt tilrettelagt opplæring. Det er også mange fleire elevar som har framandspråkleg bakgrunn. Det har følger for tilbod om forsterka norskopplæring og kva fagleg nivå elevane er på i den ordinære undervisninga.

Skulen har også ansvaret for vaksenopplæringa. Der er det i dag nesten berre deltakarar frå Ukraina. Dei har i utgangspunktet tilbod om eit introduksjonskurs på 6 månader. Deltakarane kjem til Stranda på ulike tider gjennom året. Det gjer at opplæringa i Norsk må delast i fleire grupper. Det gjer at ressursbruken kunne vore meir effektiv viss alle deltakarane hadde vore ei homogen gruppa. Nokre deltakarar kan også ha behov for lengre introduksjonskurs. Det er fleire av dei som har traume og andre utfordringar (fråvær) som gjer at dei ikkje få eit godt nok tilbod innanfor dei oppsette 6 månadene.

| | 2021 | 2022 | 2023 | B2024 | B2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 28 | 26 | 26 | 25 | 26 |
| Tal på årsverk | 25 | 23 | 22,5 | 24 | 25 |
| Tal på elevar | 124 | 111 | 109 | 107 | 115 |
| Tal på minoritetsspråklege | 5* | 5* | 7* | 10 | 20 |

Tal på stillingar som går til enkeltvedtak/saker:

| | 2021 | 2022 | 2023 | B2024 | B2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Spesialundervisning | 1,4 | 6,5 | 6,5 | 8 | 12 |
| Norskopplæring | 0,5 | 1,5 | 1,5 | 8 | 7 |

I 2026 blir stillingane til norskopplæring redusert frå 2025 med 1,0 stilling p.g.a. økonomi. Lønnsmidlane er ikkje ordinære, det var eit auka tilskot til flyktningetenesta, og stillinga vart finansiert over sosialbudsjettet.

Stillingar til spesialundervisning er høgt. Skulen har pr. 01.10.25 2 elevar som krev 100% oppfølging av ein dedikert vaksen. I tillegg har skulen organisert Individuelt tilrettelagt opplæring for 7 andre elevar i gruppe eller aleine. Skulen har også mange elevar med diagnose dysleksi og generelle og spesielle lærevanskar.

*Talet på elevar med vedtak om norskopplæring for minoritetsspråklege, eller vedtak om fritak for sidemål. Frå 2024 er talet på elevar med flyktningebakgrunn auka p.g.a. fleire flyktningar frå Ukraina.. Skulen har også fleire elevar med bakgrunn som minoritetsspråklege. Nokre av desse elevane treng forsterka norskopplæring, andre ikkje.

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2026**

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Skulen har over fleire år redusert talet på lærarar og assistentar. Dei siste åra har behovet for tilrettelegging for enkeltelevar økt. Skulen har likevel klart å organisere dette på ein forsvarleg måte. I løpet av 2025 auka talet på slik tilrettelegging (skuleåret 2024-2025) . Det held seg oppe i skuleåret 2025-2026. Skulen har i dag mange elevar på alle

trinn som treng slik tilrettelegging. Kullet som  starta i 8. klasse hausten 2025 hadde større hjelpebehov enn forventa. Samstundes her talet på elevar på 9. og 10. Trinn også auka. Det har kome til tre nye elevar på 10. Trinn. To av dei treng mykje tilrettelegging. Skulen har også elevar som kjem frå Ukraina. Fleire av desse treng mykje ekstra undervisning i Norsk og Samfunnsfag, og dei treng ekstra hjelp i dei andre faga, p.g.a. språkutfordringane.

Skulen er i gong med å  samle grupper for å utnytte lærarkapasiteten. Det er mogleg å gjere dette organisatorisk og økonomisk, men konsekvensen er at fleire av elevane ikkje får tilrettelagt opplæringa optimalt.

**Tiltak innanfor ramme:**

- Skulen såg seg naudsynt til å halde talet på tilsette oppe på nivå med 2024. Det vart ikkje sett inn vikarar våren 2026, fordi situasjonen hausten 2026 var uklar. Utover hausten har talet på tilsette vore det same som for skuleåret 2024/2025. Det var det rom for, i og med eit mindreforbruk våren 2026. Frå 2026 er det planlagt to stillingar mindre på våren, og ei stilling mindre frå hausten.
- Skulen vil fortsette arbeidet med å organisere undervisninga og den sosialpedagogiske oppfølginga slik at fleire elevar blir å rekne som heilt eller delvis ordinære elevar, med så lite hjelpebehov som mogleg. Skulen har som overordna mål "Å lære meir", og det er ein innarbeida praksis at det skal vere mogleg å lære alt ein treng for å fungere godt i skulesamfunnet, også dei sosiale og emosjonelle ferdigheitene, i tillegg til dei kognitive.  Det er den viktigaste årsaka til at elevane på Stranda Ungdomsskule totalt sett har eit lite behov for ekstraordinære tiltak mot åtferd og utanforskap.
- Skulen vil fortsette å styre stramt når det gjeld å bruke vikar i timar der det er ei stor lærardekning. Alle elevar skal få kvalifiserte lærarar i undervisning. Det har skulen vist at den klarer gjennom stram organisering og god styring av dei tilsette sine stillingsbrøkar.

**Vaksenopplæring**

Flyktningane som no kjem frå Ukraina har  ikkje same skulefaglege bakgrunn som dei som kom i 2022 og 2023. Mellom anna er det svært få som har andre språk enn Ukrainsk og Russisk. Nesten ingen kan engelsk. Tilskotet skulen fekk gjennom NAV for å engasjere ein av dei mest ressurssterke av flyktningane som assistent, vil ikkje vere tilgjengeleg lengre. Skulen må fortsette drifta utan denne ressursen i 2026. .Dette gjeld personen som har bakgrunn frå Ukraina, og som fungerer som lærar i vaksenopplæringa og i ungdomsskulen. Denne læraren får ikkje skulen lenger refusjon til. Det har også vist seg at fleire flyktningar ikkje kan ha eit kortare introduksjonsprogram. Det igjen betyr at skulen må ha fleire norskkurs og bruke meir ressursar på introduksjonsordninga.

# RINGSTAD OG HELSTAD BARNEHAGE

## RINGSTAD BARNEHAGE

**Kort skildring av verksemda:**

Barnehagen er godkjent for 80 plassar. Frå 01.08.2024 har vi drifta 60 plassar. Fordelt på tre avdelingar Fjorden og Bygda storbarnsavdelingar og Fjellet småbarns avdeling. Bemanninga består av 13,4 årsverk. Barnehagen ligg sentralt plassert med Stranda ungdomsskule, Idrettshallen og Stranda Vidaregåande som nærmaste naboar. Barnehagen har eit stort og fint uteområde som innbyr til mykje variert leik. Vi følgjer krav og pålegg som lover og retningslinjer gir oss, jfr. blant anna Barnehagelova og Rammeplanen.

Opningstid: 06.40–16.15 måndag- fredag.

| | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 20 | 20 | | 14,5 | 15,5 |
| Tal på årsverk | 15,3 | 15,3 | | 13,4 | 13,4<br>(2 årsverk er på FAG og 1 årsverk på utlån til Helstad) |
| Tal på plassar | 78 | 80 | 67 | 60 | 60 |
| Tal på minoritetsspråklege | 23 | 23 | | 26 | 15 |

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2025**

Reduksjon i tal på årsverk jf. driftstiltak 2024 og antal barnehageplassar er vidareført i 2025. I april 2024 omorganiserte ein administrasjonen i dei kommunale barnehagane. Det er no felles einingsleiar for Helstad og Ringstad barnehage. Einingsleiar og

assisterande styrer deler på å vere fysisk til stades i barnehagen. Ny organisering og leiing frå 1.april 2024 til dags dato.

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Det har dei siste åra vore ein nedgang i søkjartalet til barnehagen. Dette har samanheng med nedgang i barnetalet for Stranda Kommune. Dette har ført til at Ringstad barnehage har reduserte barnehageplassar frå 80 plassar til 60 plassar.

Ringstad barnehage har dyktige og reflekterte fagpersonar, og vi har nok pedagogar som stettar pedagognorma etter lovverket. Det er lite utskifting i personalgruppa, noko som gir stabilitet og tryggheit i organisasjonen ein ser også at sjukefråværet er redusert betrakteleg 5,36% hittil i år noko som er svært bra for organisasjonen.

Ringstad barnehage er det eit mangfald av mange barn som er fleirspråkleg. Å ha mangfald av ulike språk og kulturar i barnehagen er positivt og gir mykje læring på mange nivå. Samtidig må vi vere bevisste på å legge til rette slik at alle barn får gode forutsetningar for å tileigne seg gode norsk kunnskapar i barnehagetida si. Dei kommunale barnehagane bruker ASK som ein del av kvardagstilbodet til barna.

Vi opplever å ha eit godt samarbeid med foreldra gjennom dagleg kontakt og gjennom formelle organ som foreldremøte, foreldrerådet, SU (samarbeidsutvalet) og foreldre-samtalar. Tilbakemeldingane er fornøgde foreldra og barna viser god trivsel i barnehagen.

**Tiltak innanfor ramme/prosjektmidlar:**

Personalgarderobe og pauserom for alle er på plass. Dei har no eit godt eigna pauserom, toalett og garderobe som dei disponerer. Slike tiltak hjelper på for å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø. Vi har også fått laga til eit møterom. Nytt brannvarslingsanlegg er på plass. Bad på eine avdelinga er nytt og endringar på bad nr 2 er gjennomført. Solskjerming på avdelingane og to nye varmepumper er montert. Utskifting av lysarmatur på den eldste delen av bygget skjer i november/desember 2025. Bygget vart mala utvendig no i haust, resten av bygget blir tatt våren 2026.

Utviklingsarbeid: "Språk og omgrep for inkludering" vi jobbar med bruk av ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) for alle barn.

Vi deltek i Erasmus+ prosjekt (Internasjonalisering i skule og barnehage) der vi samarbeider med barnehage og støttetenester i andre europeiske land. Dette er for å skape større kjennskap til og forståing for kvarandre sin kultur, korleis dei arbeider i barnehage, deira barnesyn.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:**

1. Vedlikehald og utskifting av uteleikeapparat.
2. Lysarmatur til uteområdet (inngangspartiet til barnehagen)
3. Lysarmatur til ny delen
4. Gjerde på uteområdet.

**Utfordringar:**
Omorganisering er aldri enkelt og det tar tid for å sette nye rutinar og strukturar etter lang tid med same struktur og leiing. Men trass i store endringar og ny leiing, opplever eg ein organisasjon som er imøtekommande. Eg vil rette eit ekstra fokus på nedgangen i sjukefråværet i 2024 og 2025. Noko som viser at Ringstad barnehage har motiverte og engasjerte tilsette og som trivest på jobb.

## HELSTAD BARNEHAGE

**Kort skildring av verksemda:**

Helstad barnehage ligg i Strandadalen like ved Svemorka industriområde. Barnehagen vart bygd i 1994. Barnehagen har eit stort uteområdet og heile bygget til eige bruk. Barnehagen er godkjent for 63 barnehage plassar i dag driftar vi 36 plassar frå nyttår 39 plassar.

Helstad har to avdelingar, ei småbarnsavdeling Raudrevane og ei storbarnsavdeling Blårevane.  Vi på Helstad har fokus på å gjere Helstad barnehage til ein best mogleg barnehage for barn, foreldre, tilsette og miljøet rundt oss. Vi følgjer dei krav og tenestene som kommunen og Barnehagelova har pålagt oss.

Opningstid 06.45-16.15 måndag-fredag

| | 2022 | 2023 vår | 2023 haust | 2024 vår | 2024 haust | 2025 haust |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 11 | 11 | 9 | 9 | 8 | 8 |
| Tal på årsverk | 9,5 | 9,2 | 6,6 | 6,9 | 5,9 | 6,9 |
| Tal på plassar | 52 | 42 | 29 | 29 | 28 | 30 |
| Tal på minoritetsspråklege | 9 | 7 | 6 | 6 | 6 | 5 |

## Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2025

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

I april 2024 omorganiserte ein administrasjonen i dei kommunale barnehagane. Det er no felles einingsleiar for Helstad og Ringstad barnehage.

Reduksjon i bemanninga på 2,6 årsverk er vidareført inn i 2025. I 2025-2026 har Helstad fått fleire søkjarar noko som har ført til omdisponering av tilsette mellom Ringstad og Helstad barnehage med 1 årsverk.

Helstad barnehage har eit veldig godt arbeidsmiljø, noko som viser seg igjen i svært dyktige, samarbeidsvillig, reflekterte og ikkje minst løysingsorienterte medarbeidarar. Fornøgde barn, gode tilbakemeldingar frå foreldre. Tilbakemelding frå brukarane er at dei er godt fornøgd med det tilbodet vi har gitt dei. Etter siste brukarundersøking kom det fram at Helstad har dei mest fornøgde brukarane på Nordvestlandet. Dette er noko vi alle i barnehagen er veldig stolt av og viser at barnehagen er eit godt sted å vere for store og små. Vi opplever eit godt samarbeid med foreldra gjennom dagleg kontakt og gjennom formelle organ som foreldremøte, foreldrerådet, SU (samarbeidsutvalet) og foreldresamtalar.

**Nye tiltak innanfor ramme:**

Nytt utviklingsarbeid for tilsette "Språk og omgrep for inkludering" fokus på bruken av ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) for alle barn. Vi deltek i Erasmus+ prosjekt (Internasjonalisering i skule og barnehage) der vi samarbeider med barnehage og støttetenester i andre europeiske land. Dette er for å skape større kjennskap til og forståelse for kvarandre sin kultur, korleis dei arbeider i barnehage, deira barnesynet.

Vi har fått sett opp nytt klatrestativ ved hjelp av gåve midlar fra foreldrerådet og Stranda Kommune.

Nytt brannvarslingsanlegg, nødlys  og orienteringsplanar er montert.

Ny rømmingstrapp utvendig blir montert i løpet av november 2025.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:**

1. Vedlikehald av bygg utvendig
2. Ombygging av bad på småbarns avdeling
3. Utvendig solskjerming
4. Uteleikeapparat

**Utfordringar:**

Det har vore felles leiing for Helstad og Ringstad barnehage frå 1.april 2024. I ei omorganisering tek det tid for å sette nye rutinar og strukturar. Men trass i store endringar for tilsette og mindre tilstades leder, opplever eg dei tilsette som imøtekommande, positive og løysningsorienterte.

## SUNNYLVEN BARNEHAGE

**Kort skildring av verksemda:**

Barnehage godkjent for 42 plassar. Ligg i Ringdalsvegen på Hellesylt, nært både Bygdetunet og brannstasjonen.

Vi har ope frå kl 07.00 til 16.15 måndag - fredag og det er etter foreldra sitt behov. Vi er frå august 2025 bemanna etter drifta av 28 plassar.

Einingsleiar har sidan 01.04.2024 delt stillinga si slik: 50 % einingsleiar Sunnylven barnehage og 50 % assisterande styrar Ringstad barnehage, dette grunna nedgang i barnetal og omorganisering i administrasjonen i dei kommunale barnehagane.

| | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | **Vår 2025** | **Haust 2025** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 11 | 11 | 9 | 10 | 9 | 7 |
| Tal på årsverk | 8,07 | 8,25 | 7,36 | 7,61 | 7,11 * | 5,42 |
| Tal på plassar | 42 | 38 | 32 | 28 | 31 | 28 |
| Tal på minoritetsspråklege | 1 | 1 | 0 | 0 | 2 | 1 |

*1 årsverk av dette er på FAG

"Lov om barnehager § 16 Rett til plass i barnehage" og "§ 18 Prioritet ved opptak" seier noko om kven som har rett til barnehageplass, kvar og når.

"Lov om barnehager § 26 Grunnbemanning" gir oss føringar for bemanning samt "Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, § 1 Norm for pedagogisk bemanning" som gir oss berekninga av pedagogar

SFS 2201 Barnehager, skolefritidsordninger skole og familiebarnehager 3.1.1.

Satsane for foreldrebetaling og eventuelle betalingsreduksjonsmulegheiter vert fastlagt i Statsbudsjettet.

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2026**

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Vi har barnehagelærarar med godkjent utdanning i faste stillingar og ingen på dispensasjon. Våre tilsette er fagleg dyktige og reflekterte og har lang fartstid i barnehagen vår. Barnehagen har både kvinner og menn tilsett, noko som er svært positivt for både barn, foreldre og kollegaer.

Barnetalet er det som er grunnlaget for drifta vår og for komande haust (2026) har vi satsa på å behalde noverande antal plassar (28) så her kan vere litt rom for tilflytting. Bemanninga vert kvart år justert etter talet på barn som har plass i barnehagen. Vi opplever å ha full oppslutnad omkring barnehagen frå foreldra, men merkar at barnetalet ikkje er aukande.

Vi får gode tilbakemeldingar frå foreldre i daglege treffpunkt, foreldresamtalar og brukarundersøking.

Slitasjen på utearealet er godt merkbar etter vel 20 års drift og dette er innmeldt til vaktmeistertenesta for oppgradering/drenering av vatn m.m. og dette var lova utført hausten 2022, noko som ikkje vart gjort, heller ikkje i løpet 2023, 2024 eller 2025. Uteleikeapparata er også slitne og her er det foreldre/gåver frå organisasjonar som i stor grad har vore bidragsytarar, så mange kommunale kroner har vore sparte her gjennom åra. Innvendig er der også preg av 20 års dagleg drift og behov for oppgradering med for eksempel eit målingsstrøk.

Budsjettet for 2026 er fortsatt svært stramt og gir ikkje rom for noko avvik.

**Nye tiltak innanfor ramme:**

Nytt utviklingsprogram for tilsette kalla "Språk og omgrep for inkludering" der vi jobbar med bruk av ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) for alle barn.

Vi har auka opp ei assistentstilling 20 % frå januar 2026 slik vi kan dekke inn nokonlunde med assistent når pedagogane har plantid

Vi deltek i Erasmus+ prosjekt (Internasjonalisering i skule og barnehage) der vi samarbeider med barnehage og støttetenester i andre europeiske land. Dette er for å skape større kjennskap til og forståing for kvarandre sin kultur, korleis dei arbeider i barnehage, deira barnesyn m.m.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:**

Utbetring av uteleikeapparat då der er slitasje og naturkreftene har påverka så resultatet er slitne leiker, behov for utskifting av delar og oppfrisking.

Måling av barnehagen utvendig, kun verveggen har blitt måla sidan 2003. Måling innandørs også.

Innkjøp av varmepumper for å senke utgiftene til elektrisitet

**Utfordringar:**

Som tidlegare år er det å finne stabile sjukevikarar når det er behov for det, enten det er kort– eller langtidsfråver. Brukarane våre treng kontinuitet, stabilitet og nok tilsette.

## KULTUR/IDRETT

**Kort skildring av verksemda:**

Eininga Kultur og fritid omfattar Stranda folkebibliotek , Stranda kulturskule, allmenn kultur og idrett, kultur- og idrettsbygg, og idrettsanlegg. Eininga har også ansvar for å administrere ungdomsrådet, og utøver rolla som barn- og unges representant i kommunen. Eininga

har til oppgåve å legge forholda til rette slik at innbyggarane i kommunen får høve til å oppleve og ta del i eit større mangfald av kulturuttrykk. Administrativt har eininga tilhald i Storfjord kulturhus.

| | 2022 | 2023 | 2024 | B2025 | B2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 13 | 13 | 13 | 13 | 13 |
| Tal på årsverk | 6,1 | 6,4 | 5,38* | 5,38 | 5,38 |

*Nedgangen i stillingar er ikkje like omfattande som det kan sjå ut, men er knytt til at Fjord kjøpte tenester frå Stranda og med det finansierte noko av ei stilling. Nedgangen i stilling er konkret knytt til mindre administrasjon i kulturskulen og at biblioteket i Geiranger ikkje er i drift.

Tal på elevar og timar (60 min) i kulturskulen (tal frå GSI – pr skuleår)

| | 2022/2023 | 2023/2024 | 2024/2025 | 2025/2026 |
|---|---|---|---|---|
| Registrerte elevplassar (stk.) | 209 | 179 | 180 | 166 |
| Elevar på venteliste (stk.) | 24 | 20 | 11 | 4 |
| Musikk (timar) | 1821 | 1445 | 1673 | 1300 |
| Teater (timar) | - | - | - | 51 |
| Visuelle Kunstfag (timar) | 102 | 59 | 51 | 51 |
| Dans (timar) | 102 | 83 | 119 | 94 |
| Andre kulturuttrykk (timar) | 23 | - | - | |
| Sal til korps, skular og andre (timar) | 821 | 669 | 762 | - |

**Nye tiltak innanfor ramme:**

- Innføring av nytt fagsystem for biblioteka. Samordning v/ ABM-seksjonen i fylkeskommunen.
- Vidareføring av deltaking i prosjekt «Litteraturhus i Møre og Romsdal», der Bjørnsonfestivalen og Nynorsk kultursentrum lagar litterære programturnear til alle biblioteka i fylket.
- Det er laga ei «ungdomsavdeling» på biblioteket der det er tilgang på ungdomsbøker og spelkonsoll m.a.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:**

- Kompetanseheving innan digitalisering, bibliotekfag eller LAP/leiarutdanning.
- Tilbod til ungdom utanom biblioteket si faste opningstid knytt til den oppbygde «ungdomsavdelinga»
- Etablering av eigna lokale for samla danseundervisning i kulturskulen.

**Utfordringar:**

Ressurssituasjonen har over tid vore utfordrande for eininga. Fleire av dei tilsette på kulturskulen og biblioteket jobbar i mindre stillingsbrøkar, noko som kan vanskeleggjere rekruttering.

Eininga opplever pågang av førespurnadar der det vert etterlyst uformelle møteplassar for born og unge som ikkje er ein del av organisere aktivitetar. Møteplassar som Open hall og ungdomsklubb er eit positivt tiltak for ei stor gruppe ungdomar, men det kunne med fordel ha vore fleire tilbod som supplerte dette. Dette vil krevje auka ressursar av eininga og tett samarbeid med Frivillegsentralen.

Det er naudsynt med tilrettelegging for friluftsliv, lågterskeltilbod sett i lys av eit folkehelseperspektiv, og meir fokus på integrering av flyktningar og arbeidsinnvandrarar i kulturtilbodet. Det er behov for lokale for innandørstrening for dei ulike idrettane, og eigna lokale for å samle all danseundervisning i kulturskulen.

## 7. KOMMUNALOMRÅDE HELSE, PLEIE OG OMSORG

Helse- og omsorgssektoren er- og står framleis framfor ei krevjande tid, med auka behov for tenester og fleire eldre innbyggjarar. Sjølv om budsjettet for 2026 er i balanse, er det tydeleg at dagens struktur ikkje er berekraftig over tid. Skal vi møte framtidige behov og sikre forsvarlege tenester, må nødvendige strukturendringar gjennomførast.

Dette handlar ikkje om bortfall i tenestetilbodet, men om å bruke ressursane klokare. Kommunen har i dag høgare dekningsgrad innan heildøgns omsorg enn samanliknbare kommunar og landet elles. Delar av ressursane er bundne opp i små, kostnadskrevjande einingar. Ei styrt omstilling vil gi rom for å satse på fagmiljø, kompetanse og kvalitet.

I 2025 starta ein etablering av tenestekontor med 1,2 årsverk. Kontoret skal bidra til betre samordning av tenestene, betre brukaroppfølging og meir heilskapleg saksbehandling. Foreløpig etablering er gjennomført innanfor eksisterande rammer ved å omdisponere ressursar frå hab/rehab og heimetenesta.

Arbeidet med optimalisering av ressursbruk, utvikling av fleksible tenestemodellar og digital støtte held fram. Samtidig må vi handtere høgt sjukefråvær og krevjande rekrutteringssituasjon, som påverkar både tenestekvalitet og arbeidsmiljø. Tiltak for å styrke arbeidsevne, trivsel og kontinuitet blant tilsette er avgjerande.

Trass utfordringar pregast sektoren av framtidstru, med ny sjukeheim i planlegging og ei tydeleg administrativ og politisk retning for struktur og prioriteringar, har vi moglegheit til å bygge ei helse- og omsorgsteneste som er både trygg, fagleg sterk og berekraftig – også for framtidige generasjonar.

| Helse, Pleie og Omsorg | | Rekneskap 2024 | Reg. budsjett 2025 | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 3010 | STRANDA DISTRIKT - HEIMETENESTENE | 16 355 085 | 15 614 166 | 31 490 360 | 31 490 360 | 31 490 360 | 31 490 360 |
| 3011 | STRANDA DISTRIKT - SJUKEHEIMEN | 36 128 876 | 42 876 619 | 45 056 626 | 45 056 626 | 45 056 626 | 45 056 626 |
| 3012 | STRANDA DISTRIKT - SOLBAKKEN | 9 891 071 | 11 190 071 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3014 | STRANDA DISTRIKT - LIABYGDA | 3 198 241 | 3 581 018 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3015 | HTF | 3 636 902 | 5 010 835 | 4 682 386 | 4 682 386 | 4 682 386 | 4 682 386 |
| 3016 | STRANDA DISTRIKT - KJØKKENET | 2 007 295 | 2 384 688 | 2 454 296 | 2 454 296 | 2 454 296 | 2 454 296 |
| 3017 | STRANDA DISTRIKT - DAGSENTERET | 1 464 015 | 1 680 147 | 1 722 455 | 1 722 455 | 1 722 455 | 1 722 455 |
| 3020 | SUNNYLVEN DISTRIKT | 19 703 073 | 20 681 056 | 20 601 469 | 20 601 469 | 20 601 469 | 20 601 469 |
| 3030 | GEIRANGER DISTRIKT | 5 991 526 | 6 471 920 | 7 154 568 | 7 154 568 | 7 154 568 | 7 154 568 |
| 3040 | HAB - REHAB | 30 920 617 | 33 919 513 | 36 100 769 | 36 100 769 | 36 100 769 | 36 100 769 |
| 3042 | PSYKIATRISK DAGSENTER | 0 | 77 209 | 76 499 | 76 499 | 76 499 | 76 499 |
| 3043 | AVLASTNINGSBUSTAD | 42 792 | 136 409 | 136 272 | 136 272 | 136 272 | 136 272 |
| 3050 | HELSETENESTA | 22 090 116 | 25 389 714 | 20 815 738 | 20 815 738 | 20 815 738 | 20 815 738 |
| 3060 | SOSIALTENESTA | 9 655 502 | 12 680 902 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3061 | Barnevern Fjord kommune | -58 343 | -205 916 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3064 | FLYKTNINGAR | 6 566 333 | 7 667 093 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3065 | FRIVILLEGSENTRALEN | 478 549 | 569 377 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3070 | NAV | 3 742 587 | 4 144 088 | 4 163 518 | 4 163 518 | 4 163 518 | 4 163 518 |
| **3010-3070** | **Helse, Pleie og Omsorg** | **171 814 237** | **193 868 909** | **174 454 956** | **174 454 956** | **174 454 956** | **174 454 956** |

3010-3017 Stranda distrikt:

- Det er lagt inn vidareføring av driftstiltaka frå budsjettet 2025.
- Auke i budsjettet frå 2025-2026 i Stranda distrikt skuldast mellom anna lønnsoppgjeret, generell prisvekst og realistiske summar knytt til regulativ- og høgtidstillegg.
- I 2026 er det budsjettert med sjukepleiar frå vikarbyrå under avviklinga av sommarferien på sjukeheimen og heimetenesta. Ein prøver sjølvsagt først å dekke av eigne ressursar.
- Heimetenestene/ Solbakken/ Liabygda må sjåast under eit fordi personell vert brukt på tvers.
- Det er lagt inn auka budsjett for å kunne gjere innkjøp og leasing av velferdsteknologi. Dette gjeld tryggleiksalarmar, Vardacare matter, medisindispensarar og Nattugle. Dette er tidleg innsats i omsorgstrappa som gir mindre press på tenestene.

3015 HTF:

- Reduserte overføringar til ressurskrevjande brukar ( bruk av delt ressurs)

3020 Sunnylven distrikt:

- Det er lagt inn vidareføring av driftstiltaka frå budsjettet 2025.
- Auke i budsjettet frå 2025-2026 i Sunnylven distrikt skuldast mellom anna lønnsoppgjeret og generell prisvekst.
- Omlegging av tilskotsordning, føre til mindre overføringar til ressurskrevjande brukar.

3030 Geiranger distrikt:

- Auke i budsjettet frå 2025-2026 skuldast mellom anna lønnsoppgjeret og generell prisvekst
- Tilføring av lønsmidlar til heimehjelp, ein fagarbeidar på kveld , samt reduksjon i lønsmidlar til leiing, utgjer totalt ei auke i på 0,93 årsverk.
- Auka bruk av vikarbyrå på grunn av rekrutteringsutfordringar som vil bli brukt ved ferieavvikling og i tida før og etter sommar når ein har færre vikarar tilgjengeleg. Ein vil prøve å dekke inn med eigne tilsette først.
- Utbetring av skovrom for å stette krav til hygiene (dekontaminator)

3040 Hab/rehab:

- Auke i budsjettet frå 2025-2026 i hab/rehab skuldast mellom anna lønnsoppgjeret og generell prisvekst. I tillegg har vi redusert refusjonane for ressurskrevjande brukarar  med 3 mill, dette er gjort utifrå erfaringstal.
- Auke i budsjettet frå 2025-2026 skuldast bortfall eller reduksjon i utbetalingar av prosjektmidlar til etablering av ROP-bustad
- Omlegging av tilskotsordning, føre til mindre overføringar til ressurskrevjande brukarar

3050 Helsetenesta:

- Auke i budsjettet er lønnsoppgjeret og generell prisvekst
- Auke i vikarbruk på grunn av permisjonar
- Legevakta i Sykkylven utgjer ein kostnad for Stranda kommune

3070 NAV:

Auke sosialstønad kr 719 430.

- Press på tenestene. Har behov for auke i stillingsomfang. Bør vurderast i løpet av budsjettprosessen om ein finn rom for dette.
- Det er ikkje budsjettert nok til å dekkje auke i sosialhjelpsutgifter, då særleg knytt til busetting av flyktningar.

NAV

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Nav har dei siste åra hatt eit enormt press på dei kommunale tenestene grunna mottak av flyktningar. Stranda kommune har ikkje auka opp stillingsressursar ved Nav sidan Nav kontoret blei etablert i 2007. Vi hadde i utgangspunktet for lite kommunale ressursar i 2022, i perioden 2022-2025 har det blitt busett 130 flyktningar som i stor grad har vore avhengig av Nav for inntektssikring. Dette har vist seg gjennom årlege overskridingar på økonomisk sosialhjelp. Talet på vedtak om økonomisk sosialhjelp er tre dobla. Med ei så stor auke i sakshandsaming har det har gått ut over den arbeidsretta brukaroppfølginga, som førar til at brukarane kjem i lønna arbeide å vert sjølvhjelp. Nav er pr i dag ikkje rigga for ytterlegare busettingar. Våre ressursar vert i dag nyta på inntektssikring framfor arbeidsretta aktivitet.

## STRANDA DISTRIKT

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Utfordringane generelt i pleie- og omsorgstenestene er tilgang på arbeidskraft -både med og utan kompetanse. Vi har utfordringar med eit høgt sjukefråvær i dei ulike avdelingane. Dette blir det jobba aktivt med, og vi har hatt bistand inne frå Arbeidslivs senteret både til sjukeheimen og heimetenesta. Det vart oppretta ei 100% sjukepleiestilling i heimetenestene i haust for å sjå om vi kan redusere sjukefråvær og bruk av overtid. Dei siste åra har vi nytta vikarbyrå om sommaren for å kunne drifte forsvarleg i høve sjukepleiefagleg kompetanse. Som ein følge av heiltidskultur har vi på alle avdelingar mange ledige vakter på helg der det ikkje er nokon som er fast tilsett. Det blir nytta mykje ressursar for å rekruttere personale til desse vaktene-det utgjer totalt 3,5 årsverk. Med tanke på framtid må vi tenke samlokalisering av tenestene for å kunne ha tilstrekkeleg tilgang på personale. Vi må få auka kompetansen til assistentane våre slik dei kan bli offentlege godkjente helsefagarbeidarar. Vi har også fått god hjelp via NAV og voksen opplæringa der vi har hatt personar i arbeid som eit ledd i å lære seg norsk språk. Det er kontinuerleg fokus på å gi tenester etter omsorgstrappa-ei kulturendring for mange av innbyggarane. Likevel er det heilt naudsynt med tanke på antal plassar vi har til rådigheit og i møte med ei framtid med fleire eldre og mindre arbeidskraft. Brukarane med pårørande og tilsette opplever det utfordrande til tider å drifte med få omsorgsbustader med døgnbemanning i Stranda tettstad.

STRANDA DISTRIKT – HEIMETENESTENE

**Kort skildring av verksemda:**

Heimetenestene har stått i store endringar siste åra. Det er ein felles personalbase HT/Solbakken og Liabygda. Omsorgsbustadane ved Solbakken og Liabygda omsorgsbustader er ikkje fysisk tilrettelagt for verken bebuarane eller dei tilsette, og dette har medført at dei dei 8 omsorgsbustadane Dalane ved Stranda omsorgssenter har blitt tildelt brukarar med omfattande hjelpebehov. Dette er det heimetenestene som yter hjelp til 24/7. Det er stort behov for tenestene på natt til heimebuande, og ein ser stor effekt i bruk av velferdsteknologi.

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal på årsverk(HT/Solbakken/Liabygda) | | 32,62 | 33,67 | 33,67 | 32,29 |
| Brukarar praktisk bistand | 55 | 25 | 58 | 87 | |
| Brukarar heimesjukepleie | 126 | 131 | 154 | 135 | |
| Heimesjukepleie under 14 dagar | 44 | 47 | 27 | 7 | |

Stilling 100% på natt er overført sjukeheim på budsjett.

**Økonomiske rammer og konsekvensar av budsjett 2026:**

Det har vore fokus på å nytte omsorgstrappa ved tildeling av tenester. Vi opplever i praksis at dei som får hjelp har mykje meir utfordrande hjelpebehov enn tidlegare. Vi ser at tal på brukarar av heimesjukepleie har gått ned, men hjelpebehovet til kvar enkelt brukar er mykje meir omfattande enn tidlegare med tanke på tidsbruk. Dette er i tråd med tilbakemeldingane vi har fått av RO at ein må ha fokus på omsorgstrappa ved tildeling av tenestene. Det er ei utfordring at vi ikkje har ressursar nok til å jobbe forebyggande opp mot heimebuande for å kunne minske på trykket til tenestene. Det blir jobba med at det skal bli gjort forebyggande besøk av ergoterapeut/fysioterapeut og sjukepleiar med fokus på helse og meistring. Det er tatt ut 60% stilling sjukepleiar av drifta til HT for å drifte Tenestekontoret. Det er også tatt ut 40% stilling som kreftsjukepleiar som er stasjonert på servicekontoret og yter tenester pasientar med kreft diagnose i alle bygdelag. Stranda kommune har ikkje oppretta stilling som kreftkoordinator. Ein helsefag arbeider jobbar pt 30% stilling med fokus på velferds teknologi og praktisk oppfølging av dette. Det burde vore avsett meir midlar til personale med fokus på denne oppgåva. Stranda kommune har heller ikkje oppretta stilling som Demens koordinator. Dette blir stadig viktigare ettersom brukarar med demens er ei

aukande gruppe. Koordinatoren vil kunne følge opp bruker og pårørande med rettleiing i ein utfordrande situasjon. Vil kunne fungere som bindeledd med dei ulike tenestene og også veillede personalet.

STRANDA DISTRIKT – SJUKEHEIMEN

**Kort skildring av verksemda:**

Sjukeheimen har 38 sjukeheimsplassar-derav 8 kortidsplassar inkludert 1 KAD plass(kommunal akutt døgnplass). Vi har ei leilegheit for pasientar i den terminale fasen knytt til korttids avdelinga. Her kan pasient med familie/nære pårørande få vere for seg sjølve og med moglegheit for overnatting.

På korttids avdelinga er det fokus på å få pasientane rehabilitert i tett samarbeid med fysio/ergo og heimetenesta. Viktig med god dialog med involverte partar for å få ein god pasientflyt. På langtidsplassane har vi eit stort press og der er ikkje ledige plassar over tid. Brukarane og pårørande opplever det som utfordrande å måtte flytte til Hellesylt eller Geiranger når det er behov for døgn bemanna omsorgsbustad –det er kun ti plassar ved Solbakken omsorgsbustad.

Sjukeheimen har eit auka press frå sjukehuset der pasientane har stadig meir komplekse i dei medisinske utfordringane-pasientane blir tidlegare overført kommunen enn tidlegare. Det har vore fokus på å auke den sjukepleiefaglege kompetansen noko ein har lykkast med.

Vi har generelt store utfordringar med å dekke vakante vakter på helg, sjukefråvær og ved ferieavvikling. Sommaren 2025 nytta vi vikarbyrå for å kunne drifte i samsvar med lovkrav om sjukepleiar tilgjengeleg 24/7.

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal på årsverk | 43,95 | 44,98 | 44,7 | 45,5 | 45,4 |
| Plassar langtid | 69 | 60 | 62 | 45 | |
| Plassar korttid | 88 | 128 | 96 | 108 | |
| Plassar KAD | 15 | 28 | 24 | 27 | |

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2026:**

Pasientane frå sjukehuset blir utskreve mykje tidlegare i forhald til tidlegare praksis. Vi har i 2025 hatt ca 55 døgnbøter. Dette har vore når korttidsavdelinga har vore full.

Tidlegare har vi lagt på dobbeltrom i slike situasjonar noko som er uheldig for både pasientar og tilsette. Genererer ofte stress for personalet som igjen kan gi sjukefråvær. Vi må også heile tida vurdere fagleg forsvarleg drift av sjukeheimen. Vi har legevisitt x 4 pr veke, men behovet er x 5 med tanke på pasientbelegget. Alle sjukepleiar stillingane ved sjukeheimen er pt besatt. Utfordring å rekruttere helsefagarbeidarar. Det er i dag ingen lærlingar i eininga vår. Vi ser at behovet for fleire tilsette på dagtid på lør- og søndager ville medført bedre teneste for bebuarane. Det blir ved stort press på tenestene leigd inn ekstra
ressursar.
Sjukeheimen ber preg av å vere utdatert bygningsmessig-har ikkje takheiser til å forflytte pas. , ikkje oksygenuttak frå vegg m.m. Planlegging av ny sjukeheim er på gang.

STRANDA DISTRIKT – SOLBAKKEN

**Kort skildring av verksemda:**

Solbakken har 25 leilegheiter derav 6 doble leilegheiter. Pr dato er der 10 bebuarar.

Omsorgsbustadane ved Solbakken er ikkje tilrettelagt for brukargruppa. Sovealkovane er svært smale noko som gjer det utfordrande å nytte rollatorar, ståheiser ol. På baderomma er toaletta plassert heilt inntil veggen slik det blir fysisk vanskeleg for personalet å stå på kvar side av toalettet for å kunne hjelpe brukaren på ein ergonomisk måte. I leilegheitene kan ein ikkje nytte dusjane ettersom der er lekkasje i golva. Bebuarane må derfor nytte fellesbad som det er eit av i kvar etasje. Dei ergonomiske arbeidsforholda for dei tilsette er ikkje tilfredsstillande i fht Arbeidsmiljø lova.

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2025**

Vi ser at slik bygget er fysisk utforma er det lite egna til formålet som omsorgsbustad. Vi må samlokalisere tenestene våre for å nytte personalressursane på ein best mogleg effektiv måte.

STRANDA DISTRIKT – LIABYGDA

**Kort skildring av verksemda:**

Liabygda omsorgsbustader består av 7 leiligheiter-5 enkle og 2 doble. Dette er ein ubemanna omsorgsbustad ettersom der ikkje er tilgjengeleg personale 24/7.

Desse leilegheitene er utfordrande å tildele då dei enkle leilegheitene ikkje er til rettelagt for brukarar som har behov for hjelpemiddel og plass til personale som skal assistere brukeren. Pr dato er der 4 bebuarar. Personalet reiser frå basen på Stranda og yter tenester i Liabygda. Der er kvilande nattevakt på Liabygda omsorgssenter som blir

oppringt av nattevakt på Stranda om nokon nytter tryggleiksalarm i Liabygda. Det er svært utfordrande å rekruttere nattevakter til Liabygda.

STRANDA DISTRIKT – HTF

**Kort skildring av verksemda:**

HTF er heimeteneste for yngre brukarar med nedsett funksjonsevne. Dette er brukarar med store hjelpebehov. Nattevaktene som yter heimesjukepleie til heimebuande er organisert her.

| | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|
| Tal på årsverk | 11,87 | 5,87 | 4,37 | 4,87 |

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2025**

Det er midlertidig ansatt ein person i 10% stilling til fagleg oppfølging av bruker og tilsette.

STRANDA DISTRIKT – KJØKKENET

**Kort skildring av verksemda:**

Personalet består av tre kokkar som har arbeidstid på dagtid i vekene. Produserer etter kok/kjøl prinsippet. Dei produserer middag til sjukeheimen, Solbakken,Liabygda, Sunnylven omsorgssenter og heimebuande i alle bygdelag. Frå hausten –25 blir det produsert middager også til Geiranger distrikt.

| | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 3 | 3 | 3 | 3 |
| Tal på årsverk | 2,75 | 2,75 | 2,75 | 2,75 |

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2025**

Med tanke på økonomi ser ein i løpet av 2025 at det har vore ein svært stor prisauke på matvarene nok som medfører eit auka budsjett i 2026.

Personalet ved kjøkkenet har ansvar for sjukeheimen når det gjeld lunsj enkelte dagar , smoothie kvar dag og kaker til helgane. Kaker blir også produsert til Solbakken og Sunnylven omsorgssenter. Kokkane tilbereder "laurdagskos" til pasientane ved sjukeheimen og bebuarane ved Solbakken og Sunnylven omsorgssenter. Det blir arrangert ulike temalunsjar i kantina som er felles for alle pasientane ved sjukeheimen-skape litt livsglede og endring i kvardagen. Eit veldig populært tiltak. Fagleder på

hovudkjøkkenet er på besøk 3 gongar i året til omsorgssenteret på Hellesylt og Solbakken. Her blir det då servert middag med fokus knytt opp mot årstidene. Arbeidsmengda på kokkane har auka dei siste par åra ettersom Sunnylven og Geiranger har større leveransar(kake og laurdagskos i tillegg til middag). Ein bør absolutt vurdere å auke opp bemanninga då ernæring er ein svært viktig del av kvardagen for dei eldre.

I Stranda distrikt har vi ein sjukepleiar med vidareutdanning i ernæringsfysiologi som server brukarane i Stranda distrikt. Ho har i samarbeid med personalet på dei ulike avdelingane kartlagt ernæringsstatus til brukarane, rettleiar pasientar og personalet og kan også kome med ulike menyforslag. Ho er eit viktig bindeledd mellom brukarane, personalet og hovudkjøkkenet, og bidreg til å auke kompetansen med tanke på ernæring generelt.

STRANDA DISTRIKT – DAGSENTERET

**Kort skildring av verksemda:**

Dagsenteret har base ved omsorgssenteret på Stranda. Det opent alle kvardagar på dagtid for brukarar som har vedtak på tenesta, og betaler for dette tilbodet. Dagsenteret er eit viktig tiltak for heimebuande, og også for nære pårørande til demente for å kunne stå i utfordringane det er å yte hjelp til sine over lengre tid. På Dagsenteret er det fellesmåltid, sosiale aktivitetar –brukarane får ei avveksling i kvardagen. Dagsenteret disponerer eigen bil til henting/bringing av brukarane(eigd av eininga).

| | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 3 | 3 | 4 | 4 |
| Tal på årsverk | 2,4 | 2,4 | 2,4 | 2,45 |

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2025**

I fortsettinga må ein eventuelt sjå på organiseringa av tenesta for å kunne yte hjelp til fleire innan eksisterande rammer.

## SUNNYLVEN OG GEIRANGER DISTRIKT

Sunnylven og Geiranger distrikt er i 2025 slått saman i forhold til drifta, men i regneskapet er dei åtskilt, med fordeling av felleskostnadar. Frå mars 2025 har ein hatt eigen einingsleiar for Sunnylven og Geiranger distrikt, tidlegare har Sunnylven distrikt og Stranda distrikt hatt felles einingsleiar og Geiranger distrikt har vore utan einingsleiar i 2024. Avdelingsleiar er frå mai 2025 felles for Sunnylven og Geiranger. Ein ser at det er ein fordel med felles leiing for Sunnylven og Geiranger. Dette i forhold til rutinar, utviklingsprosjekt, kompetanseheving, fag- og leiings kompetanse.

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Både i Sunnylven og Geiranger er det utfordring med å rekruttere til vakante stillingar, men spesielt i Geiranger. Ein har også utfordring med å få dekt opp vakter ved sjukefråvær, feriar, og særleg vakante stillingar på helg. Avdelingsleiar brukar mykje tid på innleige av vakter, noko som går ut over andre oppgåver. I 2025 har ein i større grad leigd inn personale frå vikarbyrå i sommarmånadane og tida før og etter sommaren. Det har vore nødvendig i forhold til forsvarleg drift og slitasje på personalet. Pr. dags dato driftar ein utan vikarbyrå. Ved tilsetting har ein i 2025 inngått avtale om dekking av husleige for enkelte nytilsette i ein periode, som eit rekrutteringstiltak. Dette har bidratt til at ein har dekt opp vakante stillingar og vikariat.

### SUNNYLVEN

**Kort skildring av verksemda:**

Sunnylven omsorgssenter har 20 leilegheiter i hovudbygget med 3 leilegheiter som er tilknytt dette. Dette er eit bygg som er godt fysisk utforma i forhald til brukarar med fysisk funksjonsnedsetting. Personalet i Sunnylven distrikt yter tenester etter vedtak til heimebuande, bebuarar ved omsorgssenteret og yngre brukarar med funksjonsnedsetting.

| | **2023** | | | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tal på årsverk | 26,65 | 25,07 | 24,99 | 25,32 | | |
| Brukarar praktisk bistand | 19 | 11 | 28 | | | |
| Brukarar heimesjukepleie | 38 | 44 | 39 | | | |

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2026:**

Drifta blir vidareført økonomisk på same nivå som 2025. Ein jobbar aktivt med utvikling av drifta innanfor dei rammene ein har, men det er ei utfordring i forhold til knappe midlar, som gir kapasitetsavgrensingar. Årsverka er på eit minimum i forhold til dei krava som ligg til til drifta. Omfanget i tid har auka for heimesjukepleie og der er ikkje rom for ytterlegare auke. Brukarar på omsorgsbustaden blir sjeldnare flytta vidare til neste omsorgsnivå, då der er avgrensa kapasitet på sjukeheimen på Stranda. Dette medfører at brukarane som bur på omsorgsbustadane er meir komplekse og meir pleietrengande enn tidlegare og dermed krev meir ressursar. Ein må difor vurdere og prioritere tida ein har til kvar enkelt brukar framover. Det er viktig at ein framover vurdere kvar ein vil legge inn ressursar i forhold til nivåa i omsorgstrappa, då ressursbruk på lågare trinn gir gevinst i form av seinare bruk av meir kostnadskrevjande høgare trinn i omsorgstrappa.

Det er behov kompetanseheving og endringar i forhold til arbeidsdeling for å kunne drifte på ein måte som gir betre kapasitet og kvalitet, men det er lite rom økonomisk til dette.

Ein har jobba aktivt med rekruttering og slik bemanninga er pr. dags dato er prognosen at ein ikkje har behov for å nytte seg av vikarbyrå i like stor grad i 2026 som i 2025. Ein må likevel som tidlegare år nytte seg av vikarbyrå for innleige av sjukepleiarar i periodar for sommaravvikling.

**Utfordringar:**

Ein har utfordringar med å rekruttere vikarar -både med og utan fagkompetanse. Dette gjelder ved sjukefråvær, avvikling av feriar og ved ledige vakter kvar helg, som er ei stor utfordring med å få dekt. I 2025 har ein måtte nytte seg i større grad av vikarbyrå enn tidlegare år. I oktober har det blitt lyst ut stillingar på helg og ein jobbar aktivt i forhold til tilkallingsvikarar om å inngå avtale om faste helgar, noko som kan lette planlegginga. Sommaren 2025 har ein hatt inne fleire postvertar som er for unge til å jobbe i pleie, men som har hatt oppgåver innan kjøkken og reinhald. Dette er eit tiltak for å på sikt rekruttere fleire tilsette innan pleie. Likevel ser ein at rekruttering vil kunne vere ei utfordring i framtida.

## GEIRANGER

**Kort skildring av verksemda:**

3030 Geiranger distrikt består av Geiranger Omsorgssenter med 9 leilegheiter. Personellet ved Geiranger omsorgssenter yt også heimeteneste på dagtid til heimebuande brukarar med vedtak på teneste.

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| Tal på årsverk | 7,32 | 7,31 | 7,31 | 8,21 |
| Brukarar praktisk bistand | 10 | 6 | 7 | |
| Brukarar heimesjukepleie | 12 | 11 | 10 | |

Tala inkluderer vaktmeister.

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2025.**

I budsjettet for 2026 ligg det inne ei auke i årsverk. Dette består både av ei reduksjon i forhold til leiing, då ein har fått felles leiing for Sunnylven og Geiranger, men også ei auke i forhold til at ein går frå ein til to kveldsvakter på alle dagar i veka og ei auke i heimehjelp. Dette gir totalt ei auke i årsverk frå 7,31 til 8,21. Bakgrunnen for auke i kveldsvakt er at brukarane blir meir komplekse og pleietrengande og at belastninga for ei kveldsvakt er for høg. I tillegg planlegg ein for at ein vil få oppdrag i heimesjukepleie utanfor omsorgsbustaden på kveldstid. Då må ein ha to kveldsvakter skal drifta inne på omsorgsbustaden vere forsvarleg. Ein har i 2025 ikkje nytta alle romma gjennom året, men med auke i bemanning på kveld vil ein kunne nytte fleire av romma i 2026. Då det har vore stor belastning på personalet, har ein frå november 2025 starta med middagslevering frå kjøkkenet i Stranda distrikt. I tillegg ligg det inne ei auke i heimehjelp, der ein flyttar denne oppgåva vekk frå pleiepersonalet.

Det er budsjettert med auke i bruk av vikarbyrå på grunn av utfordringa med rekruttering.

Det er lagt inn midlar til utbetringar bygningsmessig av vindauge på eit rom som står ledig, slik at det kan nyttast til bebuarar. Det er satt av midlar til innkjøp av dekontaminator inkl. Varmeskap og benkar, då ein ikkje har hatt dette ved omsorgssenteret, men vaska for hand bekken og flasker.

**Utfordringar:**

Mangel på søkjarar til vakante stillingar gjev utfordringar for drifta, spesielt knytt til overtid og stor arbeidsbelastning på personalet. Det er også utfordring å rekruttere tilsette med fagutdanning. Ein har pr. dags dato tre ledige vakante stillingar på til saman

206 %, i tillegg til ledige stillingar på helg. Det vil difor bli ei utfordring i tillegg å klare å bemanne opp ekstra kveldsvakt fordelt på fleire stillingar på tilsaman 138 %, som er nødvendig for drifta framover.

Lite økonomisk handlingsrom gjev utfordringar knytt til; å imøtekome pålegg og tiltrengt renovering. Dette gjelder både brukarrom og fellesareal som kjøkken. Det er behov for renovering av rom for brukarar på grunn av tronge bad og små soverom, som ikkje er tilpassa dagens drift.

## HABILITERING/ REHABILITERING

**Kort skildring av verksemda:**

Eining for Habilitering og rehabilitering yter lovpålagte tenester innanfor ansvar:
3040 Nymarkvegen, Møregata/Fjordgården og heildøgns tenester til ROP-brukarar
3043 Avlastningsbustad- Langlobøen

**Målgruppa som får tenester frå Habilitering og rehabilitering:**

- Personar innan brukargruppene psykisk utviklingshemming, psykiatri, rus og ROP (rus og psykiatri)

Vi gir følgjande tenester:

- Omsorgsstønad
- Støttekontakt til personar 0-100 år
- Avlastning
- Ledsagarbevis
- Miljøterapi
- Praktisk bistand

Eining for habilitering og rehabilitering har ansvaret for rapportering av personar med utviklingshemming. Vi jobbar aktivt og systematisk for å sjå til at den enkelte brukar har tenester og gyldige enkeltvedtak før rapportering til revisjon.

Refusjonen til denne brukargruppa vert lagt direkte inn i ramma til Stranda kommune. Dette er ikkje øyremerka midlar.

I 2025 rapporterte vi 12 personar med psykisk utviklingshemming.

| | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 43 | 55 | 54 |
| Tal på årsverk | 35,8 | 41,06 | 41,07 |

Hab/rehab har sidan 2020 fått tildelt prosjektmidlar frå Statsforvaltaren til brukargruppa innan ROP. For 2025 fekk vi til saman 1,4 mill. kroner, det er usikkert om tildelinga av prosjektmidlar vert på same nivå for 2026.

Hab/rehab har ansvaret for drift av Langlobøen. Lokala nytta vi til både avlastning born på dagtid og døgn, samt at det vert nytta til aktivitetar for vår brukargruppe.

Aktivitetar i Langlobøen:

- Sosialkveld kvar onsdag – open for alle brukargruppene. Ca 10 personar som nyttar seg a dette tilbodet, også heimebuande
- Gruppeaktivitet for tenestemottakarane innanfor heildøgns omsorg

I september 2023 starta vi opp med eit omfattande og ressurskrevjande tenestetilbod til brukargruppa med diagnosar innan rus og psykiatri(ROP). Tilbodet kom etter krav frå helseføretaket, vi gir tilbod innan heildøgns omsorg og ambulerande tenester til denne brukargruppa. Vi ser at dette er ressurskrevjande og krev eit behov for spisskompetanse frå dei tilsette. I Barlia har vi tilpassa turnus til drifta, dette er også naudsynt for at vi skal klare å rekruttere rett kompetanse.

Vi har total 27 vedtak på støttekontakt frå 0-100 år.

Hausten 2025 auka behovet for avlastning for born. Vi har pr i dag 4 barn som mottek avlastningstilbod kvar ettermiddag/kveld i Langlobøen og 1 barn som har avlastning døgn.

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2026**

Dei økonomiske rammene for eininga er stramme. Vi har ingen mogelegheit for å nytte midlar til prosjekt og nytenking.

Vi har pr i dag 6 personar som vert rapportert som ressurskrevjande brukarar i Hab/rehab. Det er vanskeleg å vurdere frå år til år kor mykje vi får i refusjon frå staten for dei ressurskrevjande brukarane, det er difor vanskeleg å budsjettere rett. i budsjettet for 2026 er det gjort eit nedtrekk på 3 mill i refusjonar, dette er erfaringstal frå tidlegare som viser at vi har budsjettert for høgt.

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**
Brukarane av tenester i Hab/Rehab har stor variasjon i funksjonsnivå og hjelpebehov. I Hab/Rehab skal vi gi tenester som er på "rett" nivå til den enkelte brukar. Dei tilsette skal

motivere og hjelpe den enkelte til å meistre å bli mest mogleg sjølvhjelpt i kvardagen. Tenestene vi yt i Hab/Rehab skal vere målbare og konkrete. Den enkelte skal få dei tenester dei har lovmessig krav på. Tenestene vert gitt ut frå behov, kartlegging og funksjonsnivå.
For å utøve tenestene krev det rett kompetanse hos dei tilsette, miljøterapi dreier seg om kartlegging, rettleiing, oppfølging og evaluering av igangsette tiltak. Vi opplever at vi får mindre bistand og hjelp frå helseføretaket i saker no enn tidlegare. Diagnosane med brukarane er meir samansette og komplekse og krev difor meir spissa kompetanse hjå tenesteytarane.

**Nye tiltak innanfor ramme:**

Tenestekontor:

Vi har etablert tenestekontor i Stranda kommune. Dette er eit samarbeid med Pleie og omsorg. Vi har starta med at vi har flytta 60% stilling frå Hab/rehab og 60% frå pleie og omsorg  til tenestekontoret. Dette er eit godt tiltak som fungerar etter planen. Ved å opprette tenestekontor får vi profesjonalisert tenestetildelinga, samt at vi får likebehandling i sakene.

Ambulerande tenester:

Vi har eit auka behov for tenesteyting for personar som bur i private bustadar. Det er viktig at vi for framtida har ressursar til denne tenesteytinga då vi må dreie tenestene frå heildøgnsdrift over til ambulering til brukarane som ikkje er ressurskrevjande og andre som har behov for heildøgnstenester. Dette er også naudsynt med tanke på at vi for framtida vil ha mindre tilgang på fagkompetanse.

Avlastning barn:

Vi ser eit auka behov for denne tenesta. Pr i dag har vi ikkje avsett nok økonomiske midlar til å drifte dette tiltaket. Pr i dag nyttar vi ressursar i gjeldande turnus for resten av eininga, på sikt er dette for sårbart. Vi bør difor til neste års budsjett sette av eigne lønnsmidlar til dette tiltaket.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for innanfor ramme:**

Vi har eit sterkt ønskje om å finne alternative bustadar for brukarane som er busett i Møregata. Dette er eit svært ueigna bygg til tenesteyting og Stranda kommune bør vurdere alternativ for bebuarane snarast råd. Vi har pr i dag leilegheiter fordelt på 4 ulike lokasjonar, dersom vi hadde samlokalisert brukarane kunne vi effektivisert drifta i mykje større grad enn vi klarar i dag.

**Utfordringar:**

Det kan bli vanskeleg å oppretthalde dagens tenestenivå om dei økonomiske rammene vert for stramme. Vi driv ei teneste som er ustabil og lite føreseielege, og ein må ofte iverksette nødvendige tiltak som kan gi auka utgifter.

Vi har stadig nye førespurnader og søknadar på nye brukarar som har rett til tenester frå Hab/rehab, det er difor viktig at vi no startar eit arbeid med å kartlegge omfanget av dette slik at vi i framtida kan tildele bustadar for dei som har behov og rett til heildøgns tenester. Bueiningane vi i dag har fordelt på ulike geografiske områder bør samlast, dette vil føre til effektivisering og betre tenesteyting til den enkelte brukar.

## HELSETENESTA

**Kort skildring av verksemda:**

Helsetenesta skal gje innbyggarane i kommunen nødvendig helsehjelp, både førebyggande og kurativt.
Kommunen skal i tillegg sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendig allmennlegetenester jf. Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 og 3-2 første ledd.

Eininga omfattar:

- Legeteneste, daglegevakt, fastlege og offentleg legearbeid
- Fysioterapiteneste
- Ergoterapiteneste
- Miljøretta helsevern og administrasjon

| | 2022 | 2023 | 2024 | B2025 | B2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 20 | 20 | 20 | 22 | 17 |
| Tal på årsverk | 18,6 | 18,6 | 18,6 | 20,8 | 14,8 |

**Einingsleiarfunksjonen:**

Helsetenesta har einingsleiar i 32% stilling for legekontor og ergo- og fysioterapitenesta i tillegg organisering av dagleg drift av legekontoret. Resterande 68% inngår i hjelpepersonellandelen (bioingeniør) på legekontoret.

**Fysio- og ergoterapi:**

Det er 1 kommunal fysioterapeut og 1 kommunal ergoterapeut i 100 % stilling.

Hovudmålet er å arbeide forebyggande og helsefremmande for bebuarar i alle livsfasar.

Tiltaka har fokuset på å fremje deltaking, meistring og vere mest mogleg sjølvhjelpt i

kvardagen. Ein viktig del av tenesta er også rehabilitering og opptrening både i heim og på

institusjon. Kvardagsmeistring er eit tilbod som ergo- og fysioterapeut driv og som er eit tilbod som

er relatert opp mot dette.

Tidleg innsats blant barn og unge er noko som blir lagt meir vekt på framover.

Kommunen har i tillegg kommunal driftsavtale med 3 fysioterapeutar i privat praksis.

**Legetenesta (Diagnose og behandling):**

Det er 7 fastlegeheimlar og 1 LIS1-lege i 100% stilling. Det er hjelpepersonell tilsvarande 4,68% stilling ved legekontoret. Fastlegearbeid innan somatisk helse, psykisk helse og rus. I dette ligg også daglegevakt/øyeblikkeleg hjelp kvardagar 08:00-16:00, heimebesøk, koordineringsansvar, rettleiing, kvalitetsarbeid og deltaking i tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt. Offentleg teneste med arbeid på sjukeheim, helsestasjon og helsestasjon for ungdom.

**Legevakt**
Stranda kommune har interkommunalt legevaktsamarbeid med både Ålesund og Sykkylven.
Sykkylven kommune er vertskommune for interkommunal legevakt kveld, helg og høgtid for bygdene Hellesylt og Stranda.
Ålesund interkommunale legevakt som dekkjer kveld, helg og høgtid for bygdelaga Liabygda og Geiranger.

Avtalen med Sykkylven kommune har ikkje vorte reforhandla, noko som bør gjerast i 2026.

**Miljøretta helsevern og kommunalt smittevern:**

Skal ha kontroll med ytre faktorar som kan ha innverknad på folk si helse.

Gjennomføring av vaksinering mot m.a. sesonginfluensa og covid-19 til innbyggjarane i

kommunen.

**Premissar for budsjettet 2026:**

Helsetenesta er basert på følgjande lovverk:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov om folkehelsearbeid
- Helsepersonellova
- Pasient- og brukerrettighetslova
- Lov om psykisk helsevern
- Pasientjournallova
- Vergemålsslova
- Samt sentrale retningslinjer og forskrifter (Fastlegeforskrifta, Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene, ikkje uttømmande)

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Helsetenesta arbeider for å finne gode løysingar i utfordringane vi står ovanfor. Vi ynskjer ei solid og god teneste for alle som oppheld seg i kommunen. Det er aukande krav til å yte fleire oppgåver og tilby meir omfattande helsehjelp. Forvaltninga av kommunale legetenester er krevjande, både når det gjeld å ha oppdatert kunnskap om lov- og forskriftskrav og når det gjeld å forvalte regel- og avtaleverk knytt til m.a. fastlegeordninga. I kompetanseforskrifta står det at kommunen skal sikre at fastlegar er spesialistar i allmennmedisin eller er under spesialisering i allmennmedisin (ALIS) og har gjennomført pålagte kurs.

Vi har per i dag 2 spesialistar i allmennmedisin, 4 fastlegar i ALIS-ordning (allmennlege i spesialisering) og ei fastlegeliste utan fastlege. Vi har frå januar 2026 tilsett ein ny fastlege i den ledige heimelen. På "papiret" har vi fastlegar i alle legeheimlane, men på grunn av permisjonar må vi leie inn vikarar også i 2026. Vi har tilsett langtidsvikarar i fleire av stillingane, men vi ser at vi må bruke vikarbyrå for å dekke alle stillingane. Vikarbyrå er dyrare enn å tilsette vikarar.

Vi arbeider kontinuerleg for å gjere kontoret til ein attraktiv arbeidsplass for å behalde kvalifisert personale og rekruttere nye. Dette for å halde på kompetansen og få best mogleg kontinuitet for pasientane. Mangel på kontinuitet rammar spesielt dei kronisk sjuke og ressurssvake pasientane.
Ei aukande aldrande befolkning krev endra behov for legeteneste spesielt med tanke på at dei skal bu lengre heime. I tillegg har kommunen plikt til å yte helsehjelp for alle som

oppheld seg mellombels eller fast i kommunen, som sesongarbeidarar, skuleelevar, turistar og flyktningar. Dette medfører auka press på tenesta.

Legekontoret har dei siste åra auka legeressursane utan at vi har auka andel hjelpepersonell. Det er behov for å styrke hjelpepersonellandelen, men det er heller ikkje i år funne rom til dette i budsjettet. Dette går utover effektiviteten og svekkjer det samla tenestetilbodet. Det er også viktig med stabilt og erfarent hjelpepersonell for å kunne gi fleire og raskare tenester til pasientane.

Legekontoret har i dag eit ueigna lokale til effektiv drift av legekontor. Lokala er utdatert og stettar ikkje krav til universell utforming og personvern. Nytt universelt utforma legekontor er under planlegging og Stranda kommunestyre vedtok i mai 2025 flytting av legekontoret til Øyna 34 (tidlegare COOP-areal). Utforming og tilstrekkeleg areal må sikrast for å unngå flaskehalsar i den daglege drifta og for å ivareta personvernet til pasientane.

Legekontoret vil skifte til nytt journalsystem i løpet av 2026. Journalsystem skal vere meir brukarvenleg både for personale og pasientane.

Ei gruppe har utarbeidd ny legeplan for Stranda kommune, denne blir lagt fram for politisk godkjenning i desember 2025.

Ergo- og fysioterapeut vil i samarbeid med heimetenesta starte opp førebyggande heimebesøk for dei over 80 år i 2026. Dette er eit viktig tiltak i kommunen for å møte den aldrande befolkninga.

Ein aukande del av tenesta til ergoterapeut er tilrettelegging i bustadar med mål om at brukarar skal kunne leve sjølvstendig og trygt i eigen heim lengst mogleg, og kunne halde fram med å bu i eigen bustad etter opphald på korttidsavdeling/sjukehus. Summen av desse tendensane fører til større press på ressursane og dette vil auke i åra framover.

**Velferdsteknologi:**

Kommunen har ei velferdsteknologi-gruppe. Gruppa har mellom anna ansvar for framdrift,  koordinering av teknologi ut i tenestane, vere oppdatert på ny teknologi og sjå moglegheiter for bruk av dette i kommunen. Ergoterapeut en er koordinator og per i dag blir dagleg oppfølging drifta av ressurs tatt ut i frå heimetenesta. Resterande i gruppa har dette som oppgåve i tillegg til ordinær  stilling. For å lukkast med teknologi og for å kunne ta ut gevinst må ein sikre god integrering. Det er auka behov for teknologi i kommunen og dette krev meir ressursar enn ein har i dag.

# 8. KOMMUNALOMRÅDE NÆRING OG TEKNISK

Ansvar 5010, plan, miljø, næring:

- Vakant stilling byggesak teken inn i budsjettet.
- 40 % permisjon i oppmålingsstillinga, men oppretta 100 % fellesstilling med Sykkylven, fordelt 60/40 - Sykkylven/Stranda
- Årleg justering av gebyrsatsane og justert forskrifter.

Det er utfordrande å dekke inn både byggesak, oppmåling og plan i tilstrekkeleg grad med gebyr på tenestene. Byggeaktivitet vil ha mykje å seie for tal på saker – samt størrelsen på gebyra vil til ei viss grad verke inn på talet. Det er ikkje tvil om at dei tilsette er pressa på tid. Den vakante stillinga er derfor teken inn i budsjettet for å auke kapasiteten innan byggesak og tilsyn.

Sykkylven kommune sa ja til samarbeid på oppmålingstenestene, så ei 100 %-stilling har vore operativ frå 1.april 2025 med ei 60/40 % fordeling mellom Sykkylven og Stranda . Stranda kommune har oppmålar med autorisasjon som er fagleg ansvarleg for arbeidet i begge kommunane. Avtalen er løpande, men kan ikkje seiast opp før etter 3 år (1.april 2028), Det kan vere aktuelt å utvide samarbeidet til også å omfatte Fjord kommune.

Ansvar 6010, sjølvkost ( vatn, avløp, renovasjon):

- Sjølvkostområda fyl regelverket med inndekning gjennom gebyr.

Generelt er det etterslep med reinsing avløp og utfordrande med nye reinsekrav. På vatn er det utfordringar med oppgradering av reinsing, tilstrekkeleg magasin og utskifting av gammalt leidningsnett. Spesielt ved utskifting av leidningsnett vil ein kunne oppnå innsparing på drift i framtida. Fokus på etablering av reinseanlegg og vassbehandlingsanlegg som skal stettar stadig strengare krav innan gitte fristar.

Ansvar 6100, veg, park, brann:

- Drift vidareført på same nivå som i 2025
- Arbeider med etablering av "felles parkdrift" for Geiranger

Burde hatt auka midlar til vedlikehald av veg og til auka fokus på park/uteområde , særleg knytt til turisme. Bidreg inn i arbeidet med å etablere ei felles, varig, robust ordning som kan handtere utfordringar med store turistmengder og forventningar om ryddige og reine turistdestinasjonar, særleg med tanke på å løyse utfordringar i Geiranger.

Auke i budsjettramma for drift av gatelys har vore naudsynt for å kome på høgde med faktiske energikostnadar.

Brann og beredskap vert ført under brann. Det har siste åra vore fokus på at Stranda ligg høgt i høve andre kommune – noko som tilseier at vi må ha sterk fokus på økonomien innan feltet framover. Sykkylven kommune vurderer å tre inn i samarbeidet på brann og vi har iverksett samtalar med mål om å få til dette.

Ansvar 7010, vaktmeisterteneste:

- Drift vidareført som i 2025. Ikkje nok midlar til vedlikehald – bygningane fell i verdi.

Svært utfordrande drift – men med meir midlar på investering framover vil ein kunne vere i forkant med tekniske anlegg i staden for å måtte gjennomføre dyre delvise reparasjonar.

| Næring og Teknisk | | Rekneskap | Reg. budsjett | Økonomiplan 2026-2029 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2024 | 2025 | Budsjett 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
| 5010 | PLAN, MILJØ, NÆRING | 4 579 783 | 4 819 384 | 4 845 713 | 4 845 713 | 4 845 713 | 4 845 713 |
| 6010 | Kommunalteknikk - sjølvkostområda | -12 057 644 | -14 723 269 | - 18 198 157 | - 18 198 157 | - 18 198 157 | - 18 198 157 |
| 6100 | Kommunalteknikk - veg, park og brann | 17 130 883 | 15 762 723 | 17 471 434 | 17 471 434 | 17 471 434 | 17 471 434 |
| 7010 | VAKTMESTERTENESTE | 10 219 668 | 9 006 559 | 10 527 141 | 10 527 141 | 10 527 141 | 10 527 141 |
| 7030 | Hus til utleige | -25 008 | 0 | - | - | - | - |
| **5010-7030** | **Næring og Teknisk** | **19 847 682** | **14 865 397** | **14 646 131** | **14 646 131** | **14 646 131** | **14 646 131** |

## PLAN, MILJØ, NÆRING

**Kort skildring av verksemda:**

Eininga omfattar mellom anna sakshandsaming innan næring, miljø, jordbruk, skogbruk, viltforvaltning, plan, kart, oppmåling og byggesak.

Utvikling av årsverk:

| Bemanning | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | B2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 7* | 7* | 7* | 7* | 7* | 8* |
| Tal på årsverk | 6,25 | 6,3 | 6,3 | 6,3 | 6,7 | 7,7 |

* inkl. einingsleiar delt med 6010 og 7010.

Tal på mottekne saker:

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025* |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Byggesaker** | **179** | **217** | **186** | **174** | **227** | **202** | **143** |
| **Plansaker** | **25** | **10** | **18** | **17** | **14** | | |
| **Dispensasjonar** | **44** | **59** | **58** | **43** | **40** | **49** | **34** |
| **Kart/oppmåling** | **49** | **39** | **54** | **57(§PBL)** | **41(§PBL)** | | **24 (§PBL)** |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | **14(§Matr)**<br>**82(Kons)** | **14(§Matr)**<br>**83(Kons)** | **38(§PBL)**<br>**9 (Matr.)**<br>**57 (Kons)** | **9 (Matr)**<br>**49 (Kons)** |
| **Næring, jord, skog** | **233** | **367** | **312** | **296** | **339** | | |
| *KNF* | *18* | *24* | *34* | *39* | *19* | *utgått* | *utgått* |
| *Hoppid* | *3* | *4* | *13* | *5* | *5* | *8* | *4* |
| *Produksjonstilskot* | *87* | 88 | 81 | 82 | 79 | 71 | *77* |
| *RMP* | *53* | *58* | *58* | *52* | *56* | *17* | *43* |
| *Sjukdomsavløysing* | *0* | *1* | *0* | *3* | *5* | *5* | *6* |
| *Drenering* | *4* | *7* | *7* | *5* | *8* | *12* | *11* |
| *SMIL* | *22* | *22* | *12* | *17* | *22* | *26* | *13* |
| *Avlingsskade* | *0* | *3* | *0* | *0* | *0* | *0* | *0* |
| *Jordlovssaker* | *13* | *6* | *3* | *3* | *4* | *1* | *1* |
| *Konsesjonssaker* | *5* | *2* | *4* | *2* | *0* | *3* | *4* |
| *Driveplikt* | *0* | *0* | *0* | *0* | *0* | *1* | *0* |
| *Buplikt* | *1* | *0* | *0* | *0* | *1* | *0* | *0* |
| *Skogsakar/ Nydyrking** * | *1* | *0* | *3* | *2* | *14* | | |
| *Skogsbilveg** * | *1* | *5* | *9* | *10* | *8* | | *8* |
| *NMSK/ Skogfond** * | *20* | *28* | *25* | *20* | *25* | | *22* |
| *Viltsaker* | *5* | *22* | *8* | *12* | *25* | | *24* |
| Verdsarv (2020) | - | *48* | *55* | *44* | *68* | *58* | *55* |

* Pr. 5.11.2025

**Gjeld berre sakar i Stranda kommune. Skogbrukssjef har og ansvar for Fjord og Sykkylven.

Tal godkjende byggemeldingar (tal på brukseining):

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bustad Stranda | 6 (9) | 6 (11) | 5 (11) | 3 (7) | 3 (3) | 3 (3) |
| Bustad Hellesylt | 1 | 1 (1) | 0 | 0 | 0 | 1 (4) |
| Bustad Liabygda | 0 | 2 (2) | 0 | 1 (8) | 0 | 0 |
| Bustad Geiranger | 1 (23) | 1 (1) | 0 | 0 | 0 | 2 (2) |
| Hytte Stranda | 16 (32) | 16 (27) | 10 (10) | 9 (20) | 15 (42) | 10 (10) |
| Hytte Fausadal | 2 (2) | 2 (2) | 2 (2) | 2 (2) | 1 (1) | 0 |
| Hytte Hellesylt | 0 | 1 (1) | 0 | 0 | 0 | 2 (2) |
| Hytte Liabygda | 0 | 0 | 0 | 1 (1) | 1 (1) | 0 |
| Hytte Geiranger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 (1) |

*Pr.5.11.2025

Utleigehytter på camping, tilbygg og anneks er ikkje med i oversikta

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2026**

**Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Eininga har hatt ei vakant stilling på byggesak/plan sidan 2022. Ein har tidlegare ikkje lyst ut stillinga grunna innsparing. Dette har ført til at ein i fleire saker ikkje har greidd å overhalde sakshandsamingsfristar, og difor har tapt gebyr Det har og ført til misnøye i byggebransjen, då det får konsekvensar for deira framdrift. Eininga har heller ikkje hatt ressursar til å ta tak i byggesakstilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak i særleg grad. Eininga treng kompetanse på dette feltet, då det er nærare knytt til juridisk kompetanse enn byggteknisk kompetanse. Den vakante stillinga er foreslått bemanna i 2026.

Vi har stort etterslep på oppdatering og vedlikehald av kartdata, særleg opp mot matrikkeldata og plankart. Kartverket har påpeika dette i fleire høve til eininga. Det er von om ei betring i 2026 med tilsetting i felles stilling med Sykkylven kommune. Noko som vil utlikne permisjonen i 40 % som den eine tilsette fortsatt har.

Stranda kommune er ansvarleg for ein del oppgåver gjeldande tilskott i verdsarvområdet. Dette arbeidet låg til Fylkesmannen i M&R fram til og med 2019. Stranda må handsame saker også i Fjord kommune i dette saksfeltet, førebels utan kompensasjon. Noko ein vil forsøke å endre på i løpet av 2026

Næringsutvikling i form av forvalting og sakshandsaming av Hoppid-midlar og tidlegare kommunalt næringsfond har også leie til eininga.  Ein nyttig tilvekst i næringsutvikling er "Denne Stranda" som vil overta handsaming av Hoppid-midlar i 2026.

**Nye tiltak innafor ramme:**

- Styrking av byggesakshandsaming og tilsyn ved utlysing av vakant stilling

## KOMMUNALTEKNIKK – SJØLVKOST

**Kort skildring av verksemda:**

Drift og vedlikehald av kommunale vassverk og reinseanlegg for avløp, samt tilhøyrande infrastruktur. Brannførebygging feiing og tilsyn. Slamtømming og hushaldningsrenovasjon levert via ATTVIN.

| Bemanning | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal på tilsette | 16 (54*) | 18 (56*) | 13* | 13 | 13* |
| Tal på årsverk | 16,84 | 16,86 | 8,96 | 8,18 | 8,18 |

* inkl. einingsleiar delt med 5010 og 7010. Fleire stillingar også delt med ansvarsområde 6100 – Kommunalteknikk eks SJØLVKOST.

Kommunale leidningar i meter og tal anlegg:

| | 2023 | 2024 |
|---|---|---|
| Vassleidning | 97 083 | 99 538 |
| Vassleidning eternitt | 6 948 | 6 741 |
| Avløpsleidning | 56 473 | 55 494 |
| Overvassleidning | 23 213 | 25 457 |
| Drensleidning | 6 687 | 8 656 |
| Vassanlegg | 3 | 3 |
| Reinseanlegg/silanlegg | 2 | 2 |

**Utfordringar:**

Store utbyggingar av anlegg innan vatn og avløp  er i gang. Dette føljer av krav og forventningar frå mellom anna Mattilsynet og Statsforvaltaren i M&R, samt innføring av nytt avløpsdirektiv  vedteke i EU-parlamentet . Særleg det siste vil ha stor innverknad på

Stranda kommune sine avløpsanlegg der reinseanlegg på Hellesylt og nytt reinseanlegg på Stranda er under prosjektering.

Mattilsynet har krevd større reintvasskapasitet i Geiranger innan mai 2026 og nytt vassbehandlingsanlegg innan 2028 og at ein ser på utbetring av hygieniske barrierar ved vassbehandlingsanlegget på Stranda.

Dette vil ikkje føre til auke i driftsbudsjettet til kommunen, då alt skal dekkjast innanfor sjølvkost, . Det er eit spørsmål om kor høgt ein kan sette gebyra før det vert for mykje for folk flest.

Fokus på målretta vedlikehaldsplanar og investeringsplanar for prioritering av kortsiktige og langsiktige utbetringar saman med gode beredskapsplanar og beredskapsøvingar vil vere med på å  trygge gode tenester innan vatn og avløp framover.

**Utdrag frå Momentum sin gjennomgang av gebyr hausten 2025:**

Generelle føresetnadar

Kalkylerenta er anslått å bli 4,42 % i 2026. Budsjettet er utarbeidet den 9. september 2025. Tala for 2024 viser endeleg etterkalkyle, tala for 2025 er prognostiserte verdiar, medan tala for 2026 til 2029 er budsjett-/økonomiplan.

Gebyrutvikling for vatn, avløp, renovasjon og feiing

Frå 2025 til 2026 foreslår ein samla gebyrauke på rundt 7,5 %, der avløp aukar mest i prosent med 12,1 %. I perioden 2024 til 2029 aukar samla gebyr med kr 7 057, fra kr 15 876  i 2024 til kr 22 933  i 2029. Dette tilsvarar ein gjennomsnittleg årleg gebyrauke på 7,6 %. Gebyreksempla for vatn og avløp er basert på eit årleg vassforbruk på 150 kubikkmeter. Gebyrsatsane er inkl. Mva. Det må leggast til at meirverdiavgiftssatsen for vatn og avløp inkl. Slam vart sett ned frå 25 % til 15 % f.o.m. 1.juli 2025




## KOMMUNALTEKNIKK EKS SJØLVKOST

**Kort skildring av verksemda:**

Drift og vedlikehald av kommunale vegar, grøntanlegg og parkar. Brannberedskap i samarbeid med Fjord kommune.

Utvikling av årsverk:

| Bemanning | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|
| Antall tilsette | 16 (54*) | 18 (56*) | 49* | 49* |
| Antall årsverk | 16,84 | 16,86 | 7,34 | 7,07 |

* inkl. brannmannskap

**Premisser for budsjettet 2026**

Kommunale vegar i meter

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Grus | 31 900 | 31 900 | 31 435 | 30685 |
| Asfalt | 44 900 | 44 900 | 46 333 | 47083 |

Brann

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024* |
|---|---|---|---|---|---|
| **Utrykkingar totalt** | **49** | **70** | **78** | **80** | **56** |
| *Unødige utrykkingar* | *22* | *30* | 31 | 11 | 2 |
| *Trafikkulykker* | *8* | *9* | 11 | 13 | 8 |
| *Brann* | *4* | *3* | 3 | 4 | 9 |
| *Pipebrann* | *0* | *1* | 0 | 0 | 2 |
| *Bilbrann* | *1* | *0* | 2 | 1 | 1 |
| *Gras/skogbrann* | *0* | *0* | 0 | 0 | 1 |
| *Brannhindrende tiltak* | *1* | *2* | 0 | 6 | 3 |
| *Helseoppdrag/MDVP* | *1* | *4* | 4 | 13 | 5 |
| *Bistand helse* | *4* | *6* | 7 | 8 | 6 |
| *Akutt forureining* | *0* | *0* | 1 | 0 | 2 |
| *Dykkar/drukning* | *1* | *0* | 1 | 2 | 0 |
| *Annet* | *7* | *16* | 20 | 22 | 17 |

*pr. 04.11.2024

**Økonomisk ramme og konsekvenser av budsjett 2026**

Ansvarsområde brann:

Mannskap Fjord og Stranda (totalt 96 stk. I hovudsak deltidsstillingar). Mannskapet ved brannstasjonane er tilsett i dei kommunane dei høyrer til i.

- Fjord kommune: Stordal, Valldal og Eidsdal brannstasjonar (54 tilsette).
- Stranda kommune: Stranda, Geiranger og Hellesylt brannstasjonar (42 tilsette).

Branninspektør, brannmeister og brannsjef er tilsett i Stranda kommune og dekkjer både Fjord og Stranda kommune gjennom eit oppgåvesamarbeid jf. Kommunelova. Stranda fakturerer Fjord for dette. Stranda dekkjer utgifter for lager til Sivilforsvarets fredsinnsatsgruppe (FIG) som dekkjer Sykkylven, Stranda og Fjord kommune.

Brann- og redningsvesenet har tatt i bruk fagsystemet/internkontrollsystemet Bliksund/GRID som verktøy for å halde oversikt over øvingar, kompetanse, vedlikehald utstyr, eksponeringsregister, køyretøy, hendingsrapporter m.m.

Feiarvesenet har sidan 2023 nytta fagsystem (Komtek brannforbygging).

Brannsamarbeidet jobbar for at opplæring, øvingar, førebygging og beredskapsoppgåver vert utført på mest mogleg lik måte i både Fjord og Stranda. Ein ser allereie med dei 6 heile stillingane (feiarar/brannforebyggarar, brannmeister, branninspektør og brannsjef) at ein har skapt ei faggruppe som gir kommunane, verksemdene og innbyggarane betre tenester enn ein har klart tidlegare. Kommunane er også meir "robust" med tanke på fråvær, når ein har tilsette som kan dekkje fleire fagfelt.

Førebyggande oppgåver:

Tilsyn særskilde brannobjekt i Fjord og Stranda, til saman ca 100 stykk.

Tilsyn og feiing (stillingane knytt til dette arbeidet ligg under sjølvkostområdet):

-Stranda: ca.870 fritidsbustadar og ca.1900 bustadar

-Fjord: ca.1050 fritidsbustadar og ca.1500 bustadar

Opninga av det nye beredskapssenteret i Geiranger som husar «blålysetatane» markerte ein ny milepæl innan beredskap. Brannmannskap blir i stadig større grad kalla ut til alle formar for ulykker, og må takle langt fleire krevjande oppgåver. Oppgåver som også krev meir øving.

Mål for verksemda 2026:

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Vidareutvikle samarbeidet med Fjord kommune innan brannvern, eventuelt også utvikle eit samarbeid med Sykkylven kommune. |

**Veg/park**

**Utfordringar:**

Bemanning som ikkje er knytt til sjølvkost er svært låg innfor områda veg og park. Stadig bruk av tilsette/lønnsmidlar for å oppretthalde nødvendig driftsnivå/kvalitet/kapasitet innafor områda som ikkje er lagt under sjølvkost. Det går både på arbeidsoppgåve innafor sakshandsaming og oppgåve ute på drift. Her vert det stadig nytta personell som er lønna frå VAR områda. Dette gir likevel også ein fleksibilitet – og lønn internt flytta for korrekt føring i rekneskap. Eit tiltak under arbeid er betre timeregistrering på arbeidstid og utstyr som faktisk vert nytta på dei ulike tenesteområda ved overgang til timesystemet VISMA tid.

Vedlikehald av gatelys har vore svært lågt budsjettert noko som aukar etterslepet og fleire defekte lyspunkt oppstår. Enkelte anlegg krev store investeringar for å få dei funksjonsdykte og innfri den tekniske standar som blir krevt.

Tømming av sandfang er også ei oppgåve som det ikkje har vore midlar til på fleire år.

Drift av park og anlegg i Stranda, særleg knytt til Geiranger og Hellesylt som turistdestinasjonar, er svært utfordrande. Det er eit enormt gap mellom den tenesta som vi har moglegheit til å levere utifrå økonomiske ramme, og det som er forventa/ønska av kommunen/innbyggarar/turistar på dette området. Det er behov for ekstra bemanning gjennom sommarsesongen.

Også utfordrande å ha midlar nok til vedlikehald av aldrande utstyr til drift av vegar, gatelys og park.

## VAKTMEISTERTENESTE

**Kort skildring av verksemda:**

7010 - Vaktmeistertenesta: Drift og vedlikehald av kommunale skular, barnehagar, omsorgssenter og idrettshall med tilhøyrande uteareal. I tillegg hjelper vi i stor grad med brukartenester inn i einingane.

Utvikling av årsverk:

| Bemanning | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Antall tilsette | 6* | 6* | 5* | 5* | 5* |
| Antall årsverk | 4,45 | 4,4 | 4,2 | 4,2 | 3,7 |

*Inkl. einingsleiar. Delt med 5010 og 6010.

**Økonomisk ramme og konsekvensar av budsjett 2026**

Vaktmeistartenesta har framleis eit stort etterslep på vedlikehald , og prioriterer drift og reperasjon av øydelagt anlegg/utstyr samt daglege driftsoppgåver.  Bemanninga ligg på minimum for å handtere naudsynte oppgåver, samstundes som eininga yter brukartenester til andre einingar. Det finst per i dag ikkje vaktordning utanom ordinær arbeidstid, noko som skaper utfordringar spesielt for bygg med heildøgns drift.

**Tiltak og effektivisering**

Eininga har innført energiovervaking og optimalisering av SD-anlegg, registrering av vassforbruk kvar veke, reforhandla renovasjonsavtaler og nyttar intern kompetanse framfor innleigde ventilasjons- og el-tjenester. Fossilfrie bilar bidreg til reduserte driftskostnadar, medan felles leverandør for kontrollar og service gir meir effektiv drift og betre oversikt over vedlikehaldsbehov.

**Konsekvensar**

Kostnadssparande tiltak har hatt positiv effekt, men reparasjons- og vedlikehaldsbehovet har vore større enn innsparinga. Driftsnivået ligg på eit minimum, noko som kan skape utfordringar for brukarar.